

Talemålsutvikling i Valle

Korleis utviklar talemålet seg til elevar frå 5.-10. klasse på Valle skule anno 2023?

KRISTIAN THAULE

RETTLEIAR
Magnhild Selås

Universitetet i Agder, 2023
Fakultet for humaniora og pedagogikk
Institutt for nordisk og mediefag

FØREORD

Etter fem år på grunnskulelærerutdanning 5.-10. på UiA Kristiansand er eg no ved vegs ende. Det har vore eit utruleg omfattande og lærerikt arbeid å vere masterstudent. Endeleg har eg verkeleg fått fordjupe meg i noko som er ein viktig del av min identitet og noko som interesserer meg, nemleg vallemålet. Gjennomføringa av eit slikt prosjekt hadde eg ikkje klara utan hjelp av andre. Med dette er det fleire eg unner ei stor takk.

For det fyrste må eg takke Magnhild Selås. Det å ha hatt Magnhild til rettleiar har vore utruleg trygt og godt. Hennar kunnskap og innspel om talemålsutvikling, vallemål og mykje anna har vore gull verdt. Sidan me begge to har travle timeplanar har me etter beste evne fått til å møtast med jamne mellomrom, noko som har sikra at eg har kome i hamn med oppgåva. Takk for det Magnhild! Det blir sær spennande å fylgje med på di vidare forsking kring vallemålet.

Eg må au rette ein stor takk til rektor på Valle skule Marit Jaabæk Brokke. Det har vore godt å ha ein sjef i ryggen som har hatt stor tru på prosjektet og lagt til rette for gjennomføring av intervju. Takk Marit for god hjelp ved utsending av samtykkeskjema.

Ein takk fortener au kollegaane mine på Valle skule som har latt meg gjennomføre intervju av elevar i deira timar. Med dette må eg au takke elevane som tok seg tid til å vere med på intervju. Deira talemål, tankar og refleksjonar har gitt meg empiri som kunne forskast på. Dykk er gode! Takk så mykje for det.

Til slutt på eg takke Marcus for tolmod, støtte og motivasjon i eit hektisk semester der me baa har hatt mykje å gjere som avgangsstudentar.

Eg håper oppgåva kan vere av interesse for fleire. Dette kan vere om ein har interesse for vallemålet og talemålsendingar, er framtidig masterstudent, eller forhåpentlegvis vil forske vidare på det flotte og særmerkte vallemålet.

Valle, mai 2023

Kristian Thaulé

Innhald

FØREORD	2
Innhald.....	3
Oversikt over kart, tabellar, figurar og diagram.....	9
1. Innleiing	10
1.1. Bakgrunn og motivasjon for masteroppgåva.....	10
1.2. Forskingsspørsmål	10
1.3. Profesjonsretta og praksisnær talemålsforskning	11
1.4. Transkripsjon i oppgåva	12
1.5. Oppbygging av oppgåva.....	12
2. Valle	13
2.1. Innleiing.....	13
2.2. Geografi.....	13
2.3. Topografi	14
2.4. Historie	14
2.5. Folketal	16
2.6. Skule og utdanning	17
2.7. Kultur.....	18
2.8. Kart.....	19
3. Om vallemålet	20
3.1. Fonologi.....	20
3.1.1. Diftongar	20
3.1.2. <i>ll-dd</i>	21
3.1.3. Palatalisering i innlyd.....	21
3.1.4. Vokal + <i>l</i> + konsonantsamband.....	21
3.1.5. <i>kv</i> i framlyd for <i>hv</i>	22
3.2. Morfologi.....	22

3.2.1.	Substantiv	22
3.2.2.	Dativ	23
3.2.3.	Adjektiv	23
3.2.4.	Svarabhaktivokal	24
3.3.	Leksikalsk	24
4.	Teori	25
4.1.	Faghistorisk sammenheng	25
4.1.1.	Dialektologi	25
4.1.2.	Sosiolingvistikk	26
4.1.3.	Penelope Eckert - Dei tre sosiolingvistiske bølgiene	27
4.1.4.	Plassering av mitt prosjekt innan forskningstradisjonen	28
4.2.	Tidlegare forskning på vallemålet	28
4.3.	Talemålsendring	31
4.3.1.	Indre faktorar	31
4.3.2.	Ytre faktorar	33
4.3.3.	Samverkande faktorar	35
4.4.	Talemålsspreiing	35
4.4.1.	Innovasjon	35
4.4.2.	Spreiing	36
4.4.3.	Etablering	36
4.4.4.	Gjennomført endring	36
4.4.5.	Bølgjeteorien og S-kurva	37
4.4.6.	Sentrumshopping	38
4.5.	Talemålsvariasjon	38
4.5.1.	Interindividuell og intraindividuell variasjon	38
4.5.2.	Akkommodasjon, konvergens og divergens	39
4.5.3.	Sjibbolet	39

4.6.	Talemålsutvikling	40
4.6.1.	Dialektnivellering	40
4.6.2.	Regionalisering	40
4.6.3.	Standardisering	41
4.6.4.	Kodeveksling	41
4.6.5.	Bidialektisme	42
4.6.6.	Dialektkontinuum i Valle	42
4.7.	Språkleg identitet	43
4.7.1.	Identitetsomgrepet	44
4.7.2.	Forming av identitet – Tilpassingsteori og sosial nettverksteori.....	44
5.	Metode.....	46
5.1.	Kvantitativ, kvalitativ eller metodeblanding?	46
5.1.1.	Kvantitativ metode	46
5.1.2.	Kvalitativ metode	47
5.1.3.	Metodeblanding.....	48
5.2.	Metodisk framgangsmåte	48
5.2.1.	I kor stor grad ligg vallemålet til elevane innmed det tradisjonelle vallemålet? 49	
5.2.2.	Kva slags grunnar ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front?	49
5.2.3.	Er det teikn til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt?	49
5.2.4.	Kva er grunnane til at elevar med vallemål i nære relasjonar (foreldre og søsken) ikkje sjølv nyttar seg av vallemålet?	50
5.3.	Utval av informantar.....	50
5.4.	Utval av språklege variablar	52
5.4.1.	Fonologisk	53
5.4.2.	Morfologisk	55
5.4.3.	Leksikalsk.....	55
5.5.	Sosial variabel: Kjønn	56

5.6.	Utval av spørsmål til intervju.....	57
5.6.1.	Informantgruppe 1.....	57
5.6.2.	Informantgruppe 2.....	58
5.7.	Gjennomføring av intervju	60
5.8.	Arbeid etter intervju.....	61
5.9.	Reliabilitet og validitet	61
5.10.	Etiske omsyn.....	63
6.	Presentasjon av funn.....	64
6.1	Informantgruppe 1	64
6.1.1.	Vallemålstilhøvet på Valle skule.....	65
6.1.2.	Snakkar foreldra dialekt?	65
6.1.3.	Sosial variabel: Kjønn	66
6.1.4.	Diftongering	66
6.1.5.	<i>ll-dd</i>	67
6.1.6.	Framlyd av pronomenet « <i>kven</i> »	67
6.1.7.	Bortfall av <i>l</i> før konsonantar	68
6.1.8.	Palatal uttale av <i>k</i> og <i>g</i> i innlyd	69
6.1.9.	Omlydsvokal, sterke verb presens singular	69
6.1.10.	Svarabhaktivokal	70
6.1.11.	Personleg pronomener 1. person eintal.....	71
6.1.12.	Personleg pronomener 1. person fleirtal.....	72
6.1.13.	Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	73
6.1.14.	Kvifor har akkurat du halde på vallemålet når andre i klassen ikkje gjer det?...	74
6.1.15.	Kva tankar har du om eiga dialekt?	75
6.1.16.	I kva grad føler du at du snakkar vallemål?.....	75
6.1.17.	Er det nokon situasjonar der du forandrar på dialekta di?	75

6.2.	Informantgruppe 2	76
6.2.1.	Kven av foreldra snakkar vallemål?.....	77
6.2.2.	Sosial variabel: Kjønn	77
6.2.3.	Kvifor trur du at det er slik at du ikkje snakkar vallemål?.....	77
6.2.4.	Kven er det som har påverka måten du snakkar på?	77
6.2.5.	Føler du at det er synd at du ikkje snakkar vallemål eller har du ikkje nokre tankar om det?	78
6.2.6.	Kva dialekt føler du at du har då?	78
6.2.7.	Er det nokre gonger du prøver å snakke vallemål?	79
6.2.8.	Snakka du vallemål som liten?.....	79
7.	Drøfting	80
7.1.	I kor stor grad ligg vallemålet til elevane innmed det tradisjonelle vallemålet?.....	80
7.2.	Kva slags grunnar ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front?.....	83
7.3.	Er det teikn til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt?.....	88
7.4.	Kva er grunnane til at elevar med vallemål i nære relasjonar (foreldre og søsken) ikkje sjølv nyttar seg av vallemålet?	89
7.5.	Felles funn	92
7.6.	Vidare forskning	92
8.	Oppsummering	93
8.1.	Informantgruppe 1	94
8.2.	Informantgruppe 2	96
8.3.	Til slutt.....	97
	Litteraturliste	98
	Samandrag	105
	Summary	107
	Vedlegg	109
	Vedlegg 1 – Samtykkeskjema på Visma flyt skole.....	109

Vedlegg 2 – Ekstra informasjonsskriv om innsamlinga	109
Vedlegg 3 – Intervjuguide informantgruppe 1	113
Vedlegg 4 – Intervjuguide informantgruppe 2.....	117
Vedlegg 5 – Godkjenning frå NSD	118
Vedlegg 6 – Resultat informantgruppe 1 – Transkribering frå mellomsteget	121
Vedlegg 7 – Resultat informantgruppe 1 – Transkribering frå ungdomsteget.....	122
Vedlegg 8 – Resultat informantgruppe 2 – Transkribering frå mellomsteget	126
Vedlegg 9 – Resultat informantgruppe 2 – Transkribering frå ungdomsteget.....	127

Oversikt over kart, tabellar, figurar og diagram

Kart 1: Valle kommune innanfor den sørlege delen av Sør-Noreg

Kart 2: Nærare kart av Valle kommune med enkelte grendelag

Tabell 1: Bøying av substantiv i vallemål

Tabell 2: Bøying av adjektiv i vallemål

Tabell 3: Endringsprosent av språklege variablar

Figur 1: Vokalsystemet i vallemål saman med det norrøne

Figur 2: Prosessen for språkending

Figur 3: S-kurva

Figur 4: Dialektkontinuum mellom vallemål, regionalt mål «indre agdersk» og standardaustlandsk

Diagram 1: Snakkar foreldra vallemål?

Diagram 2: Diftongering

Diagram 3: *Fjøddi* eller *fjellet*

Diagram 4: *Vidde* eller *vidde*

Diagram 5: Framlyd av pronomenet *kven*

Diagram 6: Bortfall av *l* før konsonantar

Diagram 7: Palatal uttale av *k* i innlyd

Diagram 8: Palatal uttale av *g* i innlyd

Diagram 9: Omlydsvokal, sterke verb presens singular – *Veks*

Diagram 10: Omlydsvokal, sterke verb presens singular – *Tek*

Diagram 11: Svarabhaktivokal – *Fine*

Diagram 12: Svarabhaktivokal – *Heste*

Diagram 13: Svarabhaktivokal – Samla resultat

Diagram 14: Personleg pronomen 1. person eintal

Diagram 15: Personleg pronomen 1. person fleirtal

Diagram 16: Nektingsadverbet *ikkje*

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn og motivasjon for masteroppgåva

Eg har leikt med tanken om å gjennomføre ei undersøking av talemålsutviklinga i Valle i nokre år no. Eg har vakse opp i nærleiken av Valle sentrum. Her har eg gått i barnehage, samt 10 år på grunnskule. Det viktigaste av alt – eg nyttar meg sjølv av vallemålet. Eg ser på dialekta mi som ein viktig del av min identitet. Eg har personleg sett på dialekta mi som noko eg er stolt av. Det er eit særpreg som har vore moro å delte i ulike samanhengar. Samstundes kan det også by på utfordringar med at eg held tilbake på dialektbruken i mange settingar. Eg mislik at folk frå andre stader med andre dialekter slit med å forstå meg. Å kombinere eit sterkt ynskje om å verne dialekta samtidig som ein må leggje om målet for å bli forstått har vore dilemma som ikkje berre eg, men mange andre sambygdingar med vallemål har kjent og framleis kjenner på.

Gjennom grunnskulelærerutdanninga 5.-10. på Universitetet i Agder falt valet på norsk som det faget eg verkeleg skulle fordjupe meg i. Mykje av grunnlaget bak dette valet hadde sin bakgrunn i mi interesse for dialektar. For å fullføre utdanninga må eg skrive ei avsluttande masteroppgåve. Valet av tema blei då naturlegvis innanfor sosiolingvistikken og dialektologien. Det å undersøke ei talemålsutvikling på både eigen heimstad, tidlegare skule og arbeidsplass er noko som er sær spennande. Dette gjeld ikkje berre for eigen del, men eg ser føre meg at det kan vere av interesse for elevar, føresette, mållag, innbyggjarar i kommunen både i Valle og i resten av Setesdal, lingvistar, framtidige masterstudentar og andre språkinteresserte. Dette er med på å auke motivasjonen min for å fullføre masteroppgåva mi.

1.2. Forskingsspørsmål

Med å gjennomføre dette masterprosjektet er det fleire ting eg håpar på å setje ljøs på, og å finne ut. Då er det ikkje råd å formulere ei spesifikk og spissa problemstilling. Tittelen på masteroppgåva nemner korleis talemålsutviklinga er for elevar frå 5. til 10. trinn på Valle skule. Dette er ikkje ei problemstilling, men ei formulering over kva oppgåva overordna handlar om. Dialektutvikling kan romme mykje, og det er difor eg vel å nytte meg av fire forskningsspørsmål som skal setje ljøs på oppgåveformuleringa. Forskingsspørsmåla er som følgjande:

- I kor stor grad ligg vallemålet til elevane innmed det tradisjonelle vallemålet?
- Kva slags grunnar ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front?
- Er det teikn til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt?
- Kva er grunnane til at elevar med vallemål i nære relasjonar (foreldre og søsken) ikkje sjølv nyttar seg av vallemålet?

Hovudmålsetnaden til oppgåva er å undersøke talemålsutviklinga hjå informantane mine. Med dette må eg blant anna få eit innblikk i korleis dialekta til dagens skuleelevar som snakkar vallemål har endra seg i høve til det tradisjonelle vallemålet. Dette tek utgangspunkt i det fyrste forskingsspørsmålet.

Det andre forskingsspørsmålet dreier seg om kva slags grunnar som ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front. Dette er ein realitet som kjem fram gjennom tidlegare forskning på vallemålet, og som au vil prege denne oppgåva. Eg vil dermed prøve å konkretisere kva slags grunnar ein har i 2023 til at vallemålet forsvinn frå elevane i 5.-10. klasse på Valle skule.

Etter å ha sett på tilstanden til informantane (elevane) sitt vallemål, vil eg sjå om det kan vere tendensar til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt. Då tenkjer eg i høve til ungdomstrinn og mellomtrinn samt sosiale variablar som kjønn. Om det viser seg å vere teikn til dette vil eg prøve å forklare årsakene til det.

For å spele vidare på dette med at vallemålet mistar fotfestet i klasseroma på Valle skule må ein au sjå på dei elevane som ikkje nyttar seg av denne dialekta til vanleg. Kvifor har det seg slik at dei ikkje snakkar vallemål når tilhøve i heimen har lagt til rette for dette? Ved å stille dette forskingsspørsmålet kan eg undersøke kvifor elevar med foreldre og søsken som snakkar vallemål, ikkje sjølv snakkar denne dialekta.

1.3. Profesjonsretta og praksisnær talemålsforskning

Hovudmålsettinga til oppgåva er å undersøke talemålsutviklinga frå 5-10 klasse på Valle skule. Denne empirien hentar eg ved bruk av intervju av elevane på skulen som eg sjølv er norsklærer på. På denne måten legg intervju opp til at elevane må reflektere kring eige og

andre sitt talemål. Dette er særst relevant då ein kan knyte denne refleksjonen til læreplanen i norsk. Etter 7. trinn skal elevane både kunne «sammenligne talespråk i nærmiljøet med andre talespråkvarianter i Norge og med nabospråk» samt å «utforske og reflektere over sammenhengen mellom språk og identitet». Etter 10. trinn handlar målet om å «utforske språklig variasjon og mangfold i Norge og reflektere over holdninger til ulike språk og talespråkvarianter» (Kunnskapsdepartementet, 2019). Ved å knyte læreplanmål til talemålsforskning er dette med på å forankre oppgåva som profesjonsretta og praksisnær.

1.4. Transkripsjon i oppgåva

I oppgåva har eg gjennom intervju tatt lydopptak av samtalen med informantane mine. Då må eg legge føringar for korleis eg skal overføre tale til skrift. Av omfanget til oppgåva har eg ikkje hatt fokus på å transkribere med bruk av fonetiske teikn. Eg har hovudsakleg brukt vanleg ortografi. Sidan eg har to informantgrupper nyttar eg meg av forskjellig tilnærming til ortografien. Når det kjem til den fyrste informantgruppa transkriberer eg så nære talemålet som mogleg, utan å nytte meg av fonetiske teikn. Med dette balanserer eg behovet for å få eit tilgjengeleg materiale med god lesbarheit samstundes som eg får tydeleggjort uttalen. I den andre informantgruppa transkriberer eg ikkje like nære talemålet, men eg har eit større fokus på å transkribere nynorsknært. Her har eg ikkje fokus på det språklege, men på innhaldet. Dermed var transkriberinga gjort på ein måte som fekk fram kva informantane sa, og ikkje korleis dei sa det.

1.5. Oppbygging av oppgåva

Masteroppgåva er delt inn i åtte kapittel. Etter innleiinga vil eg i det andre kapitlet presentere staden for undersøkingane, nemleg Valle kommune. Vidare kjem eit kapittel om vallemålet (kapittel 3). Dermed kjem teorikapitlet (kapittel 4) og metodekapitlet (kapittel 5). Funna mine frå undersøkinga av bae informantgruppene blir presentert i kapittel 6. Dette blir drøfta med aktuell teori for å svare på forskingsspørsmåla i kapittel 7. Det siste kapitlet er til oppsummering knytt til kvar informantgruppe. Etter litteraturlista finn ein samandrag av masteroppgåva på norsk og engelsk. Ni vedlegg knytt til gjennomføringa av oppgåva ligg til slutt.

2. Valle

*Fjelli i vest stend som storslegne murar,
lauvtunge lier seg kviler i aust.
Otra i dalbotnen brusar og durar,
sullar og syng både sumar og haust
Åkrar, - og – ækror og gardar og tun,
her ligg og heimen min solvarm og lun*

Torjus Åkre

Slik blir bygda Valle skildra i tredje vers av songen *Valle min heimstad* av Torjus Åkre (1897-1990) (Åkre, 1962, s. 25). Songen kan bli rekna som «nasjonalsongen» til Valle. Vidare i kapittelet vil eg skildre kommunen som er det geografiske området dialekta vallemål høyrer til.

2.1. Innleiing

Valle kommune er ein av dei øvste kommunane i Agder fylke. Før fylkessamanslåinga i 2020 høyrde kommunen til Aust-Agder fylke. I dette kapittelet vil eg skildre geografi, topografi, historie, folketal, utdanning og kultur. Eg vil au leggje ved kart over kommunen. Dette er tilhøve som har vore med på å seie noko om vallemålet som dialekt og utviklinga den har vore gjennom. Kapittelet vil dermed fungere som eit bakteppe for granskinga av dialekta.

2.2. Geografi

Valle kommune har eit areal på 1130 km². Den grenser til Bykle i nord. I aust ligg kommunane Tokke og Fyresdal i Telemark og Vestfold fylke. Bygland er grannekommune i sør. Vestover ligg Sirdal som var ein del av Vest-Agder fylke før samanslåinga. Valle blei i 1962 slått saman med Hylestad kommune i sør (Ryningen, 1987, s. 7).

Desse to delane er enno eigne kyrkjesokn med sine eigne kyrkjer. Sjølve kommuneadministrasjonen og dermed au sentrumet av kommunen ligg i grenda Valle. I Hylestad sokn er det Rysstad som er sentrum. Valle kyrkje er frå 1844 medan Hylestad kyrkje er frå 1839 (Den norske kyrkja, u.å.). Mellom dei to kyrkjene er det omtrent 15 minutt med køyring. Frå Besteland i sør til Oveinang i nord er riksveg 9 i underkant av fire mil lang

(Google Maps, 2022). Suleskardvegen (Fylkesveg 45) går på tvers av kommunen frå Sirdal i vest til Tokke i aust.

Valle er den midtarste kommunen i dalføret Setesdal. Gjennom kommunen renn elva Otra. Med sine 245 kilometer er dette Agders lengste elv. Den renn til slutt ut i Kristiansand (Heggstad & Thorsnæs, 2023).

2.3. Topografi

Otra svingar seg i lag med dalføret gjennom kommunen og delar den i to frå nord til sør. I Valle ligg Otra på 300 moh (www.norgeskart.no, a). På veg nedover til Rysstad i sørlege delar av kommunen ligg elva på 242 moh (www.norgeskart.no, b). Dalbotnen er for det meste flat. Det blei dermed dyrka ein del korn i Valle (Jansen & Ryningen, 1994a, s. 241). Slik Torjus Åkre tidlegare har skildra, er det stupbratte fjell til langstrakte lier på båe sider av elva som strekk seg opp mot dei store heieområda kring dei to grendene (Åkre, 1962, s. 25).

I vest ligg Setesdal Vesthei med vide vidder, større vatn og høgare fjell. På grensa mellom Sirdal og Valle ligg Urdalsknuten med sine 1434 meter over havet (Thorsnæs og Lauritzen, 2022). På grensa mot vest ligg kommunens største innsjø Roskreppfjorden. Denne er oppdemt og produserer kraft for Sira-Kvina kraftselskap (Sira-Kvina kraftselskap, u.å.).

Valle Austhei er prega av å vere ein mellomting mellom høge heieområde i nordaustlege delar av kommunen og uryddig landskap med større og mindre vatn og langstrakte lier lengre sørover. Fjella i aust er meir kuperte og strekk seg ikkje like høgd som i vest. Dei fleste fjelltoppane i dette området ligg på rundt 1100-1300 moh (www.norgeskart.no, c).

2.4. Historie

Historiedelen tek føre seg teikn på busetnad i kommunen frå «tidenes morgon», dvs. etter istida og framover i tida. Menneska i Setesdal har frå gammalt av ført handel og hatt kontakt med andre menneske utanfor dalen (Jansen, 1994a, s. 274). Denne historia pregast av korleis vegane til og frå bygdene Valle og Hylestad har vore med på å gradvis opne dalen for omverda. Dette fører au med seg at dialekta har fått utvikle seg heilt fram til våre dagar. Dermed er historiedelen eit relevant bakteppe med tanke på talemålsutviklinga i kommunen.

Det er gjort funn frå heiene både i vest og aust i kommunen som tyder på at det har vore menneskeleg aktivitet i eldre steinalder rundt år 5000 fvt. (Jansen, 1994a, s. 19). Larsen viser korleis det er gjort fleire funn heilt aust i kommunen, ved Straumsfjorden og i Finndalen på Austheia (Larsen, 1981, s. 8). Nede i sjølve dalføret er det au funn frå steinalderen. Funna er gjort i Valle, Brokke, Rysstad og Helle (Jansen, 1994a, s. 19-20). Jansen nemner au at heile Setesdal kan ha vore isfri ein gong mellom 6-7000 år fvt. (ibid, s. 15).

Det har blitt gjort ein heil rekkje med funn frå jernalderen i kommunen. Bronse, perler av glas, spyd, økser, sverd er nokre av funna (Larsen, 1981, s. 23). Dette viser at dalen ikkje har vore så isolert som mange skal ha det til. Det har vore kontakt med andre delar av landet. Funna viser au korleis Valle truleg har vore marknadsplass og eit knutepunkt for ferdsla over heiane (ibid, s. 37).

I mellomalderen var Stavanger staden valldølane måtte betale skatten sin til. Dermed måtte dei over fjellet for å levere det dei var pålagte. Vegen vestover blir kalla for Skinnevegen og gjekk ned til Lysebotn. Dette har vore ein sær s viktig veg som har sikra kontakt mellom Valle og Vestlandet (Larsen, 1981, s. 37).

Bispevegen er nemnt som ein av «tre principale Fjældveie» i Sør-Noreg av P. A. Munch (Jansen, 1994a, s. 51). Munch nemner au korleis vegen har fått namnet sitt fordi «Stavanger eller Xtiansands Bisper ofte have brugt at fare derover» (ibid.). Vegen har ikkje berre vore viktig for bispane, men for vanlege folk au. Den går frå Tveitebø i Valle til Kleivgrend i Fyresdal (Jansen, s. 50).

Det er for det meste før 1600-talet at vegen til Setesdal gjekk på tvers over fjellet. Etter denne tida nytta ein seg i større grad av vegen sørover dalen i retning Kristiansand (Jansen & Rynningen, 1994b, s. 288). I løpet av 1840-åra forandra vegtilhøvet seg drastisk i bygda. Då kom det postveg frå Kristiansand og opp til Valle kyrkje. Endå vegen var smal og tidvis søylete, gjorde dei reisa til by og kyst mykje enklare (Jansen, s. 294-295). Det blei endå betre tilhøve i 1867 då dampbåten «Dølen» byrja å gå på Byglandsfjorden. Eit par år seinare kom det sluse i Storestraumen (Jansen, s. 305). Då blei Åraksfjorden tilgjengeleggjort for dampbåten, noko som gjorde til at «Dølen» kunne legge til kai så langt opp som til Ose (ibid.). Herifrå er det rundt 40 kilometer til Valle kyrkje, og enno mindre avstand til Hylestad kyrkje.

Båten gjorde reisa ned til Evje mykje enklare for bygdefolket, men det var framleis eit stykke ned til Kristiansand. Ei reise til byen var tidkrevjande på hesteryggen, og naturlegvis endå lengre om ein måtte gå til fots. Dermed var det eit endå større framsteg for samferdselen då Setesdalsbanen opna i 1896 (Jansen, 1994b, s. 306). Her kunne ein ta tog frå Kristiansand til Byglandsfjord, og båt langt oppover Setesdalen til ein kom til Ose.

I dag er vegen gjennom Setesdal godt utarbeidd. Den har status som riksveg med nummeret 9 på grøne skilt frå Kristiansand til Haukeligrend i Telemark. Det er løyva pengar frå regjering gjennom fleire år som har gått med på å auke standarden på vegen med betre framkjømd og tryggleik (Skoglund, 2023). Det har vore eit politisk mål å få gul midtstripe frå Kristiansand til Hovden. Stadig fleire trasear har gjennom utbetring fått oppfylt dette kravet. No er det ikkje mange vegstrekingane igjen utan midtstripe, men det vil endeleg kome på plass i løpet av dei næraste åra. Dette markerer endå eit viktig framsteg for samferdselen i Setesdal.

Under 1960-talet vert det sett i gong ei stor kraftverksutbygging i øvre delar av Setesdal. Ein kan sjå føre seg at dette for alvor sette i gong ei modernisering av bygda. På Nomeland i Hylestad fekk ein sett opp Brokke kraftverk som tok imot vatn frå Botsvatn i Bykle via ein lang tilløpstunell (Otra kraft DA, u.å.). I dag kan ein sjå på dei ulike tippene med fyllmasse frå anleggstida som symbol frå då bygdesamfunnet for alvor blei tatt inn i ei ny og moderne tid.

Vegane har knytt busetnaden i Valle kommune saman med resten av landet. Når verda etter kvart har opna seg for Valle og Hylestad, har det skjedd store talemålsendringar i dei to vesle bygdesamfunna. Dette blir tematikken i denne oppgåva.

2.5. Folketal

Frå 1. januar 2023 er folketalet i Valle kommune på 1180 innbyggjarar (Statistisk sentralbyrå, 2023a). Folketalet har vore heilt oppe i over 2400 personar på midten av 1800-talet (Statistisk sentralbyrå, 1960). Folketalet har gått jamt nedover til i dag.

Hovudfaktorane til den nedgåande trenden i folketalet er samansett. Nokre sentrale faktorar er bygda sitt møte med det moderne norske samfunnet. Ein kan tenkje seg til at sentraliseringa

har spelt ei sentral rolle. Kommunen har opplevd at fleire tenester har opplevd kutt i bemanning for å spare pengar, samt at tenestene har blitt flutt til større tettstader og byar. Saman med sentraliseringa har utdanningssamfunnet ført unge menneske ut av bygda med avgrensa moglegheit til å returnere. Det har ikkje vore mogleg for mange å skape seg eit liv utan dei rette jobbmoglegheitene.

Folkesamansetnaden i Valle kommune er i dag særskild samansett. Det bur menneske frå alle delar av landet i Valle, men au frå ulike delar av verda. Ein har blant anna europeiske innvandrarakar frå Polen, Tyskland og Nederland. Slik verdssituasjonen er under skrivinga av oppgåva så har det au kome ein del flyktingar frå Ukraina til bygda. Elles er det au innbyggjarar med bakgrunn frå både Nord-Amerika, Midtausten, Afrika og Sør-Amerika (Statistisk sentralbyrå, 2023b). Innbyggjartalet i Valle speglar dermed korleis mangfaldet i folkesetnaden er elles i landet. Med nye innbyggjarar frå andre land vil ein au få fleire språk til bygda. På denne måten kan språka kome inn i klasserommet på Valle skule, som er staden oppgåva har sitt utgangspunkt ifrå.

2.6. Skule og utdanning

Før 1950-talet var både Valle og Hylestad delt inn fleire skulekrinsar med kvart sitt vesle skulehus der ungane gjekk i skule. Denne tanken om folkeskule skulle snart bli erstatta av ein ny tanke som skulle samle ungane frå dei ulike skulekrinsane. Då fellesskulen kom til Valle, blei ungane samla i eit nytt skulehus på Åkresneset som stod klart i 1952. Dette låg eit par kilometer sør for Valle sentrum. I 1959 blei alle ungane i Valle sokn samla i det nye skulebygget (Jansen, 1994b, s. 458). Dette brann deretter ned i 1978. Seinare fekk ein eit større skulesenter som i stor grad er kjernen for dagens skulebygning. Dei siste 15 åra har skulen gradvis fått fjerna nokre bygg og tilført andre bygg, samt blitt totalrenovert innvendig.

I Hylestad blei ungane samla på Nomeland der den fyrste skuledagen i nytt skulebygg var i 1958 (Jansen, 1994b, s. 455). Det har oppigjennom tidene vore slik at Hylestad skule ha klassane 1.-7. På ungdomsskulen måtte ein opp til Valle. På Hylestad skule gjekk det elevar fram til 2019. Då var det bestemt av kommunestyret at den skulle leggest ned. Hausten 2019 var det dermed ein ny milestein i Valle kommunes utdanningshistorie då skulane blei slegne saman.

Når det gjeld tilboda for dei minste borna i kommunen så er det barnehage både på Hylestad og i Valle. Barnehagen i Valle ligg tett innmed skulesenteret. Det same gjeld på Hylestad, då den næraste naboen er den tidlegare skulen.

Når elevane frå Valle skule skal til vidaregåande etter 10. års skulegang, er det Setesdal vidaregåande skule som er den næraste. Hovuddelen av skulen ligg på Dåsnes i Evje og Hornnes kommune. Det er au mogleg å gå på Hovden skigymnas heilt nord i Setesdal. Elles er det fleirfaldige andre linjer lenger nede mot kysten av Agder. Dei aller fleste av ungdomane i Valle er nøydde til å flytte ut av heimen frå tidleg alder for å ta utdanning utanfor kommunegrensene.


2.7. Kultur

Valle kommune er særskild rik på kultur og tradisjonar. I 2019 fekk ein stev, dans og spel frå Setesdal på UNESCO si liste for immateriell kulturarv (UNRIC, 2019). Gangar, kveing og spel på munnharpe og hardingfele er ein heilt særreigen del av kulturen i Setesdal. Når ein utøver dette så er det ofte slik at ein tek på seg finstasen, og dermed altså setesdalsbunaden. Handverket bak bunaden i både stoff og sølv er au ein sterk del av kulturen i Setesdal. Samstundes har au byggjeskikken levd saman med folkekunst i former som stammar tilbake frå mellomalderen. Desse formene har uttrykt seg heilt fram til moderne tid (Norsk folkemuseum, u. å.).

Mykje av konserveringa av denne mangfaldige kulturen blir ivareteken av Setesdalsmuseet som har museumstuna Sylvartun, Tveitetunet og Rygnestadtunet i kommunen. Hovudbygget deira ligg på Rysstad (Setesdalsmuseet, u.å.). Setesdal Spelemannslag bidreg til å halde i hevd den immaterielle kulturarven.


2.8. Kart

Kart 1



Kart som viser Valle kommune innanfor den sørlege delen av Sør-Noreg. (Kart frå Google Maps – TerraMetrics, Kartdata (Lasta ned 03.05.2023).

Kart 2



Nærare kart av Valle kommune med enkelte grendelag. (Kart frå Google Maps – TerraMetrics, Kartdata (Lasta ned 03.05.2023).

3. Om vallemålet

Målet i Setesdal har blitt oppfatta som særmerkt og rotekte med delar som liknar gamalnorsk (www.vallemal.no, a). På denne måten kan dialekta opplevast som gamaldags og dermed vanskeleg å forstå for folk utanfor Setesdal. «Heimesida» til vallemålet (www.vallemal.no, a) skildrar talemålet som formrikt. Kva slags former dialekta er rik på skal gjerast greie føre vidare.

I denne oppgåva er blant anna vallemålet til dagens unge valldølar i fokus. Ei av målsetnadane til oppgåva er å sjå på korleis dei snakkar samanlikna med det tradisjonelle vallemålet. Då må eg gjere greie for kva som karakteriserer det tradisjonelle vallemålet. Her vil eg nytte meg av fleire kjelder. Desse har skildra dei ulike delane av vallemålet. Dette er blant anna Torleiv Hannaas (1921), Helge Omdal (1994), Martin Skjekkeland (1997) og Birgit Attestog (2004). Det største utgangspunktet for å skildre dialekta er nettsida www.vallemal.no. Her finn ein både ordliste, bøyingar og informasjon om talemålet.

Eg vel å skildre målet ved å dele det inn etter fonologi, morfologi og det leksikalske språklege nivået. På denne måten vil det au ha samanheng med utval av språklege variablar frå dei ulike språklege nivåa til undersøkinga mi (meir om dette i 5.4.). Vallemålet rommar så mykje ulike delar at det ikkje er råd å ta med alt. Dermed tek eg med ein del av det som skal brukast i undersøkinga.

3.1. Fonologi

Fonologien er det nivået i språket som handlar om lydverket (Sandøy, 1996, s. 24). Når det kjem til fonologien i vallemålet er det mykje som har tydelege norrøne trekk.

3.1.1. Diftongar

Diftongeringa i vallemålet har sitt utgangspunkt i dei gamle norrøne vokalane í, ý, ú og ó (Skjekkeland, 1997, s. 49) Saman med andre vokalar som e, ø og æ har ein opptil fleire måtar å diftongere desse vokalane. På denne måten har ein eksempel som: *bæil*-bíl, *boyte*-býtte, *steut*-stút, *joul*-jól. Eg skal undersøke bruken av enkelte diftongar i undersøkinga. Meir om dette i 5.4.1 og 6.1.4. Skjekkeland har skildra vokalsystemet i vallemålet samanlikna med det norrøne. Oversikta hans ser slik ut (ibid.):

Figur 1:

NORRØNT			VALLEMÅL		
í	ý	ú	ei:	u ^y :	eu:
i	y	u	i	y	u
é	ó	ó	e ⁱ :	ø ^y :	ou:
e	ø	o	e	ø	o
æ	a	á	æ ^e :	a	å:
ei	øy	au	ai	oy	au

Ein kan au få tilfelle av triftongar i vallemålet. Denne lyden finn ein blant anna i ordet *ljuge* med vokaltrioen *ieu* slik at ein får uttale *lieuge*.

3.1.2. *ll-dd*

Eit særskilt karakteristisk trekk ved vallemålet er korleis dobbel konsonant *ll* blir uttala som *dd*. Av døme har ein både *fjødd*, *vodd*, *vidd*, *adde*. Utviklinga av talemålstrekket har bakgrunn i at overgangen til *dd* har ein rekna som eit eldre mellomsteg der *dl* har blitt assimilert til denne doble *d*-en (Skjeggeland, 1997, s. 119). På dette måten har utviklinga blitt følgjande: *ll* > *dl* > *dd*. Den norrøne lange *l*-en har dermed utvikla seg til ein lang *d* både postvokalisk og intervokalisk. Meir om dette dialekttrekket i 5.4.1., medan trekket blir undersøkt i 6.1.5.

3.1.3. Palatalisering i innlyd

Palatalisering oppstår når ein uttalar ein alveol lyd og artikulasjonen blir dregen attende til ganen, slik at ein får ein *j*-klang på ordet (Mæhlum, 2012, s. 50). Alveolar er det same lydane som blir uttala med tungespissen ut mot gommen, slik som *d*, *l*, *n*, *s*, *t*. I vallemålet vil ei rekkje konsonantgrupper bli palatalisert, blant anna: *gj*, *ngj*, *ggj*, *kj*, *nkj* og *kkj* og *g*, *ng*, *gg*, *nk*, *k*, *kk* og *sk* (Attestog, 2004, s. 40). Attestog nemner døme som *bakkje-bakken* og *stokken* – *stokkjen*. Ei mogleg avpalatalisering av *k* og *g* i innlyd skal bli undersøkt i 6.1.8. Sjå au 5.4.1. om utvalet av denne språklege variabelen.

3.1.4. Vokal + *l* + konsonantsamband

I vallemålet er det slik at ord med vokal + *l* + samband av visse konsonantar vil føre til at vokalen før *l*-en forsvinn, medan *l*-en sjølv også vil forsvinne. Dette gjeld for dei følgjande sambanda av konsonantar: *lk*, *lg*, *lp*, *lv*, *lm*, *ln* og i nokre døme *ls* (Skjeggeland, 1977, s. 63).

Dermed får ein ord i vallemålet som *hæ:g* og *mjà:k*. Dette er eit av dei mest typiske trekka for vallemålet, og er med på å gjere dialekta særmerkt i høve andre norske dialektar (Omdal, 1994, s. 97). Dermed er det naturleg at talemålstrekket blir med i undersøkinga. Meir om dette i 5.4.1, medan trekket blir undersøkt i 6.1.7.

3.1.5. *kv* i framlyd for *hv*

I vallemålet er det vanleg med uttale av *kv* i framlyd i staden for *hv* (Omdal, 1994, s. 77). På denne måten blir *hvit*, uttala som *kvit* hjå dei som snakkar vallemål. Språktrekket kjem tydeleg fram i spørjeord som *kven*, *kva*, *kor*. På vallemål kan kvart enkelt av desse bli uttalt på forskjellige måtar, alt etter kor tradisjonell ein er i målet. For å vise til døme: *Kven-kve*, *kva-ko*, *kor-kòri*. Uttalen av spørjepronomenet *kven* blir undersøkt i 6.1.6., sjå au 5.4.1.

3.2. Morfologi

Det morfologiske nivået gjeld formverket til dialekta (Sandøy, 1996, s. 24). Då er bøyingsmønsteret innanfor ulike ordklassar sentralt. Sidan ein har fleire ulike ordklassar kan eg ikkje ta føre meg alle.

3.2.1. Substantiv

Vallemålet er ei formrik dialekt, og dette kjem spesielt til uttrykk under bøyinga av substantiv. I målet har ein nemleg seks bøyingsformer i bruk. Avviket frå dagens numerusbøying kjem av at ein i tillegg har dativ i eintal og fleirtal. Meir om dativ i 3.2.2. Substantiva på vallemål vil som i norsk innehalde tre kjønn og fire kasus (www.vallemal.no, b). Eg vil vise ein liten illustrasjon av substantivformverket, då eg ikkje vil gå så langt inne i det.

For å skildre uttalen av vokalane i vallemålsorda til tabell 1 og 2 tek eg utgangspunkt i figur 1 frå 3.1.1. Vokalane er skrivne etter vokalsystemet i norrønt, dermed kan ein sjå korleis uttalen av vokalane blir på vallemål. Følgjande tabell viser bøyinga innanfor dei tre kjønna i substantiv:

Tabell 1:

	Eintal		Fleirtal	
	Ubunden	Bunden	Ubunden	Bunden

Hankjønnsk nynorsk	<i>gut</i>	<i>guten</i>	<i>gutar</i>	<i>gutane</i>
Hankjønnsk vallemål	<i>gút</i>	<i>gúten</i>	<i>gúta</i>	<i>gútan</i>
Hokjønnsk nynorsk	<i>jente</i>	<i>jenta</i>	<i>jenter</i>	<i>jentene</i>
Hokjønnsk vallemål	<i>jente</i>	<i>jenta</i>	<i>jento</i>	<i>jentun</i>
Inkjekjønnsk nynorsk	<i>dyr</i>	<i>dyret</i>	<i>dyr</i>	<i>dyra</i>
Inkjekjønnsk vallemål	<i>dýr</i>	<i>dýri</i>	<i>dýr</i>	<i>dýrei</i>

Bøyinga av vallemålsorda i tabellen er henta frå (www.vallemal.no, c). Dei er samanlikna med den nynorske bøyinga frå www.ordbokene.no. I ubunden form eintal er vallemålet temmeleg likt nynorsken. Det er spesielt ved fleirtalsformene at dei store skilnadane kjem til uttrykk. I ubunden form fleirtal får han- og hokjønnskforma kutta *r*-endinga. Det er ingen forskjell med inkjekjønnskforma anna enn at den er diftongert. Beveger ein seg over til den bundne forma fleirtal vil alle kjønna vere forskjellig frå nynorsk. I han- og hokjønnsk blir *e*-endinga kutta ved at ein får ending på *-an* i hankjønnsk og *-un* i hokjønnsk. Inkjekjønnsk skil seg ut med den diftongerte varianten *dýrei* med vokalsambandet *ei* som ending.

3.2.2. Dativ

Frå Viki sine undersøkingar frå 1980 har ein enno dativbruk sjå dei eldre språkbrukarane. Dei yngre nyttar seg ikkje i like stor grad av dette målmerket. Dermed fell det ut av målet (Viki, 1980, s. 97). Dermed vel eg å ikkje undersøke dette målmerket då ein kan sjå på det som utdøydd i dei unge sitt talemål.

I sterke hankjønnsk- og inkjekjønnskord har ein *-æ*-ending medan ein i hokjønnskord har endingane *-in(ne)* eller *-un(ne)*. I fleirtal har alle kjønna *o*-ending (Hannaas, 1917, s. 24). Dativbruken er styrt av preposisjonane *mæ*, *ti'at*, *frå*, *fyre*, *ette*, *av*, *sjå*, *ó'*. Nokre preposisjonar er avhengige av rørsle og stillstand. Dette gjeld *i*, *på*, *né'om/né'enat*, *sóom/sunnenat* og *nór'om/nórenat* (www.vallemal.no, d).

3.2.3. Adjektiv

Bøyinga av adjektiv i vallemål er meir formrikt enn i nynorsk. Dette gjeld i samanheng med den sterke bøyinga i eintal. Attestog viser korleis fleirtal av den sterke bøyinga vil falle saman med bøyinga i nynorsk. Dette samanfallet vil spesielt vise seg ved den svake bøyinga (Attestog, 2004, s. 46). Eg vel dermed å setje opp tabell frå sterk bøying av adjektiv for å vise dei mest sentrale forskjellane.

Tabell 2:

	Eintal			Fleirtal		
	Hankjøn	Hokjøn	Inkjekjøn	Hankjøn	Hokjøn	Inkjekjøn
Nynorsk	<i>stor</i>	<i>stor</i>	<i>stort</i>	<i>store</i>	<i>store</i>	<i>store</i>
Vallemål	<i>store</i>	<i>store</i>	<i>stort</i>	<i>store</i>	<i>store</i>	<i>store</i>
Nynorsk	<i>nauten</i>	<i>nauten</i>	<i>naute/naudent</i>	<i>nautne</i>	<i>nautne</i>	<i>nautne</i>
Vallemål	<i>nauten</i>	<i>nautí</i>	<i>nauti</i>	<i>nautne</i>	<i>nautne</i>	<i>nautne</i>

Bøyinga av vallemålsorda i tabellen er henta frå www.vallemal.no, (c). Dei er samanlikna med den nynorske bøyinga frå www.ordbokene.no. Ved bøyinga av *stor* i han- og hokjøn har adjektivet ein endingsvokal. Denne *e*-endinga blir kalla for svarabhaktivokal og har sitt opphav frå gamalnorsk. Meir om dette i 3.2.4. Ordet *nauten* har ikkje denne vokalen og er likt bøygd i hankjøn. I ho- og inkjekjøn har ordet *i*-ending i staden for *e*-ending slik ein har i nynorsk.

3.2.4. Svarabhaktivokal

Svarabhaktivokal er eit særtrekk der sterke hankjønnsord i substantiv får ein tilleggsvokal. Språkhistorikarar oppfatar vokalen som ein rest etter det norrøne nominativsmerket *-r* (Omdal, 1994, s. 90). Då blei det noverande ordet *gard* uttala som *gardr*. Med språkutviklinga fekk ein tilleggsvokal framføre *r*-en, før *r*-en fell, mens innskottsvokalen blei ståande. Dermed får ein uttalen *garde* på vallemål. Denne korte *e*-endinga kjem til uttrykk i ubunden form i både substantiv og adjektiv. Når det kjem til substantiv er det sterke ord i hankjøn som har endinga. I adjektiv viser svarabhaktivokalen seg under kjønnsbøyinga, då det er orda i hankjøn og hokjøn som har endinga. Dermed vil ein få *ein bratt'e bakkji* og *ei stor'e jente*. Svarabhaktivokalen blir med i undersøkinga i 6.1.10 (sjå au 5.4.2.).

3.3. Leksikalsk

Det leksikalske nivået er den talespråklege variasjonen som gjeld ordtilfanget (Akselberg i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 132). Vallemålet er så rikt i ordtilfanget at det er uråd å få med alt. I løpet av over 20 år har talemålsgruppa i Valle mållag samla inn over 14000 ord i oppslagsverket som ligg tilgjengeleg digitalt på www.vallemal.no, (c). Eit slikt arbeid er viktig for kulturarven der ord er med på å vere identitetsmarkørar for folk i Setesdal (Selås, 2021, s. 79-80). Enkelte uttrykk er meir i bruk enn andre, noko som blir knytt til omgrepet sjibbolet i 4.5.3.

4. Teori

4.1. Faghistorisk samanheng

Det er fleire måtar å nærme seg talemålsforsking når ein skal setje det inn i ein faghistorisk samanheng. Dette har grunnlag i at det har vakse fram ulike forskingstradisjonar innanfor talemålsforskinga. Det heile starta for fullt på 1800-talet med å samanlikne dei norske dialektane med gamalnorsk. Dette la grunnlaget for den tradisjonelle dialektologien. Denne såg på talemål med fokus på geografisk variasjon. I nyare tid dreia fagtradisjonen over i ei ny retning. Denne hadde fokus på kvifor talemål varierte. Dermed gjekk talemålsforskinga inn i ei sosiolingvistisk retning.

Masteroppgåva mi vil innehalde preg av båe desse fagtradisjonane. Det er dermed sentralt å gjere greie for dei to retningane dialektologi og sosiolingvistik. Retningane si vitskapelege tilnærming innan talemålsforsking vil vere med på å forme metoden og seinare resultat i masterprosjektet mitt.

4.1.1. Dialektologi

Tradisjonell dialektologi i Noreg har hatt bakgrunn i dei norske dialektane heilt sidan slutten av 1700-talet. Pioneren Marcus Schnabel kom då ut med ordlista om korleis ...*gamle Norske Sprog endnu er til udi det Hardangerske Bondemaal* (Sandøy, 1993, s. 12). Då Noreg fekk eiga grunnlov i 1814 blei det vekt ein tanke om å danne eit eige norsk skriftspråk.

Her var ein av hovudpersonane Ivar Aasen (1813-1896). Aasen tok både utgangspunkt i det norrøne og i ulike dialekter han samla inn i løpet av 40 år. Av dette ga han ut verka *Det norske Folkesprogs Grammatikk* (1848) og *Ordbok over det norske Folkesprog* (1850). Desse verka til Aasen blir rekna for å vere opphavet til den norske vitskapelege dialektforskinga (Sandøy, 2013, s. 82). Dette danna grunnlaget for landsmålet som seinare utvikla seg til nynorsk. Hans Ross (1833-1914) vidareførte Aasens arbeid på slutten av 1800-talet. Han ha fokus på korleis dialektane høyrdest ut. Denne type forsking kan omtalast som historisk-komparativt. Då vender ein seg tilbake i tid til eit «opphaveleg» språk som ein samanliknar med det noverande språket.

Den historisk-komparative forskingstradisjonen skifta etter kvart ideal og byrja å hente inspirasjon frå naturvitskapen. Talemålsforskinga blei no forandra med tanke på teori,

metode, innsamling og analyse (Hanssen, 2010, s. 42). Forskarane på denne tida blei omtala som junggrammatikarar. Dei er kjenneteikna ved å fokusere på språklege endringar og lydsystemet i dialektene samtidig som dei vender seg bakover i tid til dei tradisjonelle formene av dialekta. Det blei dermed tatt i bruk optimale dialektbrukarar i forskinga. Dette er særstypisk for dialektologien som diakron vitskap. Desse typeinformantane blir skildra som *NORMS* av Chambers og Trudgill (1980, s. 33). Dette står for *nonmobile, older, rural males*. Dermed er det snakk om eldre menn som bur geografisk avsides med lite språkleg påverknad.

Ein kjend junggrammatikar er Amund B. Larsen. Han blei pioner med å etablere eit skifte frå å skildre dialektane i perifere strok til å skildre bymåla i Kristiania (1907), Bergen (1912) og Stavanger (1925). Han introduserte norsk talemålsforskning for forskjellige variablar som for eksempel alder, sosiale forskjellar og geografi (Hanssen, 2010, s. 42).

4.1.2. Sosiolingvistikk

Eit grunnleggande trekk med sosiolingvistikken handlar om korleis språktrekk varierer (Akselberg & Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 85). Dette er ein nokså ny forskingstradisjon i Noreg som kan sjåast som både ein reaksjon men au ei vidareføring av dialektologi.

William Labov introduserte nye måtar å gjennomføre sosiolingvistiske undersøkinga frå si studie *The Social Stratification of English in New York City* frå midten av 1960-talet. Han blir omtala som særst gjennomtenkt i undersøkingane sine og som ein av dei fremste innan sosiolingvistisk forskning (Venås, 1991, s. 25). Labov revolusjonerte språkforskinga med å vise samanhengen mellom sosiale tilhøve og språkleg variasjon.

I Noreg har ein ikkje hatt eit tydeleg bort mellom dialektologi og sosiolingvistikk. Ein arbeider heller meir eller mindre tverrskapeleg (Venås, 1991, s. 13). Dermed har ein ei glidande grense mellom dei to fagtradisjonane. Likevel har ein etter kvart sett større tendensar til synkron forskning på talemål. Dette kunne ein spesielt sjå rundt 1970 ved at undersøkingar gjekk vekk frå å vende seg mot fortidas talemål til å sjå på korleis folk snakkar no og grunnane bak dette. Vidare fekk ein *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS) som ei vidareføring av Labov og Larsens synkrone forskning. Formålet med prosjektet var å registrere talemålet til borgarar i Oslo med fokus på å granske lydforhald, bøyning og syntaks (Hanssen, et al., 1978, s. 214).

Dialektologien i Noreg rundt tusenårsskiftet er prega av samarbeid mellom ulike forskingsinstitusjonar. *Talemålsendring i Noreg* (TEIN) var eit slikt samarbeidsprosjekt med mål om å granske utviklinga av språkleg regionalisering (Akselberg, 1999).

Forskningsnettverket SONE kom i etterkant av TEIN har forska på språklege tendensar knytt til eit pluralistisk samfunn (Universitetet i Agder, u.å.).

4.1.3. Penelope Eckert - Dei tre sosiolingvistiske bylgjene

Penelope Eckert er sosiolingvist frå Stanford University i California, USA. Hennes arbeid har vore sentrale i å skildre faghistoria til sosiolingvistikken. Ho har ein teori om at sosiolingvistikken har gått i tre bylgjer sidan 1960-talet. Innhaldet i bylgjene handlar om å forstå talemålsvariasjon. Dette blir gjort ved at den analytiske praksisen har forandra seg mellom ulike periodar av den moderne sosiolingvistikken.

Den fyrste bylgja tek utgangspunkt i Labovs undersøkingar frå New York (sjå au 4.1.2.). Dette førde til at fleire urbane talemålsundersøkingar rundt om i heile verda fylgde Labovs eksempel. Sentrale trekk ved denne bylgja handla om korleis forskinga brukte sosiale variablar. Dei sosiale variablane var ofte kjønn, alder og sosial klasse. Spesielt den siste har vore ein viktig del av den lingvistiske tradisjonen etter Labov. Dei sosiale variablane har blitt brukt for å samanlikne bruken av utvalde språklege trekk og korleis dette varierer. I Labovs undersøkingar var det ofte slik at fleire sosiale grupper blei intervjuet. Dette førde metodebruken inn i ei kvantitativ retning, der ofte spørjeundersøkingar var ein utbreidd metode. Labovs metodebruk har påverka andre undersøkingar innanfor denne sosiolingvistiske bylgja til å fylgje hans eksempel. Resultata til desse studiane har ofte vist forandringar i talemålet i høve til det fonologiske (lydverket). Vidare har dette skildra korleis ein kan knytte talemålsvariasjon opp til sosioøkonomisk stratifikasjon (Eckert, 2012, s. 88). Vidare skildrer Eckert korleis Labovs undersøking *The Social Stratification of English in New York City* viser korleis informantar med lågare sosioøkonomisk status vil ha større spreining av ikkje-standardiserte språktrekk (ibid.).

Den andre sosiolingvistiske bylgja skil seg hovudsakleg frå den fyrste når det kjem til metodebruken. I denne bylgja er det større fokus på etnografisk tilnærming (Eckert, s. 91). Dette tyder at ein vender seg mot mindre informantgrupper for å for å finne relasjonen mellom dei og deira variasjon i talemål. Saman med den fyrste bylgja har desse faghistoriske

bylgjene i saman eit fokus på språket til sosiale grupper. Dette vil etter kvart forandre seg i det Eckert skildrar som ei tredje bylgje.

Den tredje bylgja byggjer på funna frå dei to føregåande bylgjene. Innhaldet i denne bylgja dreier seg om eit stilistisk perspektiv (Eckert, s. 93-94). Dette handlar om korleis informantane opplever ei sosial meining med dei sosiale variablane. På denne måten skil den seg frå dei to føregåande bylgjene. No er det ikkje sosiale variablar som er fokusområdet, men den språklege stilen. På denne måten har ein bevegde seg med bylgjene frå eit overordna sosiolingvistisk nivå med sine demografiske kategoriar til eit meir lokalt nivå der den individuelle informanten er i fokus med sin personlege språklege stil.

4.1.4. Plassering av mitt prosjekt innan forskningstradisjonen

Dette prosjektet skal forske på talemålet i Valle og vil innehalde trekk frå både dialektologien og sosiolingvistikken. Både desse forskningstradisjonane skal vere med som teoretisk bakteppe i undersøkinga. Dette kjem spesielt til uttrykk med at eg synkront undersøker dagens vallemål hjå unge vallemålsbrukarar. Eg vil undersøke kva slags faktorar for påverknad ein har i talemålet til informantane. Talemålet er fullt av variasjon som eg vil registrere. Dette er eit særskilt sosiolingvistisk fokusområde. Eg nyttar meg au av eit diakront perspektiv ved å samanlikne dagens vallemål med den tradisjonelle dialekta. Dette er kjernen til den historisk-komparative tradisjonelle dialektologien. Dermed vil eg i denne oppgåva bevege meg i eit samspel mellom det synkrone og diakrone då eg har eit ynskje om at dei to fagtradisjonane skal utfylle kvarandre.

4.2. Tidlegare forskning på vallemålet

Sidan vallemålet er sopass formrikt og særmerkt har det lenge vore av fagleg interesse. Dette har ført til at målet har blitt skildra og undersøkt nokre gonger. Mykje av den tidlegare forskinga har handla om setesdalsmålet. Vallemålet er ein del av dette målet, berre at det er geografisk knytt til Valle kommune. Den tidlegare forskinga er til stor støtte. Eg tek ikkje med alt av tidlegare forskning på dialekta. Eg vel heller den forskinga som er relevant for denne oppgåva.

Eg startar med Torleiv Hannaas sitt arbeid frå 1921. Dette er ei skildring av *Setesdals-målet* med fokus på det han skildrar som tradisjonell setesdalsdialekt. Hannaas skildrar uttalen av

ulike vokalar, konsonantar og andre fonologiske særmerke. Vidare blir morfologien skildra med substantiv, dativ, adjektiv, pronomer, talord og verb. Hannaas fortel au om røtene til målet, og korleis ein via diktinga kan forklare korleis målet har halde seg stort sett uforandra frå gamle tider og fram 1900-talet (Hannaas, 1921, s. 26). Til slutt blir det presentert målprøver, soger og anna dikting på dei ulike måla frå sokna som utgjer Setesdal.

Ingebjørg Viki gjorde i si hovudoppgåve *Generasjonsskilnad i substantivbøyingi i vallemålet* frå 1980 ei undersøking med fokus på det morfologiske i målet. Ho undersøkte skilnaden i korleis ein bøyer substantiv i vallemålet. Ho opererte med to informantgrupper som skulle gjeve svar på kor stor skilnaden var mellom to generasjonar valldølar. Den eldre informantgruppa var fødd før 1920, medan den yngre gruppa var fødd mellom 1949 og 1965. Ho fann blant anna ut at dativen var på veg ut av språket blant dei yngre (Viki, 1980, s. 97). Dette skildrar ei språkutvikling der eldre former og talemålstrekk frå vallemålet forsvinn, noko som held på fram til dagens vallemål.

Helge Omdal si doktoravhandling frå 1994 granskar målet til 24 utflytta setesdølar som bur i Kristiansand. Formålet med oppgåva *Med språket på flyttefot* var å avdekke mest mogleg av det språklege skiftet som utflyttarane hadde gjort (Omdal, 1994, s. 235). Informantane var tilfeldig valt ut, og hadde budd i Kristiansand i varierende lengde. Dei blei fyrst kalla inn til eit hovudintervju der informantane samtala med to innfødde kristiansandarar. Eit halvt år seinare ringde Omdal tilbake til informantane og samtalen gjekk føre seg med ein setesdøl. Omdal tok i bruk 13 språklege variablar som grunnlag for å undersøke språkvariasjonen og språkstrategiar hjå informantane. Variablane blei delt inn i det fonologiske, morfologiske og leksikalske språklege nivået (Meir om dette i 5.4.).

Etter båe intervjua kom blant anna Omdal fram til at informantane snakka nærast sitt opphavslege talemål under telefonintervjuet. Dei konvergerer dermed i møte med ein setesdøl som snakka likeins dialekt. Det såg ut til at det er dei mindre utbreidde trekka i setesdalsdialekta som stilte svakast under målbrytinga til informantane. Det viser seg at det er kvinnene som hadde den største tendensen til endring (Omdal, 1994, s. 226). Ein tendens viser at ein heller står ovanfor ei «avsetesdalifisering» enn ei «kristiansandifisering» (Omdal, s. 220). Dermed konvergerer ikkje setesdølane til dialekta i Kristiansand, dei viser divergens til målet i Setesdal.

Martin Skjekkeland har med boka *Dei norske dialektane* vore med på å gjeve eit oversyn over tradisjonelle særdrag med fleire ulike norske dialektar. Av desse har han blant anna skildra målet i Setesdal. Skjekkeland tek i stor grad utgangspunkt i tidlegare norsk målføregransking, og er soleis diakron i måten han nærmar seg skildringa av dialektane (Skjekkeland, 1997, s. 16). Han har eit stort fokus på å skildre dialektane fonologisk og morfologisk. Vidare gjennomgår boka både utviklingstendensar i dei norske talemåla og korleis ein kan dele inn målområda.

Hovudoppgåva til Birgit Attestog frå 2004 har vore til stor hjelp i masteroppgåva mi. Eg ser på mi oppgåve som ei viss vidareføring av den måten å undersøke målet i Setesdal som Attestog gjorde for 19 år sidan. *Jeg eg setesdøl, jeg!* var ei vidareføring Helge Omdal si doktoravhandling frå 1994, som undersøkte målet til utflytta setesdølar. Målet med oppgåva til Attestog var å registrere språkbruken blant setesdølar på 19-20 år, registrere variasjonsbreidda i målet, undersøke variasjonar mellom målet i kommunane Bykle, Valle og Bygland, samt å finne ut kva målgruppe som hadde størst endring og samanlikne dette med ei utflyttargruppe i Kristiansand (Attestog, 2004, s. 11). For å samanfatte denne vide undersøkinga vil den setje ljøs på talemålssituasjonen blant den yngre generasjonen i dalen. Dette var noko Omdal ikkje fekk fram i si oppgåve, men som Attestog ville dokumentere (Attestog, s. 59). Empirien blei henta via intervju frå «innfødde» ungdomar. Attestog fann ut at dialekta i stor grad har forsvunne i Bykle og Bygland, men at den står sterkare i Valle. Likevel er det tydelege tendensar til at målet au er på veg til å bli avvikla i Valle (Attestog, s. 141).

Det siste publiserte skildringa av vallemålet er frå 2021 og er ein del av forskinga til Magnhild Selås. Ho er professor på institutt for nordisk og mediefag på Universitetet i Agder. Hennar artikkel *A short description of some aspects of the traditional Valle dialect in Setesdal* skildrar vallemålet ved å trekkje fram morfologien og fonologien i dialekta. Vidare set ho fokus på korleis diftongeringa i målet er ein arv frå det norrøne. Ho spør til slutt om ein kan sjå på vallemålet som ei dialekt, geolekt eller idiolekt. Med det sistnemnte viser ho til eit intervju med ein kvinneleg innbyggjar frå 2016. Her kan synet på vallemålet bli sett på som ei «totalpakke» der ein vel ein identitet som passar eit spesifikt sett av verdiar, livsstil og kulturelle praksisar, noko som både kan vere positivt og negativt (Grov, 2016 i Selås, 2021, s. 90). Om ungane i Valle vel å nytte seg av dialekta og dermed knytte seg til denne identiteten er noko Selås nemner må forskast på.

Det er dette ho forsøker å få svaret på i eit pågåande forskingsprosjekt med namnet *Dialekttileigning i Valle*. Dette prosjektet går ut på å undersøke talemålet til eldre barnehageungar i Valle og Hylestad barnehage. Undersøkinga tek føre seg korleis ungane snakkar og er eit utgangspunkt for seinare forskning på korleis dialekttileigninga til dei same ungane kjem til å utvikle seg etter kvart som dei blir eldre. Eg var med på dette forskingsprosjektet som studentmedarbeidar sommaren 2022, og hjelpte til med opptak og innsamling av materiale (Thaule, 2022).

4.3. Talemålsendring

Kva er det som gjer til at talemålet endrar seg? Dette er eit særst relevant spørsmål for denne oppgåva. Dette har sin bakgrunn i at eg skal undersøke diverse faktorar som er med på å endre talemålet i Valle. Talemålsendringar er eit heilt naturleg fenomen i språket til oss menneske. Det er noko som alltid har vore til stades i samfunnet. Slik vil det au halde fram med å vere. Kva som fører til desse endringane er derimot vanskeleg å vite. Det kan likevel setjast ljøs på enkelte faktorar som kan ha medverknad til språkendring. Desse faktorane er delt inn etter om språkendring kjem innanifrå språket eller frå tilhøve i samfunnet rundt språket (Sandøy, 1996, s. 129). Dette blir omtala som indre og ytre faktorar, og vil gjerast greie for under.

4.3.1. Indre faktorar

Eit barn dannar seg eit morsmål med prøving og feiling for å byggje seg opp ein struktur i språkkompetansen sin (Sandøy, 1996, s. 129). Dei feila barnet eventuelt gjer i språket sitt, vil bryte med språknorma generelt i samfunnet. Difor blir det omtala som *feil*. Unntak frå dei allmenne språklege reglane vil kunne påverke ein ny generasjon språkbrukarar. Sandøy nyttar seg av ordet *nyregulering* og nemner korleis eit levande språk alltid har ein kime i seg til forandring (Sandøy, s. 130). For at eit språk skal betraktast som levande må det forandre på seg.

Forandringar i språket skjer på ulike språklege nivå, med eksempel frå forskjellige ord. Sandøy nemner ulike måtar til at språkendring føregjeng. Han nemner analogi, regelinnnevring og -utviding, funksjonell tyngd og naturlegheit (Sandøy, 1996, s. 131-135).

Analogi er at ein regel står så sterkt i ein dialekt at nye ord lagar seg etter den og dannar eit skifte. Ei slik overgang vil dermed kome i samsvar med dei andre delane i språket, og dette vil seie at regelen er produktiv (Sandøy, 1996, s. 133). Omdal nemner korleis det særmerkte målmerket svarabhaktivokal forsvinn frå vallemålet til dei unge. Dette har skjedd ved at formene med tillegsvokalen *-e* har blitt overført til andre kasus enn nominativ, og brukast både i subjekts- og objektsformer. Forandringa av formene har sin bakgrunn i analogi. (Omdal, 1994, s. 90). Målmerket svarabhaktivokal er ein av dei språklege variablane i mi undersøking (Sjå 3.2.4, 5.4.2. og 6.1.10). Då er det snakk om ei grammatisk generalisering. Dermed kan analogien forenkle grammatikken, noko som blir forklara ved *regelinnsvring* og *regelutviding*.

Regelinnsvring handlar om at den tidlegare nemnte regelen om konsonantskifte blir meir avgrensa (Sandøy, 1996, s. 131). På denne måten vil fleire språklege kategoriar ikkje lenger falle inn under regelen. Eit eksempel frå vallemålet er om ein står ovanfor ei avpalatalisering av ord som for eksempel *tenkjer*. Då vil det bli uttala som *tenker*. Dette blir undersøkt i 6.1.8. (sjå au 3.1.3. og 5.4.1.). Sandøy nemner korleis *regelutviding* vil føre til ei meir generell form (Sandøy, s. 132). Viss ein regel frå dialekta blir tatt i bruk i fleire ord enn opphaveleg, vil den bli utvida og meir allmenn.

Sandøy nemner korleis grammatikken har motsetningar for å vise ei språkleg markering (Sandøy, 1996, s. 133). Når språket forandrar seg kan denne motsetninga bli meir eller mindre tydeleg. Frå vallemålet kan ein hente eksempel frå omlyd i fleirtalsbøyinga av substantivet *vatn*. I fleirtal vil det tradisjonelt bli bøygd som fleire *votn* (www.vallemal.no, b). Når denne omlyden i fleirtalsbøyinga forsvinn blir det uttala som *fleire vatn*. Denne talemålsendringa har ikkje noko *funksjonell tyngde*. Ein kan framleis stort sett forstå kva det er snakk om, og dei praktiske konsekvensane er dermed få. Andre ord kan dermed ha større funksjonell tyngde, og er viktigare å skilje frå kvarandre.

Naturlegheit handlar om at språket kan innehalde enkelte trekk som er meir frekvente enn andre. Sandøy nemner korleis språket føretrekk visse språklege trekk, og trekk fram skarre-*r*-en som eit eksempel (Sandøy, 1996, s. 135). Han nemner korleis denne forma blir meir utbreidd då somme hevdar at den bakre skarre-*r*-en er enklare å uttale enn den fremre rulle-*r*-en (ibid.). Dermed blir den nye forma utbreidd når ungar lærar seg til å bruke den meir naturlege og enklare skarre-*r*-en.

4.3.2. Ytre faktorar

Ytre faktorar handlar om kva som ligg utanfor språket som kan påverke individet til endring i talemålet. For å finne desse faktorane må ein ut i samfunnet. Her vil det vere tilhøve som kan ha samband med endringa i talemålet. Ytre faktorar kan vere mobilitet, kommunikasjon, massemedium, identifikasjon, skriftmål og prestisje. Til saman ser ein at språkending kan vere knytt til fleire tilhøve. Dei rommar blant anna det politiske, sosiale og kulturelle ved eit samfunn.

Ein har dei seinare tiåra fått samfunnsendingar som har fått konsekvensen for *mobiliteten* til oss menneske. Ein kan snakke om forandringar innanfor *geografisk mobilitet*. Eit meir utvikla system for samferdsle gjer til at ein får opna moglegheitene til å flytte kor ein vil. I dagens samfunn har ein bilar som køyrer på rettare og breiare vegar enn tidlegare. Buss, tog og fly er kollektive transportmiddel som fraktar folk over lengre avstandar på kortare tid enn nokon gong før. Samstundes har utdanningssamfunnet lagt til rette for at ein kan ta utdanning og flytte landet rundt for å jobbe innanfor eit breitt utval av yrke. Dermed er ein ofte avhengig av å flytte på seg for å ta ei utdanning. På denne måten er det lagt til rette for at ein må flytte ut av bygdene til byar der det er eit breiare utval av utdanningsinstitusjonar. Etter høgare utdanning er det ofte slik at ein finn dei mest tilgjengelege jobbane i byen. Når folkesetnadsmønsteret har tendens til å trekke seg mot byen, vil ein snakke om ei *urbanisering*. Dette viser korleis dagens samfunn legg opp til at innbyggjarane blir meir geografisk mobile.

Alt dette handlar i grunnen om at dialektane til folk har lettare for å kome i kontakt med kvarandre enn før. *Dialektkontakt* er ein konsekvens av auka mobilitet, og vil au vere ein faktor for endring i talemålet. Då er det snakk om ein variasjon i talemålet, noko som blir gjort greie føre i 4.5.

Den *sosiale mobiliteten* handlar om korleis språket har ein identifikasjonsfunksjon (Sandøy, 1996, s. 137). Det kan ofte kome skremmeskot frå media om at dialektane forsvinn og at nye former vert tekne inn i språket. Det er ofte dei yngre som blir klandra av dei eldre språkbrukarane for at denne utviklinga skjer. Dette blir framstilt som ei retning som ikkje er ynskja. Ein er alltid omgitt av språklege normer. Eit normbrot kan føre til negative reaksjonar,

og språket går dermed i ei retning der homogenitet er målet. Sandøy (ibid.) omtalar dette som ei konserverande kraft.

Språket kan au fungere som identifikasjonsmarkør. Då kan ein au snakke om *prestisje* som ein medverkande faktor til språkendring. Nokre språkdrag kan ha høgare prestisje enn andre (Sandøy, 1996, s. 138). Dette kan ha innverknad på endringar hjå språkbrukarane. Språket med høgare prestisje kan spreie seg til omkringliggende plassar. Det finst likevel eksempel som visar det motsette. Sandøy viser til Nerstens undersøking frå 1967 som eit passende døme. Her blei ungdom med «bygdemål» frå Årdal i øvre delar av Bygland kommune intervjuet om haldningar til den meir nøytrale dialekta frå Byglandsfjord heilt sør i kommunen. Det kom fram at bygdemålet var «meir korrekt», og at dialekta frå Byglandsfjord var «styggare enn bygdemålet». Likevel er det dialekta frå Byglandsfjord som spreier seg i Bygland kommune (Sandøy, s. 139).

I Noreg har me to *skriftmål* som kan vere medverkande faktor til språkendring. Sandøy nemner at det ikkje er tvil om at skriftmåla bokmål og nynorsk har stor innverknad (Sandøy, 1996, s. 140). Han peiker au på korleis bokmålet kan fungere med ein overdialektal funksjon. Dette heng saman med at språkformer i ulike dialekter er identiske med det normerte bokmålet, som kan opplevast som meir prestisjefyllt. Vidare blir det nemnt korleis ein kan tenkje seg at skriftmålet påverkar skriftbiletet. Når ein les ei tekst vil inntrykket ha såpass kontakt med språkmedvettet at det påverkar språket. Sidan ein les meir i nyare tid enn det ein gjorde i tidlegare generasjonar, kan skriftmålet vere med på å standardisere ordforrådet og ordlegginga i dialektane (ibid.).

Me er omgitt av eit vidt utval av *medium* i dagens samfunn. Sandøy nemner korleis radio og fjernsyn er med på å påverke språket (Sandøy, 1996, s. 141). I nyare tid har den digitale revolusjonen tatt store steg vidare. Inntoget av sosiale medium og smarttelefonar har førd til at ein går rundt med ein stor språkendringsfaktor i lomma store delar av tida. Her kan det hende at ein får inn nye ord og vendingar i språket. Synonyme dialektord vil opplevast som avvikande og kan kome på defensiven (ibid.). Gjennom blant anna skule, arbeid og fritid byggjer ein seg opp skjermtid. Dei språklege inntrykka ein får gjennom media medverkar truleg til språkendring.


4.3.3. Samverkande faktorar

Sjølv om dei indre og ytre faktorane for språkending har blitt skildra enkeltvis, tyder det derimot ikkje at dei verkar kvar for seg. Det er viktig å peike på at faktorane verkar saman i eit samspel. Vidare er det au sentralt å nemne at det er nesten umogleg å avgjere kva som er årsaka til språkending (Sandøy, 1996, s. 141). Noko ein i alle fall ofte ser tendensar til, er korleis det skjer ei språkleg påverking utifrå byane til dei geografiske områda rundt. Med tanke på mi undersøking er det moglegheit å knytte språkending opp til enkeltfaktorar, men eg må au ta utgangspunkt i korleis faktorane fungerer i saman.

4.4. Talemålsspreiing

I 4.3. har det teoretiske fokuset vore på faktorar til endring i talemålet. No vil fokuset vere på korleis endringar i talemål spreier seg. Eit av hovudmåla til masteroppgåva er å sjå på korleis vallemålet utviklar seg. Teori om talemålsutvikling er dermed tett knytt opp til masteroppgåva mi. Talemålsspreiing er ein prosess med fleire ulike stadium. Denne prosessen startar med innovasjon som fører til språkleg endring, som vidare etablerer seg til ei gjennomført endring. Selås har brukt ein tidsakse som eg bruker som utgangspunkt for å vise prosessen for språkending (Selås, 2003, s. 44).

Figur 2:



4.4.1. Innovasjon

I eit levande språk vil det alltid vere små talefeil som kan oppstå. Då kan det enten vere ein talefeil som ikkje blir lagt merke til eller ein talefeil som påverkar andre og dermed blir eit utgangspunkt for språkending. *Kven* som står bak, samt *kor* og *når* ein ny uttale kjem til livs er omtrent umogleg å seie (Sandøy i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 206). Ein kan likevel rekne med at det er eit enkeltindivid som startar språkendringsprosessen med å uttale eit ord på ein måte som avviker frå uttalenorma til det same ordet. Det kan derimot ikkje vere slik at denne uttalen blir gjennomført ei gong og ikkje noko meir. Individet må ta i bruk denne uttalemåten og aktivt bruke den i språket sitt. På denne måten dannar ein ei

individuell vane. Innovasjon har utgangspunkt i indre faktorar i språket til individet som fører til språkendring (Sjå au 4.3.1.).

4.4.2. Spreiing

Språklege innovasjonar kan påverke andre språkbrukarar. Det er fleire ulike faktorar til kvifor dette kan skje. Ein kan ha dei same språkssystemiske preferansane, vise sympati, auke eigen status fordi ein vil etterlikne hovudpersonen for språkendringa eller forme ein formålstenleg gruppeidentitet (Sandøy i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 207-208). Ein tek dermed etter andre og spreinga vil utvide seg frå person til person.

4.4.3. Etablering

Dette stadiet viser korleis det nye språktrekket har blitt såpass spreidd innanfor eit språksamfunn at det etablerer seg her. Med andre ord byrjar den å dominere dette språksamfunnet. Det nye språktrekket tek over det gamle, men har likevel ikkje fullstendig blitt til ein norm i talemålet. Etableringsfasen er interessant å sjå på då den tydeleg kan vise korleis eit nytt talemålstrekk enten kan utvikle seg til å bli ei gjennomført endring eller stoppe opp. Det kan for eksempel vere eit «trendord» som slår rot i eit språkleg samfunn hjå ungdomar. Når trenden med å bruke ordet er over, vil spreingsprosessen stoppe opp og ein vil heller gå tilbake og bruke den normerte nemninga på ordet. Det er ikkje berre i etableringsfasen at talemålsspreinga kan stoppe opp. Dette kan skje i kvart av dei fire stadia.

4.4.4. Gjennomført endring


Når språkendringa er blitt den vanen som ein trur ein må bruke for å vere ein del av språksamfunnet, kan ein snakke om at endringa er gjennomført (Sandøy i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 209). Språksamfunnet har etablert endringa i som norma til talemålet. Dette vil illustrerast med *bølgjeteorien* i 4.4.5. Bølgjeteorien kan au vise korleis spreinga innanfor *eitt* språksamfunn kan spreie seg til fleire språksamfunn. Ein har dermed ei gjennomført endring som spreier seg geografisk *mellom* språksamfunn. Endringsprosessen inne i eit enkelt språksamfunn dreier seg ikkje om geografisk spreing men sosial spreing.

4.4.5. Bølgjeteorien og S-kurva

Dette er ein av dei mest sentrale modellane innanfor teori på språkleg spreining. Teorien har sitt opphav frå tyskaren Johannes Schmidt frå 1872 (Torp, 1998, s. 28). Han nemner korleis ein kan sjå på teorien metaforisk med å sjå føre seg korleis det ser ut når ein kastar ein stein i ein dam. Dammen er bilete på eit språksamfunn med etablerte og normerte uttaleformar. Når ein kaster ein stein i denne dammen vil ein få bølger rundt steinen. Steinen er eit nytt uttaledrag, på lik måte som innovasjon i 4.4.1. Bølgjene rundt steinen/innovasjonen vil spreie seg til områda rundt. På denne måten ser ein samanhengen mellom steinen som blir kasta i dammen og språkendingar.

Bølgjemodellen har blitt nytta som utgangspunkt for S-kurva som spreingsmodell. Denne har opphavet sitt frå språkforskarane J. K. Chambers og Peter Trudgill frå 1980 (s. 179). Denne modellen viser korleis prosessen med språkending artar seg over tid, frå å vere individuell til å bli kollektiv. Starten av språkendringsprosessen tek lengre tid, då innovasjonen må setje rot i forskjellige individ for å spreie seg ytterlegare. Når den fyrst spreier seg skjer dette fort over kort tid. Til slutt har ein den etablerte endringa der fleirtalet nyttar seg av språktrekket. Her vil igjen utviklinga gå sakte, då ein del individ vil tvihalde på det gamle språktrekket. Det er på denne måten at kurva har fått namnet sitt, då den viser seg som ein S på grafen (Sandøy i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 208). S-kurva er tett knytt dei fire fasane som blei skildra frå 4.4.1.-4.4.4. og viser korleis ein kan forklare samanhengen mellom fasane og spreining av talemålstrekk i løpet av tid.

Figur 3:



S-kurva henta frå Chambers & Trudgill (1980, s. 179)

4.4.6. Sentrumshopping

Sentrumshopping er ein teori som har samanheng med både bølgeteorien og S-kurva. Teoriane har likeins utgangspunkt, då det er ein språkleg innovasjon som spreier seg. Sentrumshopping artar seg likevel på ein annleis måte enn andre spreingsteoriar. Det er geografisk spreing som er sentralt då talemålet flyttar seg frå stad til stad. På denne måten vil talemålstrekk frå ein tettstad spreie seg til andre stader og bli dominerande her.

4.5. Talemålsvariasjon

Frå å sjå på kvifor talemål endrar seg til korleis talemål spreiar seg, vil eg i denne delen gå inn på korleis talemålet varierer. Det er nemleg slik at talemålsvariasjon er ein grunnleggjande føresetnad for talemålsending (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 125).

4.5.1. Interindividuell og intraindividuell variasjon

Interindividuell og intraindividuell variasjon er former for variasjon som er karakteristisk for korleis talemålet i eit lokalmiljø er i endring (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 126). Det er normalt at dei er til stades, både mellom språklege grupper og hjå enkeltindivid. Det sistnemnde blir kalla for *interindividuell variasjon* og er det fyrste av dei to omgrepa eg vil gjere greie føre. Då er det snakk om talemålsvariasjon mellom ulike medlem i det same språkmiljøet (Røyneland i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 30). Det er slik at språkmiljøet har individ som alle snakkar ulikt. Likevel er det slik at sosiale grupper kan ha egne språklege fellesskap. Dei har for eksempel ein eigen uttalemåte og egne ord som karakteriserer den sosiale gruppa og er med på å danne mening hjå både individa og gruppa. Eksempel på desse sosiale gruppene kan vere kjønn, alder, utdanning og yrke.

Det andre omgrepet er den *intraindividuelle variasjonen*. Denne handlar om talemålsvariasjon hjå enkeltindividet. Denne variasjonen kan vere på grunnlag ulike forhold. Det er nemleg slik at ein snakkar ulikt med tanke på kven ein snakkar med, kva ein snakkar om og korleis ein snakkar om det. Alle desse faktorane kan påverke ordvalet, formverket og språklydane (Steinsholt, 1964, s. 11). Etter kvart som ein blir sosialisert inn i samfunnet, vil ein tileigne seg sosial kunnskap til å tilpasse målet etter den sosiale og språklege samanhengen.

4.5.2. Akkomodasjon, konvergens og divergens

Desse tre omgrepa er knytt til korleis talemålet varierer når talemålsbrukaren flyt seg geografisk. Ein har dermed ei flytting av individet frå det språksamfunnet ein føler tilhøyrslø. Korleis talemålsbrukaren snakkar utanfor heimlege trakter (både geografisk og språkleg), har samband med omgrepet *akkomodasjon*. Dette seier noko om korleis ein tilpassar talemålet i høve til andre variantar av talemål (Akselberg i Mæhlum, Akselberg, Røynealand & Sandøy, 2008, s. 160). Vidare nemnast det korleis grunnlaget for å gjere dette ligg i å skaffe seg sosiale eller materielle godar. Underlagt omgrepet akkomodasjon har ein to andre omgrep som skildrar talemålet i høve til andre variantar av talemål.

Konvergens handlar om den språklege variasjonen som skjer når individet tilpassar språket sitt for å gjere det likt ein annan talemålsvarietet. På den andre sida har ein omgrepet *divergens* som viser avstanden mellom varietetane (Akselberg i Mæhlum, Akselberg, Røynealand & Sandøy, 2008, s. 160). Når ein språkbrukar gjer ei geografisk flytting, vil kontakta med andre talemålsvarietetar påverke talemålet på ein eller annan måte. Kva i språket som endrar seg, vil konvergens og divergens vere med å enklare kunne analysere.

4.5.3. Sjobbolet

Sjobbolet er eit omgrep som kan knytast opp mot talemålsvariasjon. Omgrepet har sitt opphav frå forteljinga om Jefthas kamp mot Efraim i Det gamle testamentet i Bibelen. Om ein flyktning frå Efraim ville over ein vadestad blei ein spurt av Gileads menn om å seie «sjobbolet». Om ein uttala det som «sibbolet» var dette feil uttalemåte og ein blei dermed drepen på staden då det avslørte at ein ikkje var frå same stad som Gilead (McNamara, 2005, s. 352).

Innanfor talemålsvariasjon blir ordet nytta i høve det å brukast som ei måleining for å identifisere sosial tilhøyrslø og tilknytning til eit bestemt språksamfunn eller geografisk plass (Bugge, 2021, s. 26). Dialekt er ein viktig del av identiteten. Mennesket kan plukke med seg enkelte identitetsuttrykk som ein ynskjer å ha med seg for å markere tilhøyrslø. Dette kan knytast opp til enkelte dialektord som nyttast i større grad enn andre for å markere denne tilhøyrslø.

4.6. Talemålsutvikling

I denne delen vil eg sjå på teori kring talemålsutvikling. Då oppgåva handlar om talemålsutvikling i Valle vil dette teorikapittelet vere sær sentralt å knyte opp til dette.

4.6.1. Dialektnivellering

Dialektnivellering har utgangspunkt i den prosessen der språket blir utjamna (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 126). Vidare nemnast det korleis dette skjer på alle dei språklege nivå, både leksikalsk, fonologisk, morfologisk og syntaktisk. Utviklinga tek til ved at talemålstrekk blir mindre utbreidde. Det kan både dreie seg om geografisk utbreiing og at talemålstrekka i seg sjølv blir avgrensa. Det er dei talemålstrekka som kan opplevast som mest særmerkte som kan oppleve å bli nivellert. Då blir trekka gjort likare talemålet på regionalt eller nasjonalt nivå. Dialekttrekka som tidlegare har blitt brukt til å kjenneteikne dialekta vil falle bort. Til slutt blir talemålet likare dialektane i nærleiken og særpreget vil forsvinne.

4.6.2. Regionalisering

Ei vidare utvikling frå dialektnivelleringa er korleis talemålet blir *regionalisert*. Dette blir rekna for å vere ein underkategori av nivelleringa då den kan sjåast på som eit produkt av dette. Unn Røyneland har vore sentral i å skildre innhaldet til omgrepet. Ho nemner ein følgjande definisjon på regionalisering:

Regionalisering er, slik eg forstår det, eit dialektkontaktfenomen som må studerast og forståast som ein dynamisk prosess. Språkleg består denne prosessen i at den strukturelle skilnaden mellom nærskyldte dialektar vert redusert. Dette skjer truleg oftast på ein slik måte av lokale dialekttrekk med ei avgrensa utbreiing forsvinn, medan trekk med ei vidare regional utbreiing vert ståande eller spreier seg. (Røyneland, 1999, s. 100).

Utjamninga av dialektane fører til at ein misser dialekttrekk. Då vil ein få mindre strukturelle skilnader mellom dialektane. Ein kan ofte sjå dette i mindre bygdesamfunn i Noreg. Her vil språkmiljøet bære preg av at det språklege klimaet er på veg mot eit regionalisert språk. Ein kan få eit språkleg hierarki der enkelte geografiske område er på toppen av hierarkiet og fungerer som utstrålingspunkt for nye språktrekk. Denne staden vil då vere ei kjerne for regionaliseringa.

Norske språkforskarar er samde om at det skjer ei språkleg regionalisering i Noreg. Dermed blir språkgrensene mellom bygdemåla borte medan ei regional dialekt vil etablere seg (Skjekkeland, 1999, s. 92). Dette er støtta av undersøkinga til Bugge og Neteland. Deira undersøking støttar seg på at den generelle bøyinga av substantiv i bymåla blir regionalisert til omkringliggende geografiske område (Bugge & Neteland, 2022, s. 105). Skjekkeland nemner korleis tendensane til regionaliseringa au er til stades i Agder. Dette knyter Torp til korleis det morfologiske nivået er på veg til å bli forenkla. Den enklare bøyinga i kystmåla vil etter kvart kunne fortrenge det meir kompliserte bøyingsverket i innlandsmåla (Torp, 2001, s. 80). Torp nemner au korleis dei tradisjonelle formene i innlandsmåla liknar meir på tradisjonell nynorsk (ibid.). Dermed kan au nynorsken påverke formverket, noko som kom fram i undersøkinga til Attestog (2004, s. 120).

4.6.3. Standardisering

Standardisering er saman med regionalisering ein underkategori til nivelleringa. Røyneland nemner korleis omgrepa er avhengige av kvarandre, og at det kan vere vanskeleg å skilje dei (Røyneland, 1999, s. 103). Likevel nemner ho at standardiseringa inneber ein inneber ein reduksjon av variasjon mellom dialekt og standard. Då blir talemålet oppfatta som meir nøytralt. Det har vore vanskeleg å seie sikkert om ein har eit standardisert nasjonalt talemål i Noreg, då forskinga på omgrepet deler forskjellige syn. Mykje av usemja ligg i det mangslungne dialektlandskapet i Noreg, som gjer til at ein problematiserer denne tanken. Innan norsk sociolingvistik har ein fått ulike fløyer som tek utgangspunkt i faktorane geografi, teori og ideologi (Mæhlum, 2009, s. 21). Tolkingane forskarane gjer innanfor fløyene har bakgrunn i korleis ein stiller seg bak standardiseringa av norsk talemål.

4.6.4. Kodeveksling

Ein stor del av innhaldet i kapitla ovanfor skildrar ulike faktorar til at talemålet utviklar seg. Ein av desse faktorane er den auka geografiske mobiliteten (sjå 4.3.2.). Når folk gjer geografiske flyttingar kan dei i større grad begynne å blande dialektar. Dette gjer til at språkbrukarar tek i bruk enkelte variantar frå fleire forskjellige dialektar og integrerer desse til ein særeigen og individuell kode (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 143). Dialektblandinga blir skildra som ein nøytraliseringsstrategi. Dette gjer dermed ikkje til at resultatet av blandinga

behøver å vere eit nøytralt og standardisert regionalt talemål, slik det er skildra i kapitla over. Det er berre måten ein blandar på som blir sett på som ein nøytraliseringsstrategi.

Grunnane til kodevekslinga er fleire, men hovudsakleg blir kodevekslingsstrategiar brukt bevisst og ubevisst til å skape ein viss effekt eller for å signalisere noko om tilhøvet til mellom samtalepartnarane (Røyneland i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 53). Dette signalet kan skaffe både markere sosial, kulturell eller psykologisk nærleik eller distanse til samtalepartnaren. Det kan vere fleire føremål og funksjonar bak kodevekslingsstrategiane. Val ein tek når ein snakkar er meiningsberande og utgjer ein kommunikativ ressurs for språkbrukarane (ibid.).

4.6.5. Bidialektisme

Bidialektisme er ein annan nøytralitetsstrategi med kontekstavhenging veksling mellom ulike dialektar (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 144). Denne strategien har au sitt utgangspunkt i den auka geografiske mobiliteten i samfunnet. Når menneske er oppvaksne på ulike plassar, eller har foreldre med ulik dialekt så har dei større føresetnad for å veksle mellom dialektane. Ein tilpassar målet i større grad etter samtalepartnaren. Dette er avhengig av tid og stad då bidialektisme er sterkt påverka av sosiale situasjonar.


4.6.6. Dialektkontinuum i Valle

Dei ulike delane av teori ovanfor viser kva for ulik talemålsutvikling ein kan ha. På Valle skule er det ulik talemålsvariasjon. Denne variasjonen kan ha ulik lingvistisk avstand frå vallemålet knytt til ein geografisk avstand. Samsvaret mellom dei to blir kalla for eit dialektkontinuum (Røyneland i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 20). Når elevane utviklar dialekta si kan ein dermed spør seg om korleis ein kan ende opp med å ville plassere seg på dialektkontinuumet med utgangspunkt i talemålssituasjonen på Valle skule.

Blant elevane på skulen kan det oppstå blanding mellom lingvistiske talemålsstandardar. Det er ikkje nødvendigvis slik at det er ein tydeleg avstand mellom standardane. Eg set opp ein modell etter hovudtendensar til at det er tre variantar av talemål som er representerte på Valle skule. Ved sidan av vallemål skildrar Attestog korleis det lokale talemålet i Setesdal må vike for eit slags regionalt «indre agdersk» (Attestog, 2004, s. 9). Dette er vidare skildra som eit talemål med samanheng med målet frå Evje, 90 kilometer sør for Valle. Attestog spør så om

det lokale talemålet i Setesdal er bokmål (Attestog, s. 10). Eg vil heller nytte meg av omgrepet standardaustnorsk, der Oslo er utgangspunktet for dette målet (Skjekkeland, 2010, s. 98). Med dette set eg opp følgjande modell for å skilde dialektkontinuumet med utgangspunkt i Valle.

Figur 4:



Eigenlaga modell.

Figuren viser korleis ein kan ha glidande overgang mellom talemåla. Vidare må det drøftast kring korleis ein kan knyte resultatata frå undersøkinga mi med figuren og kontinuumet.

4.7. Språkleg identitet

Språket er med på å seie kven me er som menneske. Det er via språkleg samspel med andre menneske at ein dannar seg ein språkleg identitet. Det å snakke dialekt kan dermed sjåast på som ein viktig del av identiteten. Sjølve omgrepet dialekt har fleire definisjonar. Den mest vanlege definisjonen går ut på at dialekt er eit geografisk bestemt språkssystem (Skjekkeland, s. 17, 2010). Dette kan problematisere dialektomgrepet. Kva skjer då med dei som er frå ein geografisk plass men ikkje snakkar dialekta knytt til denne staden? Dette gjev grunnlag for seinare drøfting. Fyrst må eg presentere korleis ein kan knytte saman språk og identitet.

4.7.1. Identitetsomgrepet

Identitet blir skildra som ein permanent instans i eit menneskes personlegdom (Mæhlum i Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røynealand & Sandøy, 2008, s. 109) Det er handlar om kva som gjer ein til kven ein er. Då er det snakk om trekk frå personlegdomen som er sett på som typisk ved eit individ. Det er ulike måtar å nærme seg omgrepet, då ein både kan ha essensialistisk og konstruktivistisk oppfatning av identitet.

Den essensialistiske oppfatninga er i all hovudsak prega av synet på identitet som noko uforanderleg. Identiteten ein har, kan bli sett på som noko medfødd. Den er ikkje mogleg å påverke utanfrå, og innerst inne vil ein alltid ha denne identiteten. Oppfatninga er prega av synet på identiteten som ein kjerne (Mæhlum i Mæhlum et al., 2008, s. 109).

Den konstruktivistiske oppfatninga står i motsetnad til den essensialistiske. Her er ser ein på identitet som noko variabelt. Over tid kan det vere moglegheit for at identitet kan forandrast ved ytre påverknad. Identiteten er noko ein gjer, og ein vil kunne tileigne seg ulike uttrykk som gjer den samansett (Mæhlum i Mæhlum et al., 2008, s. 109).

Identitet kan au bli sett på som ei blanding av dei to ovanfor nemnte oppfatningane. Det er ikkje lett å blande dei homogene og heterogene oppfatningane då dei er motstridande ovanfor kvarandre. Dei to oppfatningane må dermed einast med kompromiss.

4.7.2. Forming av identitet – Tilpassingsteori og sosial nettverksteori

I denne delen vil to teoriar bli sett på. Desse er sentrale i forminga av identitet i høve til språkbruk. Teoriane vil søke å forklare kvifor, korleis og når ein tilpassar språket i den sosiale interaksjonen, og kva som er dei sosiale konsekvensane av denne tilpassinga (Giles, 2016). Tilpassingsteorien er den fyrste eg vil innom. Denne teorien ynskjer å vise korleis ein individuelt tilpassar talemålet sitt i høve til kven ein snakkar med. Det er her omgrepa konvergens og divergens kjem inn. Desse har blitt utdjupa i 4.5.2. Eg kan likevel take fram dei viktigaste momenta med desse språklege strategiane. Mæhlum definerer det på denne måten:

Enten *konvergerer* vi, noe som innebærer at vi på en eller annen måte nærmer oss samtalepartnerens måte å snakke på, eller vi *divergerer*, som betyr at vi opprettholder allerede eksisterende språklige forskjeller eller også øker den lingvistiske avstanden til

samtalepartneren (Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 112).

Den lingvistiske avstanden i tilpassingsteorien er avhengig av korleis ein ynskjer å markere seg i høve til den ein snakkar med. Dette blir ein faktor for den språklege tilpassinga, og den påverkast av status- og prestisjeforhold (Mæhlum et al., 2008, s. 113). Når ein står ovanfor kvarandre i eit forhold av gjensidig språkleg forståing og handlingsmønster vil ein konvergere for å markere tilknytning. Samstundes kan ein markere avstand frå ei sosial gruppe eller samtalepartnar ved å språkleg distansere seg (divergere). På denne måten tilpassar ein talemålet i eit samspel som går ut på å markere kva opposisjon ein har til den andre parten.

Tilpassingsteorien er ein individbasert teori. Det er den språklege tilpassinga som skjer mellom individ. Når det gjeld den språklege tilpassinga eit enkeltindivid gjer på bakgrunn av eit sosialt nettverk, må ein sjå på dette som ein eigen faktor som må bli forankra i ein annan teori. Det er her at *nettverksteorien* blir sentral.

Utgangspunktet for teorien ligg i korleis ein skal skildre kva slags krefter som ligg i integreringa av enkeltindividet inn i ulike sosiale fellesskap (Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 116). Mæhlum nemner korleis sosialantropologen Lesley Milroy (1980) står bak teorien. Faktorar for språkutvikling er sosiale nettverk som familie, vener og kollegaar på arbeid. Nettverksteorien vil prøve å forklare kva i desse nettverka som fører til at ein opprettheld språklege normer og at ein dermed vil snakke likt som dei andre i nettverket. Milroy peikte ut to sentrale mekanismar for språkending, og dei låg i nettverkets struktur og funksjon.

Strukturen speglast av kontakten mellom personane som inngår i nettverket. Ein kan ha nettverk med stor tettleik av forbindelsar, der alle personane kjenner alle. Strukturen kan au vere annleis med at ein person kjenner fleire, men at dei ikkje kjenner kvarandre. Då har nettverket liten tettleik. Desse forbindelsane kan vere komplekse og det er mange faktorar innanfor nettverka som er med på å påverke språket. Likevel er nettverkstettleiken med på å vise dei sentrale linjene ved kommunikasjonsfellesskapet.

5. Metode

I metodekapittelet vil eg gjere greie for korleis eg har gått fram for å innhente empiri til oppgåva. Empiri handlar om å hente erfaring til oppgåva som skal forskast på. Denne erfaringa blir innhenta ved metode. Metode er «... en betegnelse for hvordan vi kan samle inn, behandle og analysere data», ifølgje Akselberg og Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy (2008, s. 74). Sidan forskinga i oppgåva mi er tenkt å byggje på tradisjonane til tradisjonell dialektologi og sosiolingvistik, vil metodebruken min ha samanheng med dette forskingsfeltet. Det er fleire spørsmål omkring talemål eg vil få svar på, noko som forskingsspørsmåla mine ber preg av. Det er mange val ein må bestemme seg for når det kjem til metodebruken. Korleis skal ein formulere spørsmåla? Kor mange spørsmål skal ein nytte seg av? Kor breitt eller djupt skal ein la undersøkingane gå? Ved å bestemme seg for bruken av metode, vil dette vere eit reiskap for å svare på forskingsspørsmåla for å kome fram til ny kunnskap.

5.1. Kvantitativ, kvalitativ eller metodeblanding?

Når ein skal bestemme seg for metodevalet må ein tenkje på kva slags bruk av metode som er mest hensiktsmessig. Ein må nytte seg av den metoden som i størst grad kan svare på forskingsspørsmåla. Det er nemleg stor samanheng mellom desse delane. Samstundes må ein ta omsyn til omfanget av prosjektet. Metoden må tilpassast etter dette, og eventuelle andre faktorar. Innan det meste av forskning er det i all hovudsak i bruk kvantitative eller kvalitative metodar. Det finnst au metodeblanding der ein kan kombinere dei to.

5.1.1. Kvantitativ metode

Den kvantitative metoden er oppteken av å ha eit statistisk representativt utval av informantar (Akselberg & Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 80). Her er blant anna spørjeundersøkingar eit sentralt eksempel på bruk av kvantitativ metode. Spørjeundersøkingar kan sjåast på som å vere synonymt med å skaffe seg overblikk over noko (Stjernholm, 2020, s. 69) Kvantitativ metode har sine fordelar då den brukast til å gjeve informasjon om eit breitt utval av informantar. Dette kan vere informantar innanfor ei gruppe som ein vil undersøke nærare. Då er metoden noko som gjer at dei kan skape oversikt over denne gruppa. Denne moglegheita til å skaffe oversikt kan au vere til hjelp for å generalisere.

Den kvantitative metoden har fokus på å vere vidtrekkande samt at den er ein metode som ser overflatisk på einingane som skal undersøkast (Hellevik, 1999, s. 40 i Stjernholm, 2020, s. 70). Det er fort å trekke konklusjon om at dette er ei ulempe ved denne metoden. Dette treng det nødvendigvis ikkje å vere, då det kjem heilt an på korleis ein formulerer problemstillinga si. Det er likevel sanning i at eit spørjeskjema ikkje vil gjeve dei same svara som ein kvalitativ metode. Ein får ikkje vite noko om bakgrunnen for svara.

Det er fleire som har den formeininga at ein kvantitativ undersøking inneheld eit stort utval med informantar. Det kan vere slik, men det gjeld ikkje alltid. Kvantitativ metode har au eit utgangspunkt i at dei samlar inn data som kan teljast (Rasinger, 2012, s. 10 i Stjernholm, 2020, s. 70). Dermed kan kvantitative metodar au innehalde mindre utval av informantar, berre under det kravet at informasjonen må vere kvantitativ – at dei har moglegheit til å målast ved teljing.

Det er viktig å hugse på fleire ting når ein skal nytte seg av eit spørjeskjema for å få svara ein er ute etter. Det er spesielt viktig å ha konkrete og korte spørsmål. Desse må ikkje vere utforma slik at ein leder svara i ei bestemt retning. Kvart einaste ord i spørjesetningane må tenkast nøye igjennom.

5.1.2. Kvalitativ metode

Det er ikkje alltid at det er det målbare og objektive ein har behov for å få svar på. Avhengig av kva ein vil finne ut, kan det vere meir hensiktsmessig å gå i djupna hjå færre einingar. Dette er kjernen i det å undersøke noko kvalitativt. Det finns fleire kvalitative metodar. Ein kan blant anna analysere, observere eller intervjuje. Under eit intervju dreier det seg om å samle inn data gjennom å samtale med ein eller fleire personar. Gjennom personane – intervjuobjekta, vil ein få moglegheit til å finne ut om menneskeleg erfaring, deira refleksjonar, kunnskap og haldningar til eit tema (Neteland, 2020, s. 51). Dette i seg sjølv er ein fordel med å bruke kvalitativ metode.

Det er au enkelte utfordringar med denne metoden. Sidan informasjonen ein får er subjektiv, vil ein ikkje sitte igjen med eit fasitsvar. Dette er enklare å skaffe seg med kvantitativ metode der svara kan fastsetjast med tal. Det kan au vere usikkert å vite om intervjuobjektet kjem med svar som er korrekte i den konteksten intervjuet går føre seg. Kvalitativ metode er kjend for å vere tidkrevjande, noko som blir gjort greie for under.

Det blir stilt store krav til den som er ansvarleg for intervjuet. Det må aller fyrst ordnast med søknad til NSD (*Norsk senter for forskingsdata*) om å behandle personopplysningar om ein vil ta lyd- eller videoopptak av intervjuobjektet. Dermed må ein få samtykke, meir om dette og andre etiske omsyn i 5.10. Seinare må ein organisere kven ein vil intervju, når og korleis. Det er ein god del praktiske ting som må ordnast før intervjuet. Ein må prøve å velje eit tidpunkt som ikkje har påverknad på svara til informanten. Ein må vite kva spørsmål ein vil stille, og kva ein kan gjere under intervjuet for å få best svar utan å påverke informanten i ei viss retning. Når intervjuet er gjennomført må ein begynne å transkribere, noko som krev mykje tid. Her blir lyd gjort om til ord. Etter transkriberinga er det analysen som står for tur, noko som au er tidkrevjande.

5.1.3. Metodeblanding

Det er mogleg å ha ei blanding av kvantitativ og kvalitativ metode. Når ein kombinerer metode kan ein i mange tilfelle auke gyldigheita på resultatane frå undersøkinga (Neteland & Aa, 2020, s. 18). Ved å nytte seg av metodeblanding kan ein belyse problemstillinga frå fleire synsvinklar. Ein utjamnar dermed ulempene med den kvalitative og kvantitative metoden. Om ein manglar den djupare informasjonen ved kvantitativ metode, kan ein tilføre kvalitativ metode for å jamne ut ulempene og få meir av den informasjonen ein er ute etter. Dette kan au gjennomførast omvendt. Kvalitativ og kvantitativ metode tek kvar for seg ein del tid å førebu og å gjennomføre. Då vil ei blanding av desse metodane vere tidkrevjande, noko som er ei ulempe. Samstundes må ein au vere kritisk til korleis ein nyttar seg av denne metodeblandinga for å få svar på det ein lurar på. Ein må med andre ord vite kva ein skal gjere, for at blandinga av metodane skal vere vellukka.

5.2. Metodisk framgangsmåte

Etter å ha gjort greie for kva som kjenneteiknar dei ulike metodevala, må ein velje seg ut kva som høver til oppgåva si problemstilling. Då er det viktig å sjå på kva moglegheiter og avgrensingar metodebruken gjev. For denne oppgåva er det slik at et ikkje har valt meg ut ei konkret problemstilling. Med bakgrunn i det eg vil finne ut, er det slik at eg nytta meg av fire forskingsspørsmål. Det er med utgangspunkt i desse spørsmåla at metodebruken skal bestemmast. Dette viser seg å vere ulikt. Nokre av forskingsspørsmåla har ei meir kvantitativ tilnærming, medan andre heller meir mot det kvalitative. Samstundes kan ein i heilskap sjå på

alle forskingsspørsmåla som ei metodeblanding. Forskingsspørsmåla mine ynskjer svar på forskjellige ting, og eg vil dermed ta føre meg den metodiske framgangsmåten til kvar og ein av dei.

5.2.1. I kor stor grad ligg vallemålet til elevane innmed det tradisjonelle vallemålet?

I dette forskingsspørsmålet er nemninga «I kor stor grad» sentralt. Her er det snakk om å måle for å finne ut «graden» av noko – altså korleis elevane snakkar no i korrelasjon til den tradisjonelle dialekta i Valle. Då er det fyrst og fremst sentralt å vite kva slags delar av dialekta ein skal bruke for å kunne samanlikne dagens vallemål blant elevane med den tradisjonelle dialekta. Då må ein velje ut nokre språklege variablar. Meir om dette under 5.4. Vidare er det ein «grad» som skal finnast. Då dreier valet av metode seg mot noko som kan skaffe seg oversikt over dagens unge vallemålsbrukarar. Då er det snakk om fleire personar. Samstundes må det au vere moglegheit for å talfeste resultata frå undersøkinga. Det er via talfesting og endringsprosent at dialektbruken hjå informantane kan samanliknast med den tradisjonelle dialekta. Oversikt og teljing er samanfallande med kvantitativ metode, som vil vere metodevalet under dette forskingsspørsmålet.

Frå informantane vil ein effektivt få informasjon om deira dialektbruk. Innanfor den kvantitative metoden er det spørjeskjema som blir mest hensiktsmessig å bruke. Hensikta til spørjeskjemaet er å konkret hente informasjon om korleis informantane seier eller uttaler dei språklege variablane frå undersøkinga.

5.2.2. Kva slags grunnar ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front?

Dette forskingsspørsmålet er forma slik at ein kan forstå det som ei kvalitativ tilnærming til metodevalet. Ein må finne ut *kva som ligg bak*. Det å måtte grave etter noko bakanforliggende er det same som å måtte undersøke noko på djupare plan. Dette er essensen i kvalitativ metode. Dermed må au undersøkinga bere preg av dette. Det kvalitative kjem til uttrykk ved å leggje til rette for meir opne spørsmål i slutten av spørjeundersøkinga.

5.2.3. Er det teikn til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt?

For å få svar på dette må ein sjå etter tendensar til grupperingar der bruken av vallemål er meir utbreitt. Etter at undersøkinga er gjort kan det vere mogleg å sjå eit tydelegare bilete på

kva slaga tendensar ein har til dette. Dermed kan eg nytte meg av dei kvalitative og meir opne spørsmåla til å subjektivt innhente empiri på kvifor det har blitt slik.

5.2.4. Kva er grunnane til at elevar med vallemål i nære relasjonar (foreldre og søsken) ikkje sjølv nyttar seg av vallemålet?

Dette forskingsspørsmålet er reint kvalitativt. Det er ein eigen intervjuguide som skal nyttast til dette høvet. Intervjuet er meint å vere semistrukturert. Eg har seks faste spørsmål eg skal spør informantane om. Eg har au høve til å stille tilføyings spørsmål. Spørsmåla kan tilpassast etter korleis dialektsituasjonen er i familiane til dei ulike informantane. Det kan hende informantane har søsken som snakkar vallemål når dei sjølv ikkje gjer det. Det kan au vere at det er forskjell i dialektsituasjonen til foreldra som kan føre til utslag på korleis informanten snakkar.

5.3. Utval av informantar

«Dei unge har aldri snakka så dårleg som «akkurat no», heilt uavhengig av kva tid «akkurat no» er» (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 127). Dei unge kan bli sett på som syndaren når det kjem til å spreie språklege trekk som fører til talemålsutvikling. Utviklinga fører dialekta i ei retning bort frå «fasiten» til talemålet som den eldre generasjonen som oftast sit på. Det er mangt som skjer i dialektlandskapet til dei unge. Dette gjeld au på ein sopass liten plass som Valle kommune. Dei unge er ei viktig informantgruppe for å studere språkendingar i frammarsj då dei utgjer ei viktig rolle når det gjeld språkending og dialektnivellering (Røynealand, 1999, s. 85-90). Dermed ville eg nytte meg av elevar som informantar til masterprosjektet.

Då eg valde meg ut informantane til oppgåva var det fleire ting eg måtte vege fram og tilbake. Kven skulle vere kvalifisert til å vere informant? Det enda med å undersøke talemålet til elevar frå 5. til 10. klasse på Valle skule. Dei er dermed omtrentleg mellom 10 og 15 år i alder. Dette er ei aldersgruppe der eg kan sjå føre meg at det er mykje som kan skje av språkleg utvikling hjå elevane. Dette styrkar kor interessant informantgruppa er. Det blei i grunnen naturleg for meg på fleire måtar å velje denne informantgruppa. Dette er skulen eg har jobba på som vikar sidan 2019, med ei 50 % stilling frå august 2022. Dette passa særst godt og skapa gode føresetnader då det var i denne perioden at masterprosjektet skulle setjast i gong. Eg visste kven av elevane som snakka vallemål og ikkje, og dermed kven av dei som

kunne vere interessante å hente empiri frå. Eg har likevel sett opp kriterium for utveljing av informantar, noko som blir gjort greie føre vidare. Ein annan faktor for informantutvalet er mi etablerte kjennskap med elevane. Samstundes kjenner au elevane meg. Dette ser eg føre meg eg tryggande for informantane når dei skal takast ut til intervju. Dette kan au skape utfordringar med validitet, noko eg ser på i 5.9. Det er innanfor 5. til 10. trinn at eg utdannar meg på grunnskulelærarutdanninga. Dette blei dermed au ein medverkande faktor til at det blei naturleg å velje denne aldersgruppa. Ved å velje elevar i skuleklassar er det mykje enklare å ordne intervju, då informantane er samla på skulen medan eg er der på jobb.

Når ein startar på eit omfattande masterprosjekt har ein ikkje moglegheit til å undersøke alt. Oppgåva måtte avgrensast for å ikkje gape over for mykje under metoddelen. Det hadde sjølvsagt vore interessant å fått eit overblikk over dialektbruken på heile Valle skule, men med ei tidsavgrensing er det ikkje råd å få med alt.

Eg delte informantane opp i to ulike grupper. Den eine gruppa bestod av elevar som snakka vallemål. Desse elevane har eg sjølv observert at har snakka vallemål då eg på eit eller anna tidspunkt har vore vikar for alle klassane frå 5. til 10. klasse. Mellomsteget og ungdomssteget i Valle er ikkje større enn at det var mogleg å skaffe meg oversikt over dette på eiga hand. Denne informantgruppa blei intervjuva ved hjelp av eit spørjeskjema, samt eigne spørsmål som var passande for dei (sjå. 5.4. og 5.6.).

Når eg vel ut elevar som snakkar vallemål, må eg ha nokre kriterium som er med på å kjenneteikne at informanten har dette talemålet. Eg vel å ha eit overordna fokus på diftongering med bakgrunn i at Omdal nemner dette som eit klart målmerke i setesdalsdialekta og at det må førekome i ei viss utstrekning om ein skal oppfattast som brukar av denne dialekta (Omdal, 1994, s. 225). Underordna diftongering vel eg au å observere kva for ordtilfang informanten har. Nyttar ein seg av typiske ord frå vallemålet? Dette kan vere ei mengde ord som eg ikkje kan gjere fullstendig greie for. Det er likevel enkelte ord som er med på å danne eit tydeleg skilje mellom vallemålet og andre dialekter. Dette kan vere ord som «dikkå» (dykk) og «gama» (gøy). Eg har observert elevar bruke både desse orda i målet sitt utan at dei snakkar vallemål. Dette har grunnlag i at dei ikkje har noko diftongering i målet sitt. Det at dei berre har einskilde ord frå vallemål i vokabularet sitt gjer ikkje til at dialekta deira kan karakteriserast som vallemål. Dei må i tillegg ha ein viss grad diftongering.

Dermed var det slik at eg hjå båe informantgruppene har tatt i bruk eit strategisk utval av informantar. Dette er ein metode for å velje dei informantane som kan gjeve best informasjon om det oppgåva spør om (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 67). Dette måtte eg gjere for å sikre empirien som eg var ute etter for å svare på det oppgåva spør om.

Den andre gruppa bestod av elevar som ikkje snakka vallemål. Her var det ikkje kven som helst som var kvalifisert til å vere informant. Det var fleire elevar som ikkje hadde den språklege bakgrunnen eg søkte etter i dette masterprosjektet. Dette gjaldt blant anna elevar som sjølv var innflyttarar til kommunen eller hadde båe foreldre som innflyttarar. Det kunne au gjelde dei med innvandrarforeldre frå anna land eller at eleven var sjølv var fødd i eit anna land og seinare innvandra til kommunen. Eg var ute etter elevar som har minst ein av foreldra frå Valle, der eg visste at denne forelderen sjølv nytta seg av vallemål i det daglege. Her er heller ikkje bygda større enn at eg veit kven foreldra til alle ungane og ungdomane er, og nokolunde kva for dialekt dei har. Viss eg var i tvil så spurde eg informanten sjølv. Det å vere oppvaksen og å bu i ein liten kommune viste seg dermed å ha sine fordelar under dette masterprosjektet. Hjå denne informantgruppa var det ikkje i bruk noko spørjeskjema, men nokre eigne spørsmål som var tilpassa denne gruppa elevar. Ei djupare utgreiing av korleis eg konkret utførde intervjuet vil bli gjort greie for i 5.6.

5.4. Utval av språklege variablar

Når det kjem til undersøkinga av elevane med vallemål så måtte eg ta stilling til kva i dialekta eg ville undersøke. Sidan vallemålet er fullt av ulike målmerke, er det uråd å få undersøke alle. Då blir spørsmålet kva slags utval av språklege variablar eg vel å ha med i undersøkinga.

Då nytta eg meg av tidlegare teori og tok utgangspunkt i kva som hadde blitt gjort tidlegare i liknande oppgåver kring målet i Setesdal. Eg tok dermed i bruk Helge Omdals si doktoravhandling *Med språket på flyttefot* frå 1994. Ein etterfølgjar av Omdal var Birgit Attestogs hovudfagsoppgåve frå 2004. Ho brukta stort sett same variablane som Omdal då ho samanlikna sine funn med dei frå 1994. Det var snakk om 13 språklege variablar. Attestog samla Omdals ideelle krav til dei språklege variablane. Dei er som følgjer:

1. Dei skal vere frekvente trekk i talemålet

2. Variantvekslinga skal vere mellom einingar som står i binær opposisjon
3. Variantane har mest mogleg distinkt opposisjon
4. Variablane skal vere klart strukturert skilde
5. Variablane bør representere ulike nivå av språkssystemet

(Frå Omdal, 1994 i Attestog, 2004, s. 53).

Dermed blei det klarare for meg at å ta utgangspunkt i dei 13 språklege variablane vil vere ein naturleg plass å starte mitt eige utval av språklege variablar. Etter å ha sett nærare på dei 13 variablane fann eg fram til at det ikkje var alle som var like relevante for mi oppgåve. Dette hadde nok sitt grunnlag i at Omdal ville samanlikne språklege trekk i dialekta i Kristiansand og i Valle. For eksempel det å undersøke forma *frå* i høve til *fra*. Dette var ikkje eit språkleg trekk eg ville fokusere på å undersøke. Dermed valde eg vekk tre språklege variablar til eg enda opp med ti. Eg ville ha eit større fokus på meir særmerkte trekk i vallemålet som for eksempel diftongering, dobbel *dd* for *ll* og svarabhaktivokal. I undersøkinga blei det laga spørsmål til dei språklege variablane. Spørsmåla gjekk ut på korleis ein uttala sjølve ordet eller ei setning. Spørsmåla var inndelte innanfor tre språklege nivå med bakgrunn i korleis Omdal og Attestog hadde plassert dei språklege variablane frå sine undersøkingar.

Vidare skal kvar og ein av dei språklege variablane bli presentert. Her er det slik at dei orda som er utheva i feitt skrift er dei enkeltorda innanfor dei språklege variablane som det er fokus på. Det er desse orda som dannar grunnlaget for å sjå på korleis tilstanden til vallemålet er i høve til det tradisjonelle vallemålet.

5.4.1. Fonologisk

Det fyrste språklege nivået er den fonologiske variasjonen. Dette tyder den talespråklege variasjonen som gjeld lydverket (Sandøy, 1996, s. 24). Her var det fem spørsmål som blei tatt i bruk.

1. *Diftongering*. Her blei informanten spurt om korleis dei seier: ***Eg vil vere med deg og gjere noko***. I det tradisjonelle vallemålet blir dei markerte orda uttala med diftong. Realisasjonane blir dermed uttala som *èg, vère, dèg, gjère og nòko*. Dei fire fyrste orda blir uttala med ein ekstra «i» som skyt inn føre *e* og dermed dannar diftongen. I *nòko* vil det vere ein *å* som legg seg etter *o*. Eit fråfall av diftongar i målet vil vere eit teikn på ein står ovanfor ei talemålsendring bort frå tradisjonelt vallemål.

2. *DD for LL*. Når mange skal herme etter vallemålet, bruker dei ofte ordet «Vadde» i staden for «Valle». Sidan målmerket blir lagt merke til av dei som ikkje snakkar vallemål, seier det noko om kor særmerkt det er. No er det slik at ordet *Valle* er eit av unntaka innanfor tradisjonelt vallemål der dobbel *l* ikkje blir til dobbel *d*. Av andre ord i vallemål med dobbel *l* er det derimot annleis, og det er fleire eksempel på dette. Den setninga eg har vald ut til informantane er som følgjer: «Eg skal på **fjellet**, på **vill**e heia.». *Fjellet* og *vill*e blir til *fjøddi* og *vidde* på vallemål. Valet av ord hadde bakgrunn i at det å vere på *fjøddi* og på ei *vidd* hei kan ligge nære informantane si identitet. Orda er lette å kjenne seg igjen i når ein bur i ein kommune som Valle.
3. *Framlyd av pronomenet «Kven»*. Her skal informantane seie setninga «**Kven** er du?». Dette er ein språkleg variabel som eg mistenker kan seiast på fleire måtar sjå informantane. Uttalar dei pronomenet som vallemålsvarianten *kve*, nynorskversjonen *kven*, eller blandingsforma *kem*. Ein annan variant er den bokmålske *hvem*, men sidan denne variabelen startar på konsonanten *h* istaden for *k*, kan det vere mindre sjanse for at informantane bruker denne varianten.
4. *Bortfall av l før konsonantar*. Her er det følgjande setning som skal seiast av informantane: «Kva skal du i **helga**?». På tradisjonelt vallemål vil *helga* bli uttala som *hæ:jei* eller *hæ:gei*. Ved variabelen kan ein utforske om informantane har gått bort frå *l* før konsonantar og at ordet dermed blir uttala som *helga*. Variabelen kan au nyttast til å sjå om det er forskjellar i korleis informantane seier *helga*, då det au kan førekome ei blandingsform mellom vallemål og nynorsk, nemleg *he:ga*, eller kanskje *helgei*.
5. *Palatal uttale av k og g i innlyd*. Dette er ein språkleg variabel der omgrepet palatalisering er sentral. Ein artikulerer denne lyden med at tunga blir dregen attende til ganen (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 50). Når ein gjer dette ved uttalen av *k* og *g* i innlyd vil ein få formene *tenkje* og *veggjen* i staden for *tenke* og *veggen*. Dette talemålstrekket kan vere på veg bort frå dagens dialekt. Då står ein ovanfor ei avpalatalisering. Setningane eg bad informantane uttale var som følgjande: «Eg **tenker** på deg» og «Eg sit innmed **veggen**».

5.4.2. Morfologisk

Morfologien handlar om den talespråklege variasjonen som gjeld formverket (Sandøy, 1996, s. 24). Frå det morfologiske nivået enda eg dermed opp med to språklege variablar.

6. *Omlydsvokal, sterke verb presens singular.* Denne språklege variabelen består av to setningar som informantane skal seie. På denne måten kunne eg sikre meg å fange opp eventuell variasjon innanfor variabelen. Den fyrste setninga er: «No **veks** du ikkje meir.». I tradisjonelt vallemål vil det sterke verbet *veks* få ein omlydsvokal når det står i presens singular og dermed bli uttala som *vekse*. Ei nøytral form i høve til vallemålet blir å uttale det som *veks*. Den andre setninga inneheld det same, då det er denne setninga det dreier seg om: «Han **tek** sykkelen.». Her vil det au bli lagt på ein ekstra vokal slik at det blir til *teke*.
7. *Svarabhaktivokal.* I det tradisjonelle setesdalsmålet er det slik at det vil førekome svarabhaktivokal i både adjektivet og i den ubestemte form substantiv i hankjønn (Omdal, 1994, s. 59) Eksempelet eg brukte i intervjuguiden var korleis informantane sa setninga «Ein **hest** med ein **fin** farge». På tradisjonelt vallemål seier ein gjerne «Ain **heste** mæ ein **fine/vene** fargi/farji».

5.4.3. Leksikalsk

Det tredje og siste språklege nivået eg har med er den leksikalske variasjonen. Då er det snakk om talespråkleg variasjon som gjeld ordtilfanget (Akselberg i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 132).

8. *Personleg pronomen 1. person eintal. Eg.* Denne språklege variabelen er ein sentral del av vokabularet til informantane. Det er dermed au ein sentral del av dialekta å undersøke. I vallemålet har det tradisjonelt vore *eg* som er den dominerande uttalen av personleg pronomen 1. person eintal. Dette kan nok ha samanheng med at vallemålet er ei vestnorsk dialekt (Skjekkeland, 1997, s. 221). Det er to uttalevariantar av *eg* i vallemålet. Den eine varianten blir diftongert og er dermed uttala som *èg*. Dette tyder at vokalen *i* smyg seg foran *eg* og diftongerer pronomenet slik at uttalen blir *ieg*. Den andre varianten blir ikkje diftongert, og uttalast rett fram som *eg*. No skal det undersøkast om desse formene enno er til stades hjå informantane, eller om den er på

veg mot *æg* slik pronomenet blir uttala i sørlegare delar av Setesdal. Det kan au vere interessant å undersøke om det austnorske *jei* (jeg) er til stades i målet.

9. *Personleg pronomen 1. person fleirtal. Mi eller me.* Dette er i likskap med eintalsforma av personleg pronomen ein stor del av det kvardagslege språket til informantane. Det er eit ord som blir brukt i stor grad. Det er au påverknaden mot nynorskforma *me* som skal setjast under ljuset her. På vallemål blir *mi* nytta. Her er det setninga «**Me** skal på tur» som nyttast for å skaffe meg funna knytt til den språklege variabelen.

10. *Nektingsadverbet ikkje.* Informantane skal svare på korleis dei seier setninga «**Ikkje** gjer det!». Her sidestiller eg dei tradisjonelle formene av nektingsadverbet på vallemål som *inkji* eller *ikkji*. Dette er med bakgrunn i at dei båe kan kome til uttrykk i uttalen av setningar på vallemal.no, noko eg ser på som ei verdifull kjelde (www.vallemal.no, c). Dei to formene har den ustemte frikative kj-lyden til felles. Dette gjeld au den nynorske og regionale forma *ikkje*. Denne forma har ikkje *i*-endinga slik den er i vallemålet. Det er dette som skal undersøkast.

5.5. Sosial variabel: Kjønn

I undersøkinga vel eg å ta i bruk kjønn som ein sosial variabel. På denne måten kan eg knyte dette til det tredje forskingsspørsmålet som spør om det er enkelte grupper som snakkar meir vallemål enn andre. Det er delte resultat når det kjem til i kva grad kvinner standardiserer talemålet sitt. Fleire studiar peiker på at dette er tilfellet og at kvinner bruker fleire prestisjeformer eller standardnære former enn mennene, og dermed har større tendens til å endre talemålet sitt oftare (Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røynealand & Sandøy, 2008, s. 120). Kvinner er meir innovative med nye former i språket som bryt med standardtalemålet (Trudgill, 1974 og Eckert, 1989 i Mæhlum, s. 120). Dette gjer kvinnes språkending paradoksal då dei både snakkar meir standardnært og bryt med dette standardmålet (Labov, 2001, s. 292). Likevel er det nyare forskning som tyder på det motsette. Røynealand (2005) har eit større fokus på gruppetilhøyrse og at kjønn ikkje har så mykje å seie lenger. I hennar undersøking var det i større grad gutane som snakka standardnært. I dagens samfunn er ein meir likestilte enn tidlegare. Dette er noko Skjekkeland stiller spørsmål med om kan ha noko med denne utviklinga å gjere (Skjekkeland, 2009, s. 28). Han nemner at ein i større grad må

sjå på korleis prestisjedialektar kan vere faktor for kven av kjønna som snakkar mest standardnært.

5.6. Utval av spørsmål til intervju

Til kvar av dei to informantgruppene blei det stilt kvalitative spørsmål. Dette var for å få fram refleksjon blant informantane og deira haldning til dialekta og kva dei sjølv meinte hadde vore med å påverke måten dei snakkar på. Dette blei gjort for å svare ytterlegare på forskingsspørsmåla. Sidan eg har to informantgrupper vil spørsmåla avhenge av om dei høyrer til den gruppa av informantar som snakka vallemål (informantgruppe 1) eller den utan vallemål (informantgruppe 2).

5.6.1. Informantgruppe 1

Til den fyrste informantgruppa kjem spørsmåla etter den kvantitative delen av intervjuet. Då vil intervjuet gå over i ei meir semi-strukturert retning. Spørsmåla er faste, men eg har moglegheit til å kome med tilføyings spørsmål. Eg kunne hatt eit lengre intervju med informantane om deira dialekt, men av omsyn til omfanget til oppgåva hadde eg ikkje moglegheit til dette. Eg måtte dermed velje ut fire spørsmål som var mest sentrale for å svare på forskingsspørsmåla. Spørsmåla er som følgjande:

1. Kvifor har akkurat du heldt på vallemålet når andre i klassen ikkje gjer det?

Dette spørsmålet kan ein få i gong tankane hjå informanten. Målet er at spørsmålet skal føre til ei innsikt i informantane sine tankar om kva som kan vere dei viktigaste faktorane til kvifor dei enno snakkar vallemål. Den fyrste tanken som dukkar opp i hovudet deira kan au vere den viktigaste grunnen til at dei enno snakkar vallemål. Svar på dette spørsmålet kan brukast til å setje ljøs på kva det er som kan motverke at informantane missar vallemålet og går over til å snakke ei anna dialekt enn den som tradisjonelt og geografisk høyrer til Valle.

2. Kva tankar har du om di eiga dialekt?

Ved å leggje til rette for å høyre kva slags tankar informantane har om dialekta si, kan det vere mogleg å høyre om det er enkelte faktorar som bidreg til at informantane føler det er verdt å halde på denne dialekta. Dette kan vere årsaker som dannar ei bakgrunnsteppe for å

vidare knytte spørsmålets empiri opp til teori om kvifor informantane eventuelt ikkje i større grad er prega av nivellering eller akkomodasjon.

3. I kva grad føler du at du snakkar vallemål?

Dette forskingsspørsmålet handlar om å bevisstgjere informantane om eige vallemål. Då blir det ein slags rapport på tilstanden til informantane sitt vallemål. Saman med resten av spørsmåla kan ein sjå på faktorar som kan seie noko om korleis talemålsutviklinga til informantane artar seg.

4. Er det nokon situasjonar der du forandrar på dialekta di? Kva slags situasjonar og kvifor?

Dette spørsmålet vil svare på om det ligg grunnlag for akkomodasjon og dermed konvergens blant informantane og kva som kan vere dei bakanforliggende årsakene til dette. Dette kan vere nyttig for å blant anna svare på kva som har påverknadskraft til dialekta. Det som har påverknad på talemålet til informantane vil kunne svare på det tredje forskingsspørsmålet om kva som er grunnen til at vallemålet er på vikande front.

5.6.2. Informantgruppe 2

Intervjuet til informantgruppe 2 var kvalitativt. Her er hovudmålsetnaden at spørsmåla skal svare på kvifor informantane ikkje snakkar vallemål når dei har tilhøve i heimen som kunne lagt til rette for det. Det er seks semistrukturerte spørsmål til informantane. Spørsmåla er faste men det er mogleg å kome med tilføyings spørsmål. På to av spørsmåla er det gjort klart tilføyings spørsmål. I denne informantgruppa er det moglegheit å stille spørsmål ut i frå dialekttilhøva heime. Dette kan leggje til rette for at informantane tenkjer over kvifor deira eiga dialekt ikkje har utvikla som eventuelle søsken eller foreldre som snakkar vallemål. Spørsmåla eg brukte var som følgjande:

1. Kvifor trur du at det er slik at du ikkje snakkar vallemål?

Eventuelt tilføyings spørsmål: Du har jo vallemål i nær familie, kvifor blei det ikkje slik at du snakkar som (vedkomande)?

Eg valde ut det mest sentrale spørsmålet fyrst. Her er eg rett på sak for å leite etter grunnar til kvifor informanten ikkje snakkar vallemål. Spørsmålet heng tett saman med det fjerde forskingsspørsmålet mitt. Då blir dette spørsmålet såpass sentralt at det au er gjort klart eit tilføyings spørsmål. Dette skal sikre at informantane trekk inn dialektsituasjonen i familien og reflekterer kring kvifor deira talemål er ulikt frå foreldre eller søsken.

2. Kven er det du føler at har påverka måten du snakkar på?

Dette spørsmålet blir stilt for at informanten skal oppsummere kven som har påverka dialekta si. Det kan godt hende at dei allereie har snakka om familien i spørsmål 1, men det kan au vere andre faktorar som dette spørsmålet kan setje ljøs på.

3. Føler du at det er synd at du ikkje snakkar vallemål eller har du ikkje nokre tankar om det?

Her kan det vere mogleg å få eit innblikk i informantens haldningar til vallemålet.

Samstundes kan det au vere interessant å undersøke korleis det kanskje er enkelte informantar som kunne synest at det hadde vore stas å snakke vallemål, men som likevel ikkje gjer dette.

4. Kva dialekt føler du at du har då?

Når ikkje informantane snakkar vallemål, kor vil dei då plassere seg i dialektlandskapet? Vil svara på dette spørsmålet samsvare? Då kan det vere mogleg å seie noko om i kva retning talemålsutviklinga blant elevane på skulen kan ta. Tendensar til vallemålets framtid kan kome til uttrykk gjennom å undersøke kva slags dialekt elevane utan vallemål har.

5. Er det nokre gonger du prøver å snakke vallemål?

Det å endre på måten ein snakkar på i det daglege er eit fenomen som kan vere interessant å avdekke. Då kan ein få eit innblikk i om informanten beveger seg i eit dialektlandskap der ein forandrar på dialekta etter kva slags sosial setting ein er i. Dette kan vere dyrebare informasjon for å få svaret på kva som kan vere med å påverke i den retninga at ein prøver å snakke vallemål.

6. Snakka du vallemål som liten?

Eventuelt tilføyings spørsmål: Kvifor heldt du ikkje på med dette trur du?

Her har eg lyst på svar frå informanten om ein i løpet av oppveksten har forandra på dialekta. Viss informanten kan hugse når og kvifor dette skjedde, er det mykje verdt for å avdekke kva slags faktorar som har sterk påverknadskraft til å forandre dialekta til informanten. Sidan dette spørsmålet kan vise seg å vere sentralt knytt opp til det fjerde forskings spørsmålet, er det lagt til rette for å stille tilføyings spørsmål. Viss ein får i gong refleksjonar sjå informanten, vil dette vere ein stor fordel.

5.7. Gjennomføring av intervju

Eg valde å gjennomføre spontane intervju. Enkelte intervju skjedde i vikartimar, nokre intervju skjedde ved å spontant høyre med lærar om det var mogleg å ta nokre få av elevane ut. Andre intervju skjedde under avtale med lærar på førehand. Det å vere sopass spontan er nok ikkje beste måten å gjennomføre metoden på. Eg hadde derimot ein fordel med at me er eit lite lærarkollegium der dei aller fleste visste om oppgåva mi. Dei synest au at det var eit spennande prosjekt eg heldt på med. Då blei dei spontane førespurnadane tatt betre i mot enn viss eg hadde vore ein utanforståande person utan tilknytning til skulen som kom bankande på dørene til klasseroma. Det beste er nok likevel spør lærarane/kollegaane mine på førehand om når det var mogleg å ta ut nokre elevar til intervju.

Intervjua skjedde individuelt. På denne måten kunne eg sikre meg at ikkje informantane blei påverka av talemålet til kvarandre under for eksempel eit gruppeintervju. Det blei dermed brukt meir tid, men dette var med på å sikre kvaliteten på svara til informantane. Eg var no meir sikker på at deira uttale av ord og setningar var truverdige i høve til korleis dei snakkar i det daglege.

Gjennomsnittstida på intervjua til baa informantgruppene samla låg på rundt tre minutt. Intervjua gjekk føre seg på ein stille plass. Dette var viktig for å sikre god lyd kvalitet for lydopptaket som blei tatt opp på diktafon. Nokre av dei fyrste intervjua blei gjennomført på skulebiblioteket då det ikkje var nokon andre til stades. Dette var ein ideell plass med blant anna fleire sitjegrupper eller ein sofa som ein kunne velje mellom. Då fekk ein ei meir avslappa ramme rundt intervjuet. Det var nokre elevar på mellomsteget som ikkje heilt visste

kva intervjuet gjekk ut på, og som kanskje synest at det kunne verke ein smule framand og nervøst å vere med på noko slikt. Då var det spesielt fint å ha moglegheit til å slappe av i ein sofa. I starten av intervjuet kom eg med konkret informasjon til elevane om at det ikkje var noko skummelt, ikkje noko vanskeleg, og sjølvsagt heilt frivillig og anonymt å vere med på undersøkinga. Mesteparten av intervjuet føregjekk på naturfagslaben. Her var det kort avstand til klasseroma, og dermed kort veg for informantane å flytte på seg.

5.8. Arbeid etter intervjuet

Når dei språklege variablane og spørsmåla skal formulerast og samlast til ein intervjuguide, må ein au tenke på kor omfattande etterarbeidet vil bli. Under intervjuet blei det tatt lydopptak, slik at ein seinare kunne høyre på korleis informantane uttala dei språklege variablane og kom med refleksjonar kring si dialekt. Under den strukturerte delen av intervjuet til informantane med vallemål (Informantgruppe 1) blei det laga eit skjema som skulle lette arbeidet i etterkant av intervjuet. I dette skjemaet kunne ein enkelt krysse av, markere og notere korleis informantane uttala dei ulike språklege variablane.

I analysen av lydopptaka støtte eg på nokre utfordringar. Det kan enkelte gonger vere vanskeleg å høyre tydeleg korleis enkelte ord eller setningar blei uttala. Dette kan vere fordi informanten snakkar fort, eller at det er enkelte lyder i uttalen som er vanskelege å skilje frå andre. Det skulle likevel vise seg at lydklippa frå intervjuet fekk ein nyttig funksjon under analysen. Dei kunne bli brukt til å dobbeltsjekke uttalen av dei språklege variablane til informantgruppe 1. Under den delen av intervjuet fekk ein uttalen av enkelte språklege variablar inn i ein ny setting. Her blei uttalen av orda prega av den naturlege samtalen då informanten kom med svar på forskjellige spørsmål. Dette var til stor hjelp for å etterprøve svara til informantane etter spørjeskjemaet.

5.9. Reliabilitet og validitet

Reliabilitet er eit vitenskapelig krav om at undersøkingane er gjennomført på ein nøyaktig måte (Akselberg og Mæhlum i Mæhlum et al., 2008, s. 75). I denne masteroppgåva er det slik at dei språklege variablane og spørsmåla må samlast inn på lik måte for alle informantane. Dette er avhengig av kva informantgruppe dei høyrde til. På denne måten kjem det ikkje inn tilfeldigheter eller feil inn i datainnsamlinga. Dette er noko som har blitt tatt omsyn til i denne oppgåva. Det er viktig å få fram at sjølv om tilføyingsspørsmåla kan ha vore ulike, har

dei alle hatt eit felles mål om å undersøke kvifor informantane sitt talemål har blitt slik det er i dag.

Validitet handlar om gjennomføringa av undersøkingane er relevante for å svare på problemstillinga (Akselberg og Mæhlum i Mæhlum, Akselberg, Røynealand & Sandøy, 2008, s. 75). Eg hadde ikkje ei bestemt problemstilling, men fire forskingsspørsmål. Då var det behov for å ta ekstra omsyn til dette. Dette er gjennomført på ein slik måte at spørsmåla både aleine og saman med andre spørsmål kan støtte kvarandre til å svare på eitt eller fleire av forskingsspørsmåla.

Sidan eg sjølv snakkar vallemål i ei undersøking som handlar om denne dialekta så måtte eg gjeve beskjed til informantane om at eg uttaler den språklege variabelen på standard nynorsk. Dette blei gjort for å ivareta validiteten slik at svara til informantane ikkje blei påverka i retning vallemålet. Eg gjorde det au med bakgrunn i at eg ville unngå at svara til informantane blei påverka av å lese spørsmål skrivne på papir med nynorsk målform. Å lese tekster på ei bestemt målform kan ha sopass stor kontakt med språkmedvettet at det påverkar språket (Sandøy, 1996, s. 140). Dette ville eg unngå.

Når eg intervjuar elevar utan å ha førebudd dei på førehand kan dette stille spørsmål ved validiteten. Då vil ein kunne få mindre refleksjonsevne hjå informantane. Manglande evne til å reflektere vil au vere til stades sjå dei yngre informantane på mellomtrinnet. Dette tek eg omsyn til ved å stille mest mogleg direkte spørsmål som ikkje krev tung refleksjon. Eg har hatt som mål at informanten kan kome fram til eit svar ved å tenkje seg om i berre nokon få sekund.

Det må au stillast spørsmål ved validiteten då eg driv forskingsarbeid på eigen arbeidsplass. Elevane er vande med å sjå meg i lærarrolla og ikkje i rolla som masterstudent som held på med talemålsforskning. Dette kan skape ei forventning hjå elevane om at dei skal uttale dei språklege variablane på «korrekt» måte, og dermed med den mest tradisjonelle forma. Dette kan au ha samband med at eg sjølv snakkar vallemål og må dermed prøve å ikkje påverke informantane på nokon måte. Derfor var eg nøydd til å gjeve tydelege instruksar i starten av intervjuet om at dei ikkje skulle gjere dialekta breiare på nokon slags måte. Eg var tydeleg på at dei skulle snakke heilt normalt slik dei gjorde til vanleg. Informantane ha forståing for dette og var dermed samarbeidsvillige. Likevel kan ein ikkje vere heilt sikker på om ein kan stole

på den rapporterte språkbruken då underbevisstheita til informantane kan spele inn på kor «breitt» dei snakkar under intervjuet.

Då var det greitt å kunne ha moglegheit til å dobbeltsjekke uttalen av informantgruppa som snakka vallemål. Etter at dei ha uttala dei språklege variablane blei enkelte av orda brukt i naturleg tale under intervjuet. Då brukte eg denne uttalen som gjeldande resultat og sikra dermed validiteten i større grad. Det var likevel ikkje alle orda innanfor dei språklege variablane som blei uttalt i samtalsituasjonen. Dette kan vere med på å utfordre validiteten.

5.10. Etiske omsyn

Når ein skal gjennomføre eit masterprosjekt med ungar under 18 år har ein eit etisk omsyn. Skulen eg skulle hente informantane ifrå er ein liten bygdeskule der elevtalet frå 5. til 10. klasse varierer med 8 til 17 elevar. Dermed er det behov for å beskytte personvernet deira under presentasjonen av resultatata. Dette gjeld spesielt med bakgrunn i at enkelte klassar berre har eit mindretal av elevar som snakkar vallemål. Dette kan au gjelde dei elevane i informantgruppe 2. Dermed har eg prøvd å skjerme personvernet deira med å ikkje publisere resultat frå kvar klasse, men å halde meg til trinnet informantane går på. Det einaste unntaket gjeld i 10. klasse der dei fleste av elevane snakkar vallemål.

For å hente empiri til oppgåva måtte eg ta i bruk lydopptak under intervjuet. Dette førde til at eg måtte sende søknad om å få lov til dette til NSD (*Norsk senter for forskingsdata*). Då søknaden blei godkjend må ein i tillegg til deira regelverk au rette seg etter retningslinjene til institusjonen ein høyrer til. Dermed måtte eg i mitt tilfelle ta omsyn til dei etiske retningslinjene ved Universitetet i Agder. Dette har eg ivaretatt.

Då meldeskjemaet blei godkjent måtte eg sende ut samtykkeskjema til elevane sine foreldre. Dette inneheldt informasjon om kva masterprosjektet gjekk ut på og at det var anonymt og frivillig. I samtykkeskjemaet måtte det au kome fram at eg ynskjer å nytte meg av lydopptak til å kartlegge dialekta til borna deira. Sidan eg er tilsett i Valle kommune hadde eg tilgong til «Visma Flyt Skule». Her fekk eg med godkjenning av min sjef (rektor) beskjed om at det var i orden å bruke dette programmet til å sende ut samtykkeskjema. Dette var au i tråd med retningslinjene frå NSD og UiA. Eg fekk dermed sendt ut melding til foreldre på både SMS

og mail om å svare på om deira born kunne vere med. Det blei au informert om at dei kunne kontakte meg om det var noko slags spørsmål dei hadde til prosjektet.

For å fylgje dei etiske retningslinjene til UiA måtte lydopptaka bli tatt med ein utlånt diktafon frå universitetet. Dette skulle sikre at ingen opptak kom på avvege, då diktafonen ikkje kan koplast til internett. Opptaka blei sletta etter at empirien frå lydopptaka blei samla inn via avkryssing på spørjeskjema og transkribering av intervju.

6. Presentasjon av funn

6.1 Informantgruppe 1

Informantgruppe 1 var dei elevane som nytta seg av det eg har definert som vallemålet. Dei blei spurte via eit skjema med faste spørsmål korleis dei uttala til saman ni språklege variablar. Til slutt blei dei spurt meir opne spørsmål, men med moglegheit for oppfølgingsspørsmål.

Presentasjonen av resultatata vil fylgje ein bestemt struktur. Resultatet frå spørjeskjemaet til informantgruppe 1 vil bli presentert i den same rekkjefølgja som spørsmåla i dette spørjeskjemaet. Eg gjer greie for spørsmålet som har blitt stilt, før det blir presentert eit påfølgjande diagram som viser resultatet. Diagrammet varierer mellom sektordiagram og stolpediagram, alt etter kva som har høva best. Eg kommenterer tendensane i resultatet under kvart spørsmål.

Resultata frå spørsmåla i etterkant av spørjeskjemaet vil ikkje i like stor grad innehalde målbare resultat, og dermed ikkje statistikk med påfølgjande diagram. Her vil det heller vere fokus på å få fram tendensar i svara til informantane.

Eg har undersøkt talemålet til informantar på både mellom- og ungdomssteget. Når eg skal presentere funna mine vel eg å leggje fram funna frå baa stega. Denne samanlegginga av funn har bakgrunn i plassomsyn. Det er au med omsyn til anonymitet at eg vel å gjere det på denne måten. Det er til dømes berre fem informantar på mellomsteget. Dette kan føre til at enkelte av svara deira kan utfordre anonymiteten. Dette forhindrar eg ved å slå funna frå mellomsteget saman med ungdomssteget sine 16 informantar. Om eg ser nokre heilt spesielle tendensar ved funna frå kvart enkelt steg vil eg kommentere dette.


6.1.1. Vallemålstilhøvet på Valle skule

Eg vil fyrst presentere korleis tilhøvet til vallemålet er på Valle skule. Dette vil gjeve eit innblikk i korleis det står til med bruken av vallemål på skulen. Då undersøkinga blei gjennomført var det til saman 29 elevar på mellomsteget. Av desse var det fem stykk som møtte til intervju. Dette er berre 17 % av elevane. På ungdomssteget var det 44 elevar. Her var det 16 som møtte til intervju og dermed 36 %. Det viser seg å vere mykje mindre prosentdel vallemålsbrukarar på mellomsteget i høve ungdomssteget. Samlar ein dei to stega så var det rundt 29 % av elevane som snakka vallemål og dermed var ein del av informantgruppe 1. Dette i seg sjølv seier mykje om korleis vallemålet er i eit mindretal på skulen.

6.1.2. Snakkar foreldra dialekt?

Ved dette spørsmålet ville eg undersøke i kor stor grad at foreldra til informantgruppa snakkar målet sjølv. Informasjonen er framstilt med stolpediagram som viser kor mange av foreldra som snakkar eller ikkje snakkar vallemål.

Diagram 1:



Når ein samlar resultata for dei to stega vil ein sjå korleis det er ein tydeleg tendens til at det er fedrane som dominerer når det gjeld å snakke vallemål heime. Dette galdt for heile 19 av totalt 21 informantar. Det er dermed spesielt interessant å leggje merke til korleis det er to informantar som ikkje har far som snakkar vallemål.

Når det kjem til mødrene er det ein tredjedel av mødrene til informantane som snakkar vallemål. Dermed er det eit tydeleg fleirtal av mødrene som ikkje snakkar vallemål heime. Dermed står tendensane på mødrene si side i motsetnad til fedrane.


6.1.3. Sosial variabel: Kjønn

Gjennom undersøkinga har eg lagt merke til at det er gutane som er i klart overtal når det kjem til vallemålsbruken. Til dømes er det ikkje registrert nokon jenter på mellomsteget som snakkar vallemål. På ungdomssteget finn ein berre tre jenter med vallemål. Det er dermed berre registrert vallemål hjå tre informantar av 21 som snakkar vallemål frå 5-10. klasse på Valle skule. Dette i seg sjølv er særst interessant med tanke på forskingsspørsmålet som spør seg om kva slags grupper som nyttar målet mest. Kva som er grunnane bak dette er dermed noko som må bli granska vidare.

6.1.4. Diftongering

Dette var den fyrste språklege variabelen frå spørjeskjemaet i intervjuguiden min. Vallemålet er eit diftongrikt mål. Det fyrste spørsmålet informantane skulle svare på, var korleis dei sa: «Eg vil vere med deg og gjere noko». Det er orda *eg*, *vere*, *deg*, *gjere* og *noko* som blir undersøkt. På denne måten kan eg undersøke korleis det står til med dette særmerkte målmerket i vallemålet. Diftongeringa til informantane blir lagt fram med fokus på kvart ord. Den totale andelen diftongering ser slik ut:

Diagram 2:



Her ser ein tydelege tendensar med at pronomena *eg* og *deg* ikkje blir diftongert. Det er ein større del diftongering av orda *vere* og *gjere*, sjølv om ein del av informantane ikkje diftongerer desse orda. Det er 13 informantar som diftongerer ordet *vere* medan 14 diftongerer ordet *gjere*. Når det kjem til *noko* blir dette ordet diftongert i mindre grad med totalt fem av 21 informantar.

6.1.5. *ll-dd*

Eit anna fonologisk særtrekk ved vallemålet er korleis den lange konsonanten *l* frå norrønt blir til ein lang *d* både postvokalisk og intervokalisk. For å undersøke om informantane enno har dette dialekttrekket har eg bedt dei om å seie setninga «Eg skal på fjellet på ville heia». Her er det orda *fjellet* og *ville* som vil bli uttala som *fjøddi* og *vidde* med dobbel *d*. Det samla resultatet blei sjåande slik ut:

Diagram 3:





Diagram 4:




Med bakgrunn i undersøkinga av variantane *fjøddi* eller *fjellet* viste funna fyrst og fremst ein særskild tendens til at det er varianten *fjøddi* med sine 90 % som brukast i staden for *fjellet*. Det er interessant å sjå korleis resultata er ein del meir delt når det gjeld variantane *vidde* og *ville*. Det er likevel *vidde* med sine 62 % som utmerkar seg. Den nøytrale varianten *ville* har dermed 38 %. Funna viser korleis realisasjonen med *d* er fullt til stades i talemålet hjå informantane.

6.1.6. Framlyd av pronomenet «*kven*»

I denne språklege variabelen kunne eg fort få eit innblikk i kor stor grad vallemålet har blitt påverka av nynorsk. Setninga dei skulle uttale var «Kven er du?», med fokus på framlyd av pronomenet *kven*. Resultatet blei som følgjande:

Diagram 5:




Med sine 73 % er det nynorskforma *kven* som dominerer. Denne inneheld den ekstra konsonanten *n*. Ein grunn til dette kan vere at er enklare å uttale den tradisjonelle vallemålsforma *kve*. Det kan au skuldast eit ynskje om å markere tilhøyrse. Denne varianten er likevel enno til stades i dialekta til 23 % av informantane. Det er også interessant å sjå at det er 4 % som har utvikla ei blandingsform mellom dei to og dermed seier *kem*.

6.1.7. Bortfall av *l* før konsonantar

Ved denne språklege variabelen er det ordet *helga* som skal undersøkast. Her er det bortfall av *l* i dette ordet som har hovudfokus. Det er slik ordet blir uttala på tradisjonelt vallemål. Ein kan nemleg uttale ordet som både *hæ:jei* og *hæ:gei*. Då er spørsmålet om nokon av informantane uttalar det med *l* framføre *g*. Svaret på dette er vist i dette diagrammet:

Diagram 6:



Her ser ein at det er ingen av informantane som går vekk i frå vallemålsvarianten der ein har bortfall av l før konsonantar. Det er forma *hæ:gei* som dominerer med sine 81 %. Det er 19 % av informantane som har den andre vallemålsforma *hæ:jei*. Det kan nemnast at det berre var på ungdomssteget at det var informantar som hadde denne varianten.

6.1.8. Palatal uttale av *k* og *g* i innlyd

For å undersøke den palatale uttalen av både *k* og *g* har eg bedt informantane om å seie dei to følgjande setningane: «Eg tenker på deg» og «Eg sit innmed veggen». Funne mine blei som følgjande:

Diagram 7:





Diagram 8:



Her ser ein korleis vallemålsvarianten taper terreng mot den varianten som er utan den palatale uttalen. Med dei to palataliserte orda er det til saman 43 % av informantane som seier ordet på denne måten. Det er likevel verdt å nemne at eit knapt fleirtal av informantane på mellomsteget heldt seg til dei palataliserte formene. Av dei fem informantane var det to stykk som uttala ordet som *tenker*, medan berre ein informant uttala det som *tenkjer*. Dette gjev likevel eit utslag i prosent som er lik 60 % over den avpalataliserte varianten *tenke*.

Når det gjeld *veggjen* er prosenten lågare med 24 % mot 76 %. Den palataliserte varianten av både *tenker* og *veggjen* viser seg dermed å vere språktrekk som kan vere på veg ut av vallemålet. Dei moglege grunnane bak denne utviklinga vil bli drøfta seinare.

6.1.9. Omlydsvokal, sterke verb presens singular

Under denne språklege variabelen skal informantane seie to forskjellige setningar. Desse setningane er «No veks du ikkje meir» og «Han tek sykkelen». Funna blei som følgjande:

Diagram 9:




Diagram 10:




Diagramma viser særers jamne resultat. Omlydsvokalen i verbet *vekse* på vallemål held seg til 48 %, medan *teke* har 52 %. Båe variantane viser seg å vere endringar i vallemålet som ikkje dominerer på noverandre tidspunkt. Korleis dette vil utvikle seg er eit spørsmål for framtida.

6.1.10. Svarabhaktivokal

Med å undersøke bruken av svarabhaktivokal så vil eg undersøke korleis tilstanden er til denne typen endingsvokal i vallemålet. Dette gjer eg med setninga «Ein hest med ein fin farge» som inneheld dei to orda *fin* og *hest*. I tradisjonelt vallemål blir dei to substantiva uttala med ein *e* på slutten av kvart ord.

Diagram 11:






Diagram 12:



Funna viser at svarabhaktivokalen stiller svakt i vallemålet. Når det gjeld *fine* så er det berre fem av 21 informantar som uttalar fin med endingsvokal. Fire av desse går på ungdomssteget. Dette utgjer 19 %. Saman med varianten *heste* blir tendensane enno meir tydelegare på at

dette er ein språkleg variabel som kan vere på veg ut frå dei unge sitt vallemål. Om ein berre skulle ha sett på varianten *heste* så ville variabelen vore så godt som utdøydd, då det berre er ein informant som har uttala *hest* med svarabhaktivokal i intervjuet. Om ein samanfattar resultatet vil det sjå slik ut:

Diagram 13:




Med eit samla resultat på berre 12 % er det tydeleg at svarabhaktivokalen kan vere på veg til å døy ut. Det at eit målmerke døyr ut er ein tendens som ein kan sjå hjå fleire variablar. Dette er noko som vil bli drøfta seinare i oppgåva.

6.1.11. Personleg pronomen 1. person eintal

Med personleg pronomen eintal så vil eg undersøke om det enno er den vestnorske varianten *eg* som er til stades i målet til informantane. I vallemålet kan denne uttalast både diftongert eller ikkje, slik at det uttalast som enten *èg* eller *eg* (sjå au 5.4.3.). Det vil au vere setjast ljøs på om informantane uttaler det personlege pronomenet som *æg*, *jei*, eller andre former.

Informantane blei spurt rett ut om korleis dei seier dette pronomenet, utan at ordet blei brukt i ei setning. Funna viser dette:

Diagram 14:




Det er den tradisjonelle *eg*-forma som enno dominerer i vallemålet. Det interessante er korleis 10 % og dermed berre to informantar nemner at dei bruker den diftongerte varianten *èg*. Då kan ein sjå tilbake på den fyrste språklege variabelen som nettopp handla om diftongering. Då var det ingen som diftongerte *èg* i setninga «Eg vil vere med deg og gjere noko». Ein kan dermed spør seg om dei to informantane har kome med eit gyldig svar under denne språklege variabelen. Det kan likevel vere forskjellar på korleis ein seier pronomenet *eg*. Nokon kan diftongere pronomenet når det står aleine, medan det ikkje blir diftongert når det står saman med andre ord i ei setning. Funna viser uansett korleis det sørlege *æg* og det austlege *jei* ikkje er til stades i dialekta til informantane.

6.1.12. Personleg pronomen 1. person fleirtal.

Her er det endå eit personleg pronomen i 1. person som skal undersøkast. Denne gong står det i fleirtal. På tradisjonelt vallemål blir dette uttala som *mi*. Her er det eit fokus på om målet har blitt påverka av nynorsk til å bli uttala som *me*. Etter at informantane blei spurt om å uttale setninga «Me skal på tur» blei funna som følgjande:

Diagram 15:




Her ser ein den særst eintydige tendensen til at det er varianten *mi* som er til stade i vallemålet til alle informantane. Av alle dei språklege variablane i undersøkinga mi så er resultata frå denne variabelen den med tydelegast tendens. Nynorsken kan ha påverknad på dialekta til informantane, noko som skal diskuterast seinare i oppgåva. Det ein dermed ser er korleis nynorsken ikkje påverkar det personlege pronomen 1. person fleirtal.

6.1.13. Nektingsadverbet *ikkje*

Når det kjem til nektingsadverbet *ikkje* så er det fleire måtar å uttale denne variabelen. I tradisjonelt vallemål vil ein ha forma *inkji* eller *ikkji*. Informantane blei bedt om å seie setninga «Ikkje gjer det!». Då går undersøkinga ut på om dei held seg til dei tradisjonelle formene med *i*-ending eller om det blir uttala med *e*-ending slik ein gjer det i den nynorske og regionale forma *ikkje* og det standardaustnorske *ikke*. Funna blei som følgjande:

Diagram 16:



Her ser ein korleis varianten *inkji* er ute av språket til dei unge. Dei nyttar seg i størst grad av vallemålsforma *ikkji* med 55 %. 40 % brukar den nynorske og regionale forma *ikkje* som nyttast i andre delar av Agder. Det er interessant å sjå korleis ein av informantane uttalar variabelen som *iskji*. Dermed uttalar vedkomande *ikkji* med ein postalveolar uttale på frikativten. Det er vallemålsforma som så vidt står sterkast i målet til informantane.

6.1.14. Kvifor har akkurat du halde på vallemålet når andre i klassen ikkje gjer det?

Då eg spurde informantane om dette spørsmålet så var det naturleg for mange av dei å nemne det som står dei nærast, nemleg familien. «Pap preker det så då gjere jo eg det same». Dette var svaret til ein av informantane på spørsmålet. Dette svaret er ein tendens som stiller sterkt hjå informantane. Av dei 21 informantane er det heile 16 stykk som nemner påverknad frå familien i svaret sitt. 9 av dei 16 nemner direkte av det er far som har påverka dei. Tre stykk av desse nemner også korleis bestefar aktivt har vore med på å påverka dialektbruken. Ein informant påstår at vallemålsbruken til vedkomande har blitt til på «gronn av gofa å pappa e så strenge på det».

Når mødrene si rolle for dialekttileigning blir nemnt er det stort sett i samanheng med at både mor og far i saman som vallemålsbrukarar har vore med å lagt grunnlaget til at informanten snakkar dialekta. Det kjem fram hjå ein informant korleis mor utan vallemål har påverka eit søsken til å ikkje snakke vallemål. Det kjem derimot ikkje fram i svaret kva som er grunnane til kvifor vedkomande ikkje har enda opp i same språklege situasjon som søskenet.

6.1.15. Kva tankar har du om eiga dialekt?

Då eg bad informantane om å ta stilling til si eiga dialekt så er det fleire som ikkje har nokre spesielle tankar om dette. Hjå åtte informantar kjem det fram eit positivt syn på dialekta. Nokre stikkord som informantane nemner er blant anna at dialekta er: «aila» (annerledes), «grei», «fein», «bra», «flått» og «veldig tøft». Det er nokre informantar som har brukt spørsmålet til å snakke om si eiga dialekt. Då er det tre stykk som tydeleg uttaler at dialekta deira er prega av dialektblanding. Ein av desse nemner korleis dette er «tongleg», og dermed ei utfordring. Denne informanten sa au at hen «ha villt sipta dialekt viss eg ha fengji». Utfordringa med dialekta blir au nemnt av ein annan informant då det kan oppstå forvirring i møte med nye folk. Ein annan nemnte au korleis folk utanfor bygda som ikkje snakkar vallemål meiner at dialekta både kan vere merkeleg, spennande og «løygleg» (morosamt).

6.1.16. I kva grad føler du at du snakkar vallemål?

Då eg stilte dette spørsmålet var det fleire som automatisk begynte å svare med å setje dialektbruken deira opp mot ein skala frå ein til ti. Det blei ein del variasjon innanfor dette resultatet. Eg vel å setje det opp på denne måten:

- «Fæire»: 1
- «Færie/fem»: 1
- «I midten av skalaen/middels»: 6
- «Omtrentleg seks ell sjau»: 2
- «Sjau»: 1
- «Sjau ell åte»: 2

Spriket går dermed mellom fire og åtte. Det var ingen som meinte at dei var over eller under dette. Dei fleste meinte at dei var på midten av denne skalaen og dermed snakka eit vallemål som var «so hævvegs». Informantane viser på denne måten korleis dei er fullstendig klar over at dei snakkar eit modernisert vallemål som er prega av andre former og som ikkje høyrest ut slik det gjorde for berre nokre tiår sidan.

6.1.17. Er det nokon situasjonar der du forandrar på dialekta di?

Her kjem det fram at informantane har ein klar tendens. Det er berre ein informant som nemner at dialekta ikkje forandrast i nokon samanheng. Alle dei andre informantane seier at

dei gjer det. Av desse er det ti stykk som har nemnt «boyn» eller Kristiansand i svaret sitt. Det er spesielt i møte med menneske i denne byen at informantane legg om dialekta. Ein av informantane har svara på denne måten: «Ja om eg ska ti Kristiansand ell nåkkå, så sipter eg nåkå, då knoter eg nåkå.». Då eg spurde vedkomande om kva det er i språket som må «siptast» på så blei følgjande sagt: «Ja eg må sipte på nåkkå ord å ja det e i grunnen bare di.». Det å legge om nokre ord blir nemnt hjå fleire andre av informantane. Kva slags ord det dreier seg om er «...nåkle ord som e nåkå mai braiare enn aire».

Hjå to informantar med familie frå andre stader i landet blir det oppgitt at dei legg om dialekta si i møte med denne familien. Eit par andre informantar nemner ikkje noko spesiell geografisk plass, men at dei byter om dialekta i møte med nye folk som ikkje kjem frå bygda. Grunnane til dette er fordi dei har ei følelse av å ikkje bli forstått. Til slutt vil eg nemne at det var ein informant som ikkje nemnte noko om korleis ein snakkar i møte med «boyn», men i møte med eldre menneske frå Valle. Då blir dialekta til vedkomande lagt om til å bli breiare enn det den er til vanleg. Ein annan informant nemner noko liknande, men har ei oppleving av å bli retta på av mor og far. Denne korreksen kjem i samband med at foreldra ikkje har ei oppleving av at barnet snakkar «reint» nok i deira øyre.

6.2. Informantgruppe 2

Informantgruppe 2 er dei elevane som ikkje nyttar seg av vallemålet. I dagens dialektmangfald på Valle skule så er det flest elevar med ei anna dialekt enn vallemålet. Utvalet av informantar til denne informantgruppa måtte fylgje nokre krav for å kunne knytast til dette masterprosjektet. Dermed er det slik at informantane har minst ein forelder som snakkar vallemål. Nokre av dei har au sysken som snakkar vallemål, sjølv om informanten sjølv ikkje gjer dette.

Presentasjonen av resultatata vil fylgje same struktur i denne delen som i 6.1. Det er snakk om åtte informantar til saman. Eg har med informantar frå både mellomsteget og ungdomssteget. Dei fleste er henta frå ungdomssteget. Intervjuet eg har gjort fører til at eg berre delvis kan talfeste resultat. Eg ser dermed etter hovudtendensar og kjem ikkje til å presentere svara statistisk. Eg startar med å presentere korleis dialekttilhøvet er heime hjå informantane.

6.2.1. Kven av foreldra snakkar vallemål?

Av åtte par med foreldre er det slik at det er alle fedrane hjå informantane som snakkar vallemål. Når det kjem til mødrene er det ingen av dei som snakkar vallemål. Dette i seg sjølv er med på å danne eit bilete på korleis dialektsituasjonen er i ein del heimar i Valle.

6.2.2. Sosial variabel: Kjønn

Informantgruppe 2 bestod av tre gutar og fem jenter. På mellomsteget var det to jenter som blei tatt ut til intervju. På ungdomssteget var det tre gutar og tre jenter.

6.2.3. Kvifor trur du at det er slik at du ikkje snakkar vallemål?

Då informantane svara på dette spørsmålet så viste svara deira ein tydeleg tendens til at mødrene spela ei sentral rolle. Heile seks informantar nemnte korleis dei har blitt påverka til å snakke likt som mor. Grunnane bak denne utviklinga har informantane reflektert noko over. Ein informant har oppsummert dette på følgjande måte:

«...Mamma ho snakker jo ikkje dalemål, og mange av dei personane rundt meg snakka jo heller ikkje dalemål. Også var det jo kanskje litt lettare å snakke sånn som eg gjer no enn dalemål og eg er sikker på at hvis eg ha vilt, altså hadde eg klart det så kunne eg ha snakka vallemål greitt no viss eg berre hadde blitt vandt med det, men no har eg snakka sånn sidan eg var liten, så då har eg berre blitt vandt med det.»

Tre informantar nemner korleis dei blandar dialekt. Då nemner alle desse tre korleis dei blandar mellom vallemål og dialekta til mor. Familien blir nemnt som viktig for dialekta til informantane. Eit par informantar nemner korleis dialekta kan ha samanheng med nynorsk påverknad. Det blir nemnt korleis «Det er ikkje så mange som snakkar det no lengre. No lærar me nynorsk her...».

6.2.4. Kven er det som har påverka måten du snakkar på?

Dette hadde nær samanheng med spørsmålet i 6.2.3. Etter å ha spurt informantane om dette så sat eg att med eit inntrykk om at ein fekk eit meir samanfatta svar på kvifor informantane snakkar som dei gjer. Det er berre ein av informantane som nemner vener som ein faktor for påverknad for korleis ein snakkar. Denne informanten nemner at det er mykje vallemål i familien, men dialekta har blitt mest påverka av dei ein er med på fritida.

Resten av informantane nemner mødrene i svaret sitt. To av desse har berre nemnt mor i svaret sitt og at dei har enda opp med å snakke likt som mor. Eg spurde ein av desse eit tilføyings spørsmål om det er nokre i klassen som har påverka dialekta til vedkomande. Det blei nemnt at dette kan hende, men at det er familien som har størst påverknad. Tre andre informantar nemner at dei i tillegg har blitt påverka av far, men at det er mindre delar i språket som blir påverka. Dette blir skildra av ein informant då vedkomande nemner korleis pronomen og rulle-r er nærare fars dialekt enn mors. Likevel er ikkje dette nok til at informanten snakkar vallemål. Til sist var det ein informant som nemnte dei tilsette i barnehagen. Desse snakka ikkje vallemål og har ifølgje i informanten kunne ha vore ein faktor til at ein snakkar likt som dei.

Dette er med på å danne eit bilete om at dialektsituasjonen til informantane er samansett. Eg har funne ein overordna tendens til at det er mødrene som påverkar. Likevel har informantane ein del andre faktorar som ligg til bakgrunn for dialekta deira. Dette kan vere blant anna familie, vener, skule og barnehage. Desse faktorane har til felles at dei alle er faktorar for språkending. Det handlar om menneske og arenaar som ein omgås med i det daglege og i store delar av livet.

6.2.5. Føler du at det er synd at du ikkje snakkar vallemål eller har du ikkje nokre tankar om det?

Dei fleste av informantane gjev ikkje uttrykk for at det er direkte synd at dei ikkje snakkar vallemål. Det er eit par informantar som nemner at det er noko synd. Den eine informanten nemner korleis det er med bakgrunn i ei bekymring for at vallemålet skal forsvinne. Tre informantar meiner at dei gjerne hadde vilt snakka vallemål. Ein annan nemner at det ikkje gjer noko å ikkje snakke dialekta, men at det ha vore gøy med ei unik dialekt. Ein informant ha ikkje noko formeining om spørsmålet, medan ein annan var nøgd med korleis vedkomande snakka i dag. To informantar meinte at det var heilt greitt slik dei snakkar i dag, og hadde dermed ikkje noko formeining om at det var synd at dei ikkje snakka vallemål.

6.2.6. Kva dialekt føler du at du har då?

På spørsmålet «Kva dialekt føler du at du har då?» var det ein av informantane som svara: «Eg veit ikkje, men hvertfall ikkje vallemål». To av informantane viste seg å vere nokså

usikre på kva dialekt dei hadde. Hovudtendensen ved spørsmålet er at informantane har ei form for dialektblanding. Ordet «blanding» blei nemnt av fem informantar i svaret deira. Denne blandinga viser seg å vere særskild individuell. Av dei som svarer at dei blandar, er det spesifikt ein informant som meiner at det blir blanda mellom bokmål og nynorsk medan ein annan blandar mellom vallemål og nynorsk. «Eg har jo sånn vallemålsord som «dikkå» og «gama» og sånn...». Dette sitatet kom frå ein informant som nemner spesifikt at vallemålet er ein del av dialektblandinga til vedkomande. Til slutt kan det nemnast at den siste informanten som nemner blanding i svaret sitt, meiner at dialekta er «litt blanding av alt».

6.2.7. Er det nokre gonger du prøver å snakke vallemål?

For det fyrste er det seks av åtte informantar som nemner at dei prøver å snakke vallemål i visse settingar. Fire av dei seks prøver å snakke vallemål i møte med andre familiemedlemmar som snakkar meir vallemål enn det dei gjer til vanleg. To av desse nemner fedrane sine i svaret. Ein annan nemner «gome og gofa», altså besteforeldra. Den siste nemner familie generelt. Av dei to resterande som prøver å snakke vallemål så er det ein som gjer det nokre gonger for gøy. Den same informanten nemner korleis han til vanleg kunne ha snakka vallemål og fått dette greitt til, men at dette ikkje har skjedd sidan vedkomande er så vandt til å snakke den noverande dialekta. Den siste av dei to nemna berre eit eksempel frå korleis ein har innlemma ordet «gama» i dialekta i løpet av det siste året.

6.2.8. Snakka du vallemål som liten?

Her blei informantgruppa splitta i to grupper. Halvparten og dermed fire stykk nemnte at dei alltid har snakka slik dei har gjort, og dermed ikkje snakka vallemål då dei var yngre. Ein av informantane frå denne gruppa nemner korleis dialekta har blitt meir blanda mellom mor og far si dialekt i løpet av dei siste åra, men at situasjonen var annleis då informanten var mindre. Informanten forklara det på denne måten: «Då snakka eg veldig pent, veldig veldig pent».

Den resterande halvparten hadde snakka meir vallemål eller nærare vallemålet som mindre. Då blei det naturleg å stille dei eit oppfølgingsspørsmål om kva det var som gjorde til at dei forandra på dialekta. To av dei fire nemner at dei ha fleire vallemålsord i vokabularet sitt. Den eine av desse var påverka av far til å nytte seg av enkelte ord på vallemål. Den andre nemnte at det var tilbake i barnehagen at vedkomande snakka vallemål. Då eg spurte kvifor dialekta blei forandra frå barnehagen til skulen så er informanten noko i tvil, men peiker til slutt på at

det kan vere påverka frå andre med anna dialekt som er grunnen. Eg prøvde å få eit spesifisert svar med å spørje om det var dei tilsette i barnehagen eller skulen som kunne ha noko å seie eller om det var born på same alder som kunne vere grunnen til dialektendringa. Då svarte informanten at det truleg kunne vere dei tilsette i barnehagen som hadde den største påverknaden, sidan dei ikkje snakka vallemål.

Ein annan informant fortalde korleis det blei snakka vallemål då vedkomande var mindre. Dermed var det ikkje berre enkelte vallemålsord som blei brukt og forandra på, men heile dialekta. Dette skilde denne informanten frå dei andre informantane som snakka vallemål då dei var mindre. Dette var ei dialektendring som skjedde rundt 3.-4. klasse og blei grunnlagt med at informanten fekk vener som kom frå forskjellige stader på dette tidspunktet.

Den siste av dei fire informantane nemner at det blei snakka meir vallemål som mindre. Informanten svarte følgjande då eg spurde om kven som kunne ha påverka til dialektendringa: «Trur eg blei påverka av dei som var rundt meg.». Dermed er det ein viss samanheng mellom denne informanten og informantene ovanfor. Det som skil dei er at informanten over spissa svaret sitt meir inn mot venene som påverknadsfaktor. Då den siste informanten nemner «dei som var rundt meg», så kan det vere mange personar som kan vere innblanda i korleis dei har påverka målet til vedkomande.

7. Drøfting

I dette kapitlet skal eg drøfte funna mine. Dette skjer med bakgrunn i den teorien som er presentert i teorikapitlet for å finne svar på det forskingsspørsmåla mine spør om. Gjennom elevane sin refleksjon, utforsking og samanlikning kring talemål og andre talemålsvariantar i læreplanmåla etter 7. og 10. trinn har eg fått resultat som legg grunnlaget for drøftinga mi.

Drøftingskapitlet skal fylgje ein struktur knytt opp til den rekkjefølgja forskingsspørsmåla blei presenterte i starten av oppgåva. Eg vil til slutt sjå på nokre felles tendensar i funna som eg vel å kommentere.

7.1. I kor stor grad ligg vallemålet til elevane innmed det tradisjonelle vallemålet?

Etter at eg undersøkte vallemålet til elevane i informantgruppe 1, ser eg at det er i ulik grad at undersøkinga av vallemålet til informantane ligg innmed det tradisjonelle vallemålet. Eg vil

fyrst samanfatte resultatane frå dei språktrekka som har ein større endringsprosent enn 50 %. Dette set eg som ei grense med bakgrunn i kor talemålsendringa ligg på S-kurva for endring til Chambers og Trudgill frå 1980 (s. 179). Kjem ein over 50 % i endringsprosent vil ein liggje midt kurva og det er dermed lite truleg at utviklinga snur. Dermed er det større sjanse for at talemålsendringa skyt fart oppover kurva og blir meir frekvent i talemålet. Dei språklege variablane med størst endring er framlyd av pronomenet «*kven*», palatal uttale av *k* og *g* i innlyd og svarabhaktivokal. Det gjeld au i større grad enkelte grupper av ord innanfor diftongering, då spesielt pronomena *eg* og *deg* og ordet *noko*. Omlydsvokal i sterke verb presens singular ligg omtrent midt på endringsprosenten på 50 %. Med endringsprosenten på desse variablane blir det vist tendensar til at bruken av enkelte delar av dialekta er i avvikling.

Det var nokre av variablane som i større grad enno var i bruk i dialekta til informantane. Desse hadde ein endringsprosent under 50 %. Dette gjaldt ord med *ere*-ending i diftongeringa, dei enkelte orda eg nytta i variabelen *ll-dd*, bortfall av *l* før konsonantar, nektingsadverbet *ikkje* og personleg pronomen 1. person fleirtal. Eg vel au å plassere personleg pronomen 1. person eintal i denne gruppa. Sjølv om det er særst få som diftongerer dette pronomenet (*èg*) så er det au mogleg å uttale det utan diftong (*eg*) samstundes som det kan karakteriserast som tradisjonelt vallemål. Eg må au minne om at halvparten av informantgruppa enno bruker den tradisjonelle forma innan sterke verb presens singular.

Eg set opp følgjande tabell som viser endringsprosenten til dei språklege variablane samt det fonologiske nivået det høyrer til:

Tabell 3:

Fonologisk nivå + språkleg variabel	Endringsprosent
FONO Diftongering	Pronomen = 100 % Ere-ending = 38 % + 33 % Noko = 76 %
FONO <i>ll-dd</i>	Fjøddi = 10 % Vidde = 38 %
FONO Framlyd av pronomenet « <i>kven</i> »	73 % + 4 % (blandingsform)
FONO Bortfall av <i>l</i> før kons.	0 %
FONO Palatal uttale av <i>k</i> og <i>g</i> i innlyd	K = 57 % + 5 % (alternativ variant) G = 76 %
MORF Sterke verb presens singular	Veks = 52 %

	Tek = 48 %
MORF Svarabhaktivokal	Fin = 81 % Hest = 95 % Totalt = 88 %
LEKS Personleg pronomen 1. pers eintal: <i>Eg</i>	0 %
LEKS Personleg pronomen 1. pers fleirtal: <i>Me</i> eller <i>mi</i>	0 %
LEKS Nektingsadverbet <i>ikkje</i>	40 % (blandingsform) + 5 % (anna variant) = 45 %

Tabellen er med på å vise tydeleg i kor stor grad dialekta til informantane ligg innmed den tradisjonelle dialekta i Valle. Innanfor dei tre ulike språklege nivåa ser ein at den største endringa i fonologien er i framlyd av pronomenet «*kven*», palatal uttale av *k* og *g* i innlyd og dei diftongerte variantane i pronomen og ordet *noko*. Totalt sett er det ein stor del innanfor det fonologiske nivået som endrast. Samstundes er det au ein del som ikkje endrast i like stor grad.

Innanfor det morfologiske nivået er det stort sett endring å sjå. Sterke verb presens singular har 50 % endring medan svarabhaktivokalen har ein mykje større endringsprosent på 88 % totalt. Eg kan nemne at eg ikkje valde å undersøke den morfologiske kategorien dativ då eg ser på det som utdøydd i stor grad.

Når det kjem til det leksikalske nivået ser ein ei interessant utvikling med at endringsprosenten er mindre enn på dei to andre språklege nivåa. Pronomena i 1. og 3. person eintal har inga endring medan nektingsadverbet heller ikkje har kome seg over «grensa» for endringane med sine 45 % totalt.

Totalt sett er det minst endring ved det leksikalske nivået. Dette kan ein sjå i ljøs av språkleg nettverk og talemålsidentitet. Dette blir forklara lenger nede i drøftinga (sjå 7.3.), men kan sjåast på som faktor til at enkelte leksikalske variantar enno blir brukt. Den største endringa ser ein innanfor det morfologiske nivået. Dette kan ha samband med den språklege regionaliseringa på Agder som forenkla bøyinga innanfor det morfologiske nivået slik Skjeggeland (1999, s. 92) og Torp (2001, s. 80) kjem fram til i si forskning. Dette var au ein tendens Attestog kom fram til i si undersøking (Attestog, 2004, s. 82 & 120). Torp og Attestog nemner au korleis formverket kan bli likare nynorsk. Det fonologiske nivået har ikkje like store endringar som i morfologien, men dei er definitivt til stades. Det er viktig å

nemne korleis dei språklege variablane berre er med på å vise viktige tendensar til kor utviklinga går. Dei viser ikkje ei fullstendig utvikling då eg ikkje analyserer alle delane av språket under kvart språklege nivå. No kan ein spør seg kva som er grunnane til denne utviklinga. Dette blir drøfta vidare.

7.2. Kva slags grunnar ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front?

Aller fyrst må eg nemne at det enno er delar av målet som er i bruk ut i frå endringsprosentane i tabell 3. Likevel ser ein korleis målet er i ferd med å utvikle seg på dei fleste språklege variablane. I ni av ti språklege variablar er det ei varierende grad av informantar som nyttar seg av dei utradisjonelle formene. Ein har ikkje kontroll på kor denne utviklinga kan gå. Det einaste ein veit er korleis talemålet alltid utviklar seg.

Grunnane bak talemålsendringa til elevane frå 5.-10. klasse på Valle skule er samansett. Det er fleire faktorar inne i biletet, noko som gjer til at det er knytt til eit mangfald av teori. Den fyrste informantgruppa var klare over at dei ikkje snakkar så breitt som tidlegare, og at vallemålet er i forandring. Eg startar med å drøfte svara til denne informantgruppa med bakgrunn i teori kring dette.

Ved å starte med faktorane for talemålsendring så er hovudessensen til dei indre faktorane analogi, regelutviding og funksjonell tyngde. Dette gjer til at det er enkelte ord i språket som blir forenkla. I undersøkinga av dei språklege variablane i spørjeskjemaet til informantgruppe 1 ser ein fleire variablar der denne forenklinga har skjedd. Her vil eg ha fokus på dei endringane som fører vallemålet bort frå dei tradisjonelle vallemålsformene. Då gjeld det blant anna diftongering av pronomena *eg* og *deg* og ordet *noko*, framlyd av pronomenet «*kven*», palatal uttale av *k* og *g* i innlyd, svarabhaktivokal og halvvegs sterke verb presens singular. Dette er språklege variablar som viser korleis dei indre faktorane for språkending har ført til ei forenkling av variablane i høve til formene i undersøkinga som eg har kategorisert som tradisjonelle vallemålsformer. Dermed har ein blant anna fått ei avpalatalisering i palatal uttale av *k* og *g* i innlyd. Då er det snakk om forenkling i høve konsonantane. Forenklinga gjeld au fråfall av vokalane til variablane diftongering, svarabhaktivokal og omlyden i sterke verb presens singular. Framlyd av *kven* er au ein variabel som blir forandra. Den går imot tendensen til forenklinga og blir i staden omgjort til *kven* med n-ending i staden for det kortare *kve*. Då står ein ikkje ovanfor noko forenkling,

men heller ei forandring. Kva som er bakgrunnen for denne forandringa må sjåast i samanheng med dei ytre faktorane. Ein kan både stå ovanfor påverknad frå nynorsk skriftmål og frå ein majoritet av elevar på skulen som ikkje snakkar vallemål.

Det er interessant å nemne dei indre faktorane for endring, då dei vil vere med på å vise linjene i korleis enkelte delar av språket forandrar seg og dermed blir forenkla. I den vidare drøftinga vil fokuset ligge på dei ytre faktorane for språkending. Desse faktorane viser større og tydelegare linjer til kva som fører til talemålsending hjå informantane.

Ein sentral del av dei ytre faktorane handlar om den auka mobiliteten i samfunnet. Dette gjeld både geografisk og sosialt. Det fyrste eg vil drøfte er resultata med bakgrunn i den geografiske mobiliteten. Tidlegare i oppgåva skreiv eg eit eige kapittel om vegane til og frå Valle. Bygda si geografiske plassering langt inne i Setesdal har i tidlegare tider gjort den utilgjengeleg og delvis isolert frå omverda. Dermed har den reduserte mobiliteten kunne ha verknad som ein konserverande faktor for vallemålet. I nyare tider har mobiliteten opna opp bygda for omverda. Dette har spesielt vore på grunn av utbygginga av riksvegen og den generelle samfunnsutviklinga som har ført Valle inn i den moderne tida. Med dette har Valle blitt eit mobilt og moderne samfunn. Dette påverkar au familiesamansetnaden i bygda. I informantgruppe 1 var det 14 av totalt 21 informantar som hadde mødre med anna dialekt enn vallemål.

Vegane har au ført til at vegen ned til «boyn» har blitt enklare å nytte. Kristiansand er næraste større by som valldølane kan kome seg til. Det var ti av totalt 16 som nemnte at det var i Kristiansand at dei som oftast forandra på dialekta. Kan dette tyde på at er til stades kodeveksling hjå informantane? Informantane peiker på at dei kodevekslar for å bli forstått. Grunnane bak kodeveksling kan blant anna vere å markere sosial, kulturell eller psykologisk nærleik til den ein snakkar med. Denne språklege nærleiken kan fungere som ein kommunikativ ressurs (Røyneland i Mæhlum, Akselberg, Røyneland & Sandøy, 2008, s. 53). Dialekta til informantane blir enklare å forstå, men er dette einaste grunnen bak kodevekslinga? Eg har ikkje fått undersøkt dette og kan dermed ikkje svare på det. Eg vel heller å fokusere på informantanes tilpassing av talemål som eit teikn på akkomodasjon med tilhøyrande konvergens. Dette er omgrep som tydelegare kan koplast saman med den tilpassinga av talemålet som informantane viser.

Det er ikkje lett å seie om informantane konvergerer spesifikt til dialekta i Kristiansand. Ein står likevel ovanfor tendensar til konvergens då informantane nærmar seg varietetar som ikkje er i det tradisjonelle vallemålet. Kva som konkret byttast ut i vallemålet har ikkje kome fram i undersøkinga men det er likevel eit par informantar som nemner at det er enkelte ord som blir bytta ut i møte med byfolket. Dette kan knytast til Omdals omgrep «avsetesdalifisering» der ein viser divergens frå setesdalsmålet (Omdal, 1994, s. 220).

Det har blitt nemnt i teoridelen at dei indre og ytre faktorane verkar saman med talemålsendringa. Det er viktig å hugse på at det er eit samspel mellom faktorane som saman fører til talemålsendring. Dei ytre faktorane er med å legge til rette for at dei indre faktorane kan få fotfeste. Det kan blant anna vere tilhøve rundt talemålet til informantane som fører til at enkelte ord eller lyder blir forenkla og at vallemålet etter kvart missar fotfeste.

Ord i dialekta som endrar seg vil au kunne spreie seg. Det er her at innovasjonar hjå ein einskild kan vere med på å spreie seg og etter kvart etablere seg i talemålet. Dette kan knytast til både bølgteteorien og S-kurva for endring. No vil eg undersøke kor dei ulike språklege variablane frå undersøkinga mi kan opphalde seg på ein graf som S-kurva. Frå den språklege variabelen diftongering viste det seg å vere ulike ord som blei diftongert. Hjå pronomena *eg* og *deg* var det ingen av informantane som diftongerte, og med ein endringsprosent på 100 % kan ein dermed snakke om ei gjennomført talemålsendring. Hjå elevane har det blitt normert å ikkje diftongere desse pronomena. Det ein derimot ser er at ord som *vere* og *gjere* enno blir diftongerte. Desse orda er temmelege like i form då dei bae endar på *-ere*. Denne indre forklaringa kan vere grunnen til at det er enkelte som diftongerer desse orda.

Endringsprosenten til *vere* er på 38 % medan *gjere* har 33 %. Dermed vil ein kunne ha spreieing av ein tendens der vallemålet kan vere i ferd med å bli avdiftongisert. Utviklinga har likevel ikkje bikka 50 % i endringsprosent. Ein kan knytte spreieinga av denne avdiftongeringa med at ein kan vere på veg oppover S-kurva til Chambers og Trudgill. Dette viser seg å ha større tendens til å ha etablert seg med ordet *noko* med ein endringsprosenten på 76 %. Då har ein kome lenger oppe på kurva og dette vil indikere at det vil vere mindre sjanse for at utviklinga til at endringa snur.

Når det gjeld andre variablar viser den språklege variabelen *ll-dd* at dialektordet *vidde* har kome lenger i spreieingsfasen ved å erstattast med *ville*. Det er færre informantar som gjer det

same med å erstatte *fjøddi* med *fjellet*. Det er høvesvis 10 % som seier *fjellet* medan 38 % seier *ville*.

Den same tendensen ser ein au med variabelen palatal uttale av *k* og *g* i innlyd, framlyd av pronomenet «*kven*» og svarabhaktivokal. Desse variablane har til felles at dei er i ferd med å falle bort frå vallemålet og bli etablerte talemålsendringar. Då viser undersøkinga at spreininga av dei nye variantane i målet har kome langt opp på S-kurva.

Ein annan variabel viser ei anna utvikling på kor ein er på S-kurva. Ved orda *veks* og *tek* er det sær s jamne resultat når det gjeld om orda har e-ending. Det er nemleg 48 % som seier *vekse* og 52 % som seier *teke*. Då er ein midt på kurva og framtida vil vise om spreininga av realisasjonane vil halde på og etablere seg som ei gjennomført endring.

Kva som fører til innovasjonane som fyrste ledd i talemålsspreininga kan vere umogleg å seie, men spreininga av nye trekk i talemålet fører til variasjon. Vidare vil dette vere ein grunnleggjande føresetnad for talemålsendring (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 125). Denne variasjonen i talemålet gjer til at ein blant anna kan ha ein intraindividuell variasjon der individet snakkar ulikt etter kven ein snakkar med. Dette finn ein hjå båe informantgruppene. Det blei peika på korleis ein snakkar breiare og nærare det tradisjonelle vallemålet i møte med eldre personar eller besteforeldre. Enno meir sentral er den intraindividuelle variasjonen når informantane snakkar med andre som ikkje snakkar vallemålet. Eg har ikkje undersøkt grunnane til dette. Ein kan likevel med bakgrunn i teorien sjå på dette som ein variasjon som oppstår då ein i større grad vil identifisere seg med den ein snakkar med for å bli betre forstått.

Etter å ha undersøkt vallemålet til informantgruppe 1 ser ein tendensar til at enkelte delar av dialekta blir utjamna. Dette ser ein ved at det er enkelte språklege variablar der vallemålsforma opptrer mindre frekvent enn andre former. Dette gjeld variablane framlyd av pronomenet «*kven*», palatal uttale av *k* og *g* i innlyd, svarabhaktivokal, deler av diftongeringa og delvis omlydsvokal i sterke verb presens singular. Dette er berre nokre delar av språket, men svara gjev likevel tendensar til at bruken av enkelte delar av dialekta er i avvikling og dermed at vallemålet nivellerast.

Ved nivelleringa av vallemålet vil uttalen av variablane kunne gli over til eit regionalt «indre agdersk» og/eller eit standardaustnorsk med bakgrunn i figur 4 om dialektkontinuumet til vallemålet. Ei nivellering av vallemålet kan føre til at dialekttrekka til målet på sikt kan falle bort, sjølv om det berre ser ut til at dette delvis er tendensane i tilstanda til informantane si dialekt. No er det visse tendensar til mindre strukturell skilnad mellom vallemålet og eit regionalt mål i indre Agder, men nivelleringa er enno under utvikling og har eit stykke igjen før dialekta vil forsvinne heilt frå 5.-10. klasse på Valle skule.

Hjå nokon informantar har det skjedd ei individuell utvikling som har kome lengre enn andre. Desse informantane beveger seg nok meir i grenseområda til vallemålets dialektkontinuum enn andre. Då kan talemålet deira trekke seg meir mot det regionale eller standardaustlandske. Sandøy nemner korleis skriftmålet er medverkande faktor for språkending då det har stor kontakt med språkmedvettet (Sandøy, 1996, s. 140). Kan det då tenkjast at nynorsken har påverknad sidan dette er hovudmålet til størsteparten av elevane? Dette har eg tru på, då dette støttar seg på det som har blitt nemnt av informantar i den andre informantgruppa. Ein av informantane hevder at familiemedlem snakkar nynorsk medan eit par andre nemner korleis nynorsken er ein del av dialekta deira. Den eine av desse karakteriserte dialekta si som ei blanding mellom nynorsk og bokmål.

Kva slags dialekt kan ein då ende opp med å få i framtida? Trekk utviklinga mot ei anna retning? Då kan ein sjå til informantgruppe 2. Dette er elevane som ikkje snakkar vallemål. Desse elevane snakkar alle ulikt og har forskjellige dialekter. Det ein likevel ser er at talemålet til denne gruppa kan betraktast som ein del av eit standardisert talemål i høve til vallemålet. Ein kan tenkje seg at dei har tilhøve som gjer til at dialektkontinuumet deira har glidande overgangar mellom vallemål, eit «indre agdersk» regionalt mål og standardaustnorsk. Det er dette som standardiserer målet. Dette er ikkje berre talemålssituasjonen til informantgruppe 2, men hjå dei aller fleste unge i Valle. Elevane som snakkar vallemål på Valle skule er i mindretal då berre 29 % av elevane frå 5.-10. klasse blei intervjuet som ein del av informantgruppe 1. Dermed kan dagens elevar som ikkje snakkar vallemål vere med på å leggje føringar for korleis dialekta kan utvikle seg til å bli eit standardisert talemål men med variasjonar.

Eg har nemnt fleire grunnar til at bruken av vallemål kan vere på vikande front. Ein annan sentral grunn fell under neste forskingsspørsmål. Då er det snakk om grupperingar av elevar

som snakkar meir vallemål enn andre. Dermed vil eg la dette forskingsspørsmålet ta føre seg drøftinga som vidare omhandlar gruppetilhøyrsløse og talemålsidentitet, og kva som er grunnane til dette.

7.3. Er det teikn til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt?

Når det gjeld enkelte grupper som snakkar vallemål så operasjoniserer eg dette til å berre omhandle kjønn og kva slags trinn elevane går på. Det ville ha vore interessant å gå inn på kvar enkelt informant og knyte fleire faktorar til at desse brukar vallemålet. Dette har eg ikkje tatt med av omsyn til omfanget av oppgåva.

Eg nytta meg av kjønn som sosial variabel og dette viste ein klar tendens som er med på å svare på dette forskingsspørsmålet. Det er særst få jenter som er representert i informantgruppe 1, med berre tre frå ungdomssteget og ingen frå mellomsteget. Dermed kan ein spørje seg om dette har bakgrunn i tidlegare teori kring korleis jenter har større tendens til å snakke standardnært (Trudgill, 1974 og Eckert, 1989 i Mæhlum MIL). Ein kan spør seg ytterlegare om kva som er grunnane til dette. Det er nok samansette faktorar som gjer til at ein både med bakgrunn i tilhøve i heimen og klassesamansetnad snakkar vallemål. Det er enklare å halde på vallemålet om det er andre vallemålsbrukarar i same klasse. Etter kvart har det kome fleire tilflyttarar til bygda med born som snakkar andre dialektar. Deira påverknad må ha påverka jentene i størst grad av ein eller annan grunn. Då må ein spør seg om kva som gjer til at det er så mange av gutane som enno snakkar vallemål. Då kan ein sjå mot foreldra. Gutane kan i større grad hatt fedre som språklege førebilete. Dette kan ha samanheng med at omtrent alle har fedre som au snakkar vallemål.

Jentene i informantgruppe 1 hadde au fedre som snakka vallemål. Kva skil så denne gruppa frå jentene i den andre informantgruppa? Alle desse jentene hadde nemleg au fedre som snakka vallemål. Då kan ein sjå bort frå den tidlegare forskinga til Trudgill (1974) og Eckert (1989) (Mæhlum i Mæhlum et al., 2008, s. 120). Røyndland har eit større fokus på gruppetilhøyrsløse i sine undersøkingar (Røyndland, 2005). Dermed må ein vende blikket til kven dei tre informantane har vore omgitt av i oppveksten. Dette er samansett men ein kan likevel fokusere på familie og klassesamansetnad då ein kan tenkje seg til at det er dette ein omgåast med mest og som dermed kan ha mest talemålspåverknad.

Ein annan sentral tendens handlar om korleis det er mindre vallemål på mellomsteget enn på ungdomssteget. Då kan ein igjen vende blikket mot klassesamansetnaden. Valle skule er ein liten skule der for eksempel i 6. trinn berre er åtte elevar. På heile mellomsteget er det 29 elevar mot ungdomsstegets 44. Då skal det mindre til før ein får eit fleirtal av elevar i klassen som ikkje har vallemål i heimen hjå foreldre eller søsken, og som dermed heller ikkje snakkar vallemål. Mindre klassar med fleire av desse av elevane vil føre til eit mindre nettverk som ein vallemålsbrukar kan ha gruppetilhøyrse med. Dette kan sjåast i samanheng med nettverksteorien til Milroy frå 1980 og korleis eit nettverk opprettheld språklege normer (Mæhlum i Mæhlum et al., 2008, s. 116). Når den språklege norma på mellomsteget blir å ikkje snakke vallemål vil det vere kortare veg for ein vallemålsbrukar å konvergere til eit standardnært mål for å nærme seg målet til klassekameratane. Med få vallemålsbrukarar det ikkje er kontakt mellom vil strukturen til nettverket bli svekka. Dermed kan dette forklare kvifor det er færre vallemålsbrukarar i klassane på mellomsteget.

På ungdomssteget og då spesielt i 10. trinn er det ein heilt omvendt situasjon. Denne klassen er den største på skulen med 17 elevar. Her er det au størst bruk av vallemål med over halvparten og dermed 10 elevar som nyttar seg av dialekta i det daglege. Her er det fleire gutar, og fleirtalet av desse har hatt tilhøve i heimen som har ført til vallemålsbruk. Sidan ein har ei samla gruppe i eit nettverk som klassekameratar, står ein i eit nettverk med stor tettleik av forbindelsar der alle kjenner alle. Då har ein ei gruppe elevar som lettare kan ha tilhøyrse til kvarandre når det kjem til å ha eit språkleg fellesskap. Dette kan ein knyte opp til interindividuell variasjon. Her kan ein kunne nemne nettverksteorien som opprettheld språklege normer slik at dei fleste av gutane i denne klassen ikkje standardiserer talemålet sitt. Det kan oppstå eit uformelt sosialt press i nettverket om å snakke som dei andre i nettverket. Strukturen mellom vallemålsbrukarane i talemålsnettverket er dermed sterkare. Dette har si bakgrunn i at ein har utgangspunkt i ein klassesamansetnad som er større og meir tilrettelagt for at dette kan skje og at vallemålet kan bli ein del av dette nettverket.

7.4. Kva er grunnane til at elevar med vallemål i nære relasjonar (foreldre og søsken) ikkje sjølv nyttar seg av vallemålet?

Attestog set det heile noko på spissen og spør om setesdølane kanskje ha valet mellom å døyt ut som region eller å importere ektefellar til bygda (Attestog, 2004, s. 24). Dette er noko som

eg ser tendensar til i undersøkinga mi. I informantgruppe 2 var alle mødrene utan dialekt frå Valle. Frå svara til informantgruppa viser det seg at det kan vere «dei importerte ektefellene» som fører til at ungane deira ikkje snakkar vallemål. Omtrent alle nemnte mødrene i svara sine og at desse hadde vore med på å påverka talemålet deira. Den revolusjonerande mobiliteten har påverka dialektmangfaldet i bygda. Det har ført til sterk språkleg påverknad av barna i enkelte familiar der dei føresette har forskjellig dialekt. Dette seier seg sjølv då det er kring foreldra at borna tileignar seg mykje av språket.

Når informantane i gruppe 2 skulle setje ord på kva dialekt dei eigentleg har, svara dei fleste og dermed fem av åtte at dei blandar dialekt. Denne dialektblandinga kan ein sjå på som eit kontinuum av variasjon. Då kan ein knytte det til kontinuumet med vallemål, eit regionalt «indre agdersk» og sentralaustnorsk.

Omgrepet dialekt blir oftast definert som talemålet knytt til ein spesifikk geografisk plass. Ifølgje denne definisjonen vil dette problematisere det å definere dialektblandinga til informantgruppe 2 som ei eiga dialekt. Denne dialektblandinga vil i nokre situasjonar bli forsterka og trekke mot ei bidialektisme. Det kom fram i svara til informantane at det er sterke tendensar til dette då halvparten sa at dei snakkar meir vallemål i møte med andre familiemedlemmar, både besteforeldre og fedre. Då er det snakk om akkomodasjon med kontekstavhengig konvergens der ein tilpassar målet etter samtalepartnaren. På denne måten finn ein intraindividuell variasjon i informantgruppe 2, men at dette blir gjort på ein annan måte enn i den fyrste informantgruppa. I informantgruppe 2 konvergerer ein *til* vallemål i staden for å konvergere *bort* frå målet. Grunnane bak blir drøfta vidare.

På denne måten nyttar au informantgruppe 2 seg av eit dialektkontinuum med flytande grenser. Desse grensene viser seg å ha moglegheit til å flytte seg i visse tilhøve avhengig av stad og tid. I dialektkontinuumet er det eksempel frå korleis informantane nyttar seg av enkelte ord frå vallemålet. Det er au eksempel på korleis det er heile dialekta som trekk mot ulike talemålsvariantar. Den eine informanten fortalde korleis ein hadde tatt i bruk ordet «gama» i eiga dialekt. Den andre informanten brukte *gome* og *gofa* som ord for bestemor og bestefar i samtale om besteforeldre i intervjuet. Desse orda er typiske ord frå vallemålet som ein kan knytte opp til omgrepet sjobbolet. Det kan hende at informantane nyttar seg av ordet for å markere tilhørsle til Valle. Då kan det vere at orda *gama*, *gome* og *gofa* er med på å markere dette.

Når informantane i visse tilhøve snakkar meir vallemål eller nyttar seg av ord knytt til sjibollet så handlar det heile om ein språkleg identitet. Informantane er valldølar sjølv om dei ikkje snakkar den dialekta som tradisjonelt har vore knytt til det å vere valldøl. Unn Røyneland nemner korleis språket har ein viktig signalfunksjon då me ofte tenkjer på dialekt som noko som nærast høyrer fysisk heime på geografiske plassar (Grov, 2016). I same artikkelen har Astrid Marie Grov intervju to setesdølar med ulike tilnærming til dialekta. Tradisjonsberaren Sigurd Brokke innanfor både dialekt og folkemusikk ser på dialekta som ein sentral del av å vere setesdøl. Sambygding og designer Anne Hasla meiner det er mogleg å vere frå ein plass som Valle utan å bruke vallemålet. Synet på dette og koplinga mellom dialekt og plass er noko som ein må revurdere då samfunnet er meir mobilt no enn tidlegare, nemner Røyneland (Ibid.).

Det er slik at halvparten av informantgruppe 2 viser korleis dei tilpassar målet i høve til andre i familien med vallemål. Dei konvergerer dermed frå ei nøytral blandingsdialekt og kortar ned den lingvistiske avstanden til vallemålet. Nærheit til familie er med på å påverke tilhøvet for eit gjensidig språkleg handlingsmønster og tilknytning. Dette individbaserte fellesskapet kan bli sett på som eit eige nettverk. Informantane som nemner at dei konvergerer, blir integrert inn i dette fellesskapet. Her blir det opprettheld språklege normer. Informantane har tileigna seg ei norm som gjer til at dei snakkar meir vallemål i møte med det språklege fellesskapet som familien utgjer.

Identitetsomgrepet kan au nyttast til å skildre det språklege samspelet med mødrene. Eg har allereie nemnt om mødrenes påverknad på informantgruppe 2, men oppfatninga av identitet er med å forklare i større grad kva som ligg bak denne påverknaden. Alle elevane snakkar til vanleg slik som dei meiner at mødrene har påverka dei i stor grad til å gjere. Det har vore forska ein del på kven av mor eller far som påverkar språket til barnet i størst grad. Det viser seg å vere særst vanskeleg å konkludere med noko her, då det er mange faktorar som spelar inn. Dermed er det ulikt i kor grad informantane snakkar likt mor eller far. Det kjem an på korleis oppveksten deira har vore med på å leggje til rette for dette.

7.5. Felles funn

Med tanke på både informantgruppene viser det seg at dei har ein grunnleggande likskap når det kjem til konvergens, kodeveksling med bevegelse innanfor eit dialektkontinuum og den språklege identiteten. Det er likevel ulik bakgrunn til at målet til informantane forandrast. I informantgruppe 1 endrar dei for å i større grad bli forstått og beveger seg vekk frå identiteten som valldøl. I informantgruppe 2 gjer halvparten av informantane det for å nærme seg vallemålet og for å plukke med seg meir element av ei «setesdalspakke». Ved å variere på målet i høve den ein snakkar med står ein ovanfor ein intraindividuell variasjon med kontekstavhengig konvergens. Det viser seg at både informantgruppene ber preg av dette.

Hovudmålsetnaden til masteroppgåva er undersøke tilstanden til vallemålet til elevane på Valle skule frå 5. til 10. trinn. Dette er knytt til undersøkingane gjort av informantgruppe 1. Ein annan stor del av oppgåva er å sjå på kva slags grunnar som ligg bak at det er ein del som ikkje snakkar vallemål. Dette er knytt til informantgruppe 2. Både desse informantgruppene har eit overordna fellestrekk. Dette kan ein knyte til den tredje sosiolingvistiske bylgja som er skildra av Penelope Eckert. Dette legg vekt på ein personleg stilisme, noko som undersøkinga mi har bært preg av. Variasjonen i dialekta innan både informantgruppene viser at informantane gjev uttrykk for å ha ein eigen språkleg stil. Det er ingen av informantane som snakkar likt, og alle har forskjellige tilhøve som har ført til at dei har den dialekta dei har. Både informantgruppene har til felles at dei plukkar med seg forskjellige former, sjølv om dei gjer dette på ulik måte. Informantgruppe 1 plukkar former innan akkomodasjon for å bli betre forstått utanbygds. Akkomodasjonen til informantgruppe 2 er annleis då akkomodasjonen brukast for markere eit gjensidig språkleg handlingsmønster og tilknytning til det nære familiære nettverket. Gjennom undersøkinga har eg fått eit personleg innblikk i dialekta til informantane, og korleis dei reflekterer over eigen og andre sine talemålsvariantar. Dette har gitt meg peikepinn på korleis talemålet utviklar seg blant elevar frå 5.-10. klasse på Valle skule.

7.6. Vidare forking

Til vidare forking kunne det vore interessant å sjå nærare på haldningar til eige talemål i møte med menneske frå for eksempel Kristiansand. Legg dei om dialekta av andre grunnar enn å berre ville bli forstått? Røyndland nemner at ein hovudsakleg kodevekslar for å markere sosial, kulturell eller psykologisk nærleik eller distanse til samtalepartnaren. Språkvalet under

kodevekslinga tener funksjon som meiningsberande og kommunikativ ressurs for språkbrukarane (Røyneland i Mæhlum et al., 2008, s. 53). Kan det vere at dette er tilhøvet for vallemålsbrukarane i møte med kristiansandsdialekta? Blir denne dialekt sett på som ei prestisjedialekt då det er den største byen i regionen? Legg dei om til kristiansandsdialekt eller nyttar dei seg av ein annan talemålsvariant når dei legg om? Kan det hende at dei er flauere over å snakke ei dialekt frå ei lita bygd oppe i Setesdal? Dette er fleire spørsmål som kunne blitt forska på vidare i eit anna forskingsprosjekt knytt til vallemålet.

Val av identitet som passar eit spesifikt sett av verdiar, livsstil og kulturelle praksisar er noko som eg ikkje har fått forska meir på. Då ville undersøkinga nærma seg eit større fokus på talemålshandlingar. «Setesdalspakka» treng å bli forska meir på, og eg håper at denne oppgåva kan gjeve stafettpippen vidare til den neste som ynskjer dette.

8. Oppsummering

I denne oppgåva har eg gjennom undersøkinga av to informantgrupper sett på den generelle talemålsutviklinga til elevar frå 5.-10. trinn på Valle skule. Ved å nytte meg av fire forskingsspørsmål har eg dekkja ei rekkje sentrale spørsmål når det kjem til talemålsutviklinga innan dei to informantgruppene. Empirien har blitt henta gjennom elevane sin refleksjon, utforsking og samanlikning kring talemål og andre talemålsvariantar knytt til læreplanmåla i norsk etter 7. og 10. trinn. Ved denne oppsummeringa vil eg samanfatte dei mest sentrale tendensane til talemålsutvikling saman med årsakene til dei. Oppsummeringa vil bli lagt fram der eg viser til dei viktigaste tendensane knytt til kvar informantgruppe.

I denne masteroppgåva har vallemålet blitt undersøkt. Dette er ei dialekt som er knytt geografisk til Valle kommune. Vallemålet er kjent for å vere ei særleg særmerkt dialekt med ein stor rikdom på former som blant anna har nær tilknytning til det gamalnorske språket. Saman med den fonologiske diftongeringa kan eit rikt og arkaisk ordtilfang gjere dialekta vanskeleg å forstå for mange utanfor Setesdal.

Oppgåva har fokusert på vallemålet til elevane på Valle skule. For å svare på kvifor dialekta utviklar seg har eg undersøkt to informantgrupper. Den fyrste informantgruppa nyttar seg av vallemålet medan den andre ikkje gjer det. Med bakgrunn i tematikk og informantgrupper har eg kome fram til følgjande forskingsspørsmål:

- I kor stor grad ligg vallemålet til elevane innmed det tradisjonelle vallemålet?
- Kva slags grunnar ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front?
- Er det teikn til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt?
- Kva er grunnane til at elevar med vallemål i nære relasjonar (foreldre og søsken) ikkje sjølv nyttar seg av vallemålet?

For å få svar på oppgåva har eg brukt metodeblanding for å samle inn informasjonen som høver til forskingsspørsmåla. Dermed har eg bruka både kvalitativ og kvantitativ metode. Ei vidare oppsummering av metodebruken vil bli gjort greie føre under samanfatinga av kvar informantgruppe.

8.1. Informantgruppe 1

Informantgruppe 1 bestod av eit strategisk utval av 21 elevar som snakka vallemål i det daglege. Fem av informantane var frå mellomsteget medan 16 var frå ungdomssteget. Vallemålsbruken blei hovudsakleg definert etter diftongering og eit ordtilfang som nyttar seg av enkelte vallemålsord. Den metodiske framgangsmåten har gått i retning av ei metodeblanding. Dette har gitt meg moglegheit til å undersøke fleire tilhøve i språket som kan setje ljøs på forskjellige delar av talemålsutviklinga. I intervjuet har eg blant anna nytta ei kvantitativ tilnærming ved bruk av spørjeskjema med ti språklege variablar innan tre ulike språklege nivå. Dei fonologiske variablane har vore diftongering, *dd-ll*, framlyd av pronomenet «*Kven*» og bortfall av *l* før konsontantar. Morfologiske variablar var omlydsvokal av sterke verb presens singular og svarabhaktivokal. Leksikalske variablar var personleg pronomen 1. person eintal og fleirtal, palatal uttale av *k* og *g* i innlyd og nektingsadverbet *ikkje*. Det kvalitative frå undersøkinga kom til uttrykk gjennom fire kvalitative spørsmål om vallemålet til informanten.

Gjennom denne undersøkinga fekk eg eit innblikk i korleis tilhøvet til det tradisjonelle vallemålet var hjå informantane. Eg har brukt 50 % som ei grense for språkendingane. Dette blei knytt opp til S-kurva for endring der ein endringsprosent høgare enn dette vil vere eit teikn på at det er liten sjans for at utviklinga snur. Resultata frå den kvantitative undersøkinga viser størst endring sjå variablane framlyd av pronomenet «*kven*», palatal uttale

av *k* og *g* i innlyd, og svarabhaktivokal. Det gjeld au i større grad enkelte grupper av ord innanfor diftongering, då spesielt pronomena *eg* og *deg* og ordet *noko*. Omlydsvokal i sterke verb presens singular ligg samla på ein endringsprosent på 50 %. Det er dermed like mange informantar som uttaler den tradisjonelle forma som dei informantane som ikkje gjer det. Totalt sett var det mest endring innanfor det morfologiske nivået. Eg knyt endringa til ei regionalisert forenkling av formverket og mogleg påverknad frå nynorsken.

Dei språklege variablane med minst endring var ord med *ere*-ending i diftongeringa, dei enkelte orda eg nytta i variabelen *ll-dd*, framlyd av pronomenet «*kven*», bortfall av *l* før konsonantar, personleg pronomener 1. person eintal og fleirtal og nektingsadverbet *ikkje*. Totalt var det minst endringar ved dei leksikalske variantane. Dermed er det enno ein del tradisjonelle vallemålsformer som er til stades i talemålet til informantgruppe 1. Dette kan forklarast ut i frå eit språkleg nettverk som opprettheld bruken av enkelte leksikalske variantar.

Både indre og ytre faktorar verkar saman når talemålet utviklast og er med på å forklare kvifor bruken av dialekta er på vikande front. Indre faktorar i språket fører til tendensar til at dei tradisjonelle vallemålsformene blir forenkla i ordstrukturen. Då kan ein spør seg kva som er grunnane bak, noko som ofte har si forklaring i dei ytre faktorane.

Dei ytre faktorane ligg fyrst og fremst i samfunnsutviklinga som har lagt til rette for auka mobilitet som opnar bygda for omverda. Dette gjer til at brukarane i vallemålet kjem i kontakt med andre talemålsvarietetar. I eit ynskje om å bli betre forstått nemner omtrent alle i informantgruppe 1 at dei legg om målet når ein snakkar med andre utanfor bygda. Dette fungerer som ein kommunikativ ressurs ved at ein blir betre forstått. Dette vil vere samanfallande med akkomodasjon og dermed konvergens. Det vil au vere ein intraindividuell variasjon. Dette i seg sjølv er ein sentral del av talemålsutviklinga blant elevane.

Ingen av elevane med vallemål snakkar likt. Dei beveger seg alle i eit dialektkontinuum mellom vallemålet, eit regionalt «indre agdersk» og standardaustnorsk. Når målet glir vekk frå vallemålet vil denne nivelleringa kunne standardisere målet ved at det i større grad blir ein del av det regionale målet eller sentralaustnorske. Då vil ein gjeve slepp på fleire av formene som kjenneteiknar vallemålet. Alle elevane beveger seg innanfor dette kontinuumet, men alle plasserer seg ulikt etter kva tilhøve dei har hatt til å bruke vallemål i oppveksten.

Tilhøvet til vallemålsbruk hjå elevane i informantgruppe 1 er tett knytt til bruken av vallemål i heimen og kva slags klassesamansetnad ein har. Dette blei gjort greie føre med bakgrunn i om det var enkelte grupper der bruken av vallemål var meir utbreitt. Meir utbreidd vallemålsbruk i 10. klasse enn på mellomsteget forklara eg ut i frå nettverksmodellen. I 10. klasse har fleirtalet hatt foreldre som har snakka vallemål. Desse har gjennom skulegangen bygd seg opp eit sett med språklege normer knytt til fellesskapen deira i dette nettverket som klasse. På mellomsteget har ein mindre kull der vallemålstilhøva i heimane er mindre. Fleire tilflyttarar har gjort til at det er færre elevar som er vaksne opp med vallemålet og då blir det vanskeleg å leggje til rette for eit sterkt nettverk mellom dei få vallemålsbrukarane. Då vil klassane på mellomsteget ha ein anna språkleg struktur på nettverket der det normerte talemålet framleis ligg på dialektkontinuumet, men med større avstand frå tradisjonelt vallemål.

8.2. Informantgruppe 2

Utvalet av elevar til informantgruppe 2 var au strategisk. Informantgruppa hadde kriterium der ein ikkje måtte snakke vallemål i det daglege, men med minst ein i nær familie av foreldre eller søsken som snakka vallemål. Undersøkinga peikte på faktorar til at informantane sitt mål ikkje har enda opp med å bli vallemål.

Den sosiale mobiliteten har ført til at mødrene frå informantgruppa snakkar ei anna dialekt enn vallemål. Borna tileignar seg dialekt på ulikt vis og det vil dermed vere nokre familiar der ungane tek etter far og snakkar vallemål medan andre tek dialekt etter mor med anna talemål.

Dei fleste av informantane ser på dialekta si som ei blanding. Dei kan dermed plasserast på dialektkontinuumet der ein er plassert lenger mot det regionale «indre agderske» og sentralaustnorske. Nokre gonger tyr informantane til ei ytterlegare dialektblanding og dermed bidialektisme. Halvparten av informantane legg om dialekta i møte med familiemedlem. Ei tilpassing av talemål vil samanfalle med akkomodasjon og konvergens til vallemålet. Dette vil også vere ein intraindividuell variasjon.

I det daglege målet er det likevel i bruk enkelte typiske vallemålsord. Då er det snakk om ord med sjibollet-tyding. Bevegelsane mot vallemålet på dialektkontinuumet kan ha bakgrunn i at

ein vil markere ein språkleg identitet. I nær familie har ein eit språkleg nettverk påverka av gjensidig språkleg handlingsmønster. Halvparten av informantgruppe 2 vil halde seg innanfor normene til dette nettverket, noko som forklarar konvergensen deira i retning vallemålet. Samstundes er det viktig å nemne korleis ein har ein halvdel som ikkje har dette handlingsmønsteret.

8.3. Til slutt

Undersøkinga av målet til både informantgruppene ber preg av å ha ein eigen språkleg stil knytt til Eckerts tredje sosiolingvistiske bylgje. Saman med den synkrone sosiolingvistiske fagterminologien har oppgåva blitt balansert fagleg med diakron dialektologi. Empirien frå informantgruppene viser ein felles tendens til at både gruppene er påverka av konvergens der dei plukkar med seg ulike former som ikkje er i deira daglege talemål. Akkomodasjonen til informantgruppene går i ulike retningar med ynskje om å oppnå forskjellige formål. Informantgruppe 1 konvergerer i stor grad *bort* frå vallemålet for å bli betre forstått. Halvparten av informantgruppe 2 konvergerer *til* vallemålet for å markere identitet og språkleg fellesskap i møte med familie. Dette heng saman med omgrepet intraindividuell variasjon.

Både informantgruppene har gitt meg innblikk i dialekta deira ved å reflektert kring eiga dialekta og andre talemålsvariantar. Vallemålet til elevane frå 5.-10. klasse på Valle skule ser ut til å få ein svekka struktur til eit vallemålsnettverk då færre og færre tek i bruk målet. Dei som har tilhøve i heimen med bruk av vallemål i nær familie vil bli påverka av det språklege fellesskapet i klasserommet med ei i stor grad standardisert dialekt. Ein kan tenkje seg at vallemålet vil trekkast lenger og lenger mot det regionale «indre agderske» og sentralaustnorske i tida som kjem. Det kjem nok likevel til å vere enkelte brukarar av tradisjonelt vallemål til stades. Det vil nok likevel vere lenge før ein ser noko dialekteksempel som dagens 10. klasse, om dette i det heile kjem til å skje. Dette er vegen ein kan tenkje seg til at talemålsutviklinga på Valle skule vil ta. Ein kan sjå på talemålsidentiteten som ein stor faktor til at vallemålet enno blir brukt. Dette vil etter kvart bli svekka av ei indre forenkling av målet, mobilitet, akkomodasjon, konvergens og eit svekka talemålsnettverk der ein ikkje lenger vil ha ein sosial struktur som legg til rette for å halde oppe bruken av vallemålet i like stor grad som tidlegare.

Litteraturliste

«dyr». I: Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta 14.05.2023 frå

<https://ordbokene.no/nn/13359>

«gut». I: Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta 14.05.2023 frå

<https://ordbokene.no/nn/27810>

«jente». I: Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta 14.05.2023 frå

<https://ordbokene.no/nn/35459>

«nauten». I: Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta 14.05.2023 frå

<https://ordbokene.no/nn/52241>

«stor». I: Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta 14.05.2023 frå

<https://ordbokene.no/nn/74040>

Akselberg, G. (1999). Prosjektet *Talemålsendring i Noreg*. *Språknytt*, 27(2), 8-11.

<https://www.nb.no/items/be9d1e5359337aee3439f974fe3ac706?page=8>

Attestog, B. (2004). *Jeg er setesdøl, jeg!* Hovudfagsoppgåve i nordisk språk og litteratur.

Høgskulen i Agder.

Bugge, E. (2021). Talemål, identitet og tilhørighet: Sosiolingvistiske perspektiv på språkanalyse for beskyttelse og språkprøver for opphold og statsborgerskap.

Målbryting, (12), 25-42. <https://doi.org/10.7557/17.5926>

Bugge, E., & Neteland, R. (2022). Simplification in 43 varieties of urban Norwegian. *Journal of Historical Sociolinguistics*, 8(1), 89-112. <https://doi.org/10.1515/jhsl-2020-0030>

Chambers, J. K. & Trudgill, P. *Dialectology*. Cambridge University Press.

Den norske kyrkja. (u.å.). Bykle, Valle og Hylestad. *Kyrkjene våre*. Henta frå:

<https://bykle.kyrkja.no/Kyrkjer>

Eckert, P. (2012). Three Waves of Variation Study: The Emergence of Meaning in the Study of Variation. *Annual Review of Anthropology*, 41, 87–100

Giles, H. (2016). Communication Accommodation Theory. In *The International Encyclopedia of Communication Theory and Philosophy* (eds K.B. Jensen, E.W. Rothenbuhler, J.D. Pooley and R.T. Craig). <https://doi.org/10.1002/9781118766804.wbiect056>

Google Maps. (2022). Vegbeskrivelse frå Rv9, 4745 Rysstad til Rv9, 4754 Valle. Henta 11. oktober, 2022 frå:

<https://www.google.no/maps/dir/59.0265386,7.5487917/59.283394,7.4042837/@59.2144523,7.5354039,38312m/data=!3m1!1e3!4m2!4m1!3e0?hl=no>

Grov, A. M. (2016, 20. mai). Den tunge språkarven. *Språknytt*. Henta frå <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-20162/spraknytt22016/den-tunge-sprakarven/>

Hannaas, T. (1921). Sætedals-målet. *Norske bygder. 1 : Setesdalen*. Alb. Cammermeyer.

Hanssen, E. (2010). *Dialekter i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hanssen, E., Hoel, T., Jahr, E. H., Rekdal, O. & Wiggen, G. (1978). *Oslomål. Prosjektbeskrivelse og syntaktisk analyse av oslomål med henblikk på sosiale skilnader*. Novus forlag.

Heggstad, R. & Thorsnæs, G. (2023, 24. januar). *Otra*. Henta 11.05.2023 frå: <https://snl.no/Otra>

Jansen, L. & Ryningen, A. (1994a). *Valle kommune VII Kultursoge*. Valle kommune.

Jansen, L. & Ryningen, A. (1994b). *Valle kommune VIII Kultursoge*. Valle kommune.

- Kunnskapsdepartementet. (2019). Læreplan i norsk (NOR01-06). Fastsett som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06?lang=nob>
- Labov, W. (2001). *Principles of linguistic change: 2: Social factors*. Blackwell.
- Larsen, J. H. (1981). *Førhistoria i Valle kommune, Setesdal*. Universitetet i Oslo, Oldsakssamlingen.
- McNamara, T. (2005). 21st century shibboleth: Language tests, identity and intergroup conflict. *Language Policy*, 4(4), 351–370. <https://doi.org/10.1007/s10993-005-2886-0>
- Mæhlum, B. & Røyneland, U. (2012). Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter. Cappelen Damm akademisk.
- Mæhlum, B. (2009). Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, (27), Hefte 1, 7–26. Henta frå http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf
- Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U., & H., Sandøy. (2008). *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk* (2. utg.). Cappelen akademisk forlag.
- Neteland, R. & Aa, L. I. (2020). Å designe og gjennomføre eit forskingsprosjekt. I Neteland, R. & Aa, L. I. (Red.), *Master i norsk: Metodeboka 2*. (s. 13-24). Universitetsforlaget.
- Neteland, R. (2020). Kvalitative intervju i norskfaglige oppgaver. I Neteland, R. & Aa, L. I. (Red.), *Master i norsk: Metodeboka 2*. (s. 50-67). Universitetsforlaget.
- Norgeskart. (u.å., a). Henta 14.05.2023 frå: <https://norgeskart.no/#!?project=norgeskart&layers=1002&zoom=11&lat=6586442.85&lon=73811.31&markerLat=6586442.847590458&markerLon=73811.31200074623&p=searchOptionsPanel&sok=Tr%C3%A6lshedde>

Norgeskart. (u.å., b). Henta 14.05.2023 frå:

<https://norgeskart.no/#!?project=norgeskart&layers=1002&zoom=11&lat=6575927.62&lon=73483.29&markerLat=6574211.53960061&markerLon=73486.2847347255&p=searchOptionsPanel&sok=Tr%C3%A6shedde>

Norgeskart. (u.å., c). Henta 14.05.2023 frå:

<https://norgeskart.no/#!?project=norgeskart&layers=1002&zoom=9&lat=6591983.51&lon=79875.83&markerLat=6605963.564159378&markerLon=75915.38169040425&p=searchOptionsPanel&sok=v>

Norsk folkemuseum. (u. å.). *Setesdal*. Henta frå: <https://norskfolkemuseum.no/setesdal>

norsk standardtalemål. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, (27), 7–26. Henta frå

http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf

Omdal, H. (1994). *Med språket på flyttefot. Språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand*. (=Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet) Uppsala: Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet.

Otra kraft DA. (u.å.). *Brokke kraftverk*. Henta frå:

<https://www.otrakraft.no/kraftstasjoner/brokke-kraftverk-article357-1060.html>

Postholm, M. B., Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblick*. Høyskoleforlaget.

Ryningen, A. (1987). *Valle kommune III. Gards- og ættesoge Valle*. Valle kommune.

Røynealand, U. (1999). Språkleg regionalisering på Røros og Tynset? I *Målbryting* 2, s. 98–119. <https://doi.org/10.7557/17.4716>

Røynealand, Unn. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset. Språkleg variasjon og endring*. [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo. Henta frå <http://folk.uio.no/unnr/Avhandling.htm>

Sandøy, H. (1993). *Talemål*. Novus forlag.

Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Novus forlag.

Sandøy, H. (2013). Perspektiv på norsk talemålsforskning siste 100 år. I Elmevik, L. & Jahr, E. H (Red.). *Talemålsforskning i Norden dei siste 100 år: Eit symposium i Åseral i 2011 i høve 100-årsjubileet for Didrik Arup Seips hovudfagsavhandling om åsdølsmålet* (s. 79–108). Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur.

Selås, M. (2003). *Dialektal variasjon og endring aust på Agder – beskrive og forklart ved to språklege variablar* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Bergen.

Selås, M. (2021). A short description of some aspects of the traditional Valle dialect in Setesdal. I Rambø, G. G. - R. & Jahr, E. H. *Norsk språk i rom og tid*. Novus.

Setesdalsmuseet. (u.å.). Faste utstillingar. Henta frå <https://www.setesdalsmuseet.no/faste-utstillingar/>

Sira-Kvina kraftelskap. (u.å.). *Roskreppfjorden*. Henta frå <https://www.sirakvina.no/roskreppfjorden/roskreppfjorden-article315-929.html>

Skjekkeland, M. (1977). *Målføre og skriftmål. Oslo – Bergen – Tromsø*. Universitetsforlaget

Skjekkeland, M. (1997). *Dei norske dialektane - Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Høyskoleforlaget.

Skjekkeland, M. (1999) Agder – ein region mellom aust og vest. Kva skjer med talemålet i området? *Målbryting* 2/1999: 76-97. <https://doi.org/10.7557/17.4713>

Skjekkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Novus.

Skjekkeland, M. (2010). *Dialektlandet*. Portal forlag.

- Skoglund, J. (2023, 24. april). Klart for ny etappe på «Gul midtstripe til Hovden». *Veier24*.
<https://www.veier24.no/artikler/klart-for-ny-etappe-pa-gul-midststripe-til-hovden/529970>
- Statistisk sentralbyrå. (1960). Folketellingen 1. november 1960. Tellingsresultater – Tilbakegående tall – Prognoser Valle 0940.
- Statistisk sentralbyrå. (2023a). Innbyggjartal 1. kvartal 2023 Valle kommune. Henta frå
<https://www.ssb.no/statbank/table/06913/tableViewLayout1/>
- Statistisk sentralbyrå. (2023b). Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter statistikkvariabel, region, landbakgrunn og år. Henta frå
<https://www.ssb.no/statbank/table/09817/tableViewLayout1/>
- Steinsholt, A. (1964). *Målbryting i Hedrum*. Universitetsforlaget.
- Stjernholm, K. (2020). Spørreundersøkelser i norskdidaktiske masteroppgaver. I Neteland, R. & Aa, L. I. (Red.), *Master i norsk: Metodeboka 2*. (s. 68-88). Universitetsforlaget.
- Thaule, K. (2022, 9. desember). Dialekttileigning i Valle. *Studentar i forskingsprosjekt*. Henta frå <https://www.uia.no/studentar-i-forskningsprosjekt/dialekttileigning-i-valle>
- Thorsnæs, G. & Lauritzen, P. R. (2022, 3. oktober). *Valle*. Henta 11.05.2023 frå:
<https://snl.no/Valle>
- Torp, A. (1998). *Nordiske språk i nordisk og germansk perspektiv*. Novus forlag
- Torp, A. (2001). Norske 'landsdelar' og norsk målføreinddeling – spesielt om Sørlandet og 'sørlandsk'. *Målbryting* 5/2001: 49-83. <https://doi.org/10.7557/malbr.2001.5>
- Universitetet i Agder. (u.å.). *Mer om SONE*. Universitet i Agder. Henta frå:
<https://www.uia.no/senter-og-nettverk/sone-sosiolingvistisk-nettverk/mer-om-soner>

UNRIC FNs regionale informasjonskontor for Vest-Europa. (2019, 16. desember). Setesdals kulturarv på UNESCOs verdensarvliste. Henta frå <https://unric.org/no/setesdals-kulturarv-pa-unescos-verdensarvliste/>

Valle mållag. (u.å., a). *Stutt om vallemålet*. Vallemal. Henta 07.05.2023 frå <https://vallemal.no/talemalet/>

Valle mållag. (u.å., b). *Talemålet - ordklassane*. Vallemal. Henta 07.05.2023 frå <https://vallemal.no/talemalet/ordklassane/>

Valle mållag. (u.å., c). *Ordliste*. Vallemal. Henta 07.05.2023 frå <https://vallemal.no/ordliste/>

Valle mållag. (u.å., d). *Talemålet - Bruk av dativ*. Vallemal. Henta 07.05.2023 frå <https://vallemal.no/talemalet/bruk-av-dativ/>

Venås, K. (1991). *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*. Novus forlag.

Viki, I. (1980). *Generasjonsskilnad i substantivbøyingi i Setesdalsmålet*. Hovudoppgåve ved institutt for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo

Åkre, T. (1962). *Jol i Setesdal*. Hovet, S. (Red.)

Samandrag

Kristian Thaule

Talemålsutvikling i Valle: Korleis utviklar talemålet seg til elevar frå 5.-10. klasse på Valle skule anno 2023?

Masteroppgåve i norsk didaktikk

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag

Universitetet i Agder, våren 2023

I denne oppgåva har eg hatt som målsetting å sjå på talemålsutvikling i Valle. Undersøkinga har registrert talemålet til to informantgrupper frå 5.-10. klasse på Valle skule. Informantane har gitt empiri til oppgåva ved å reflektere, utforske og samanlikne kring talemål og andre talemålsvariantar knytt til læreplanmåla i norsk etter 7. og 10. trinn. Eg har tatt i bruk fire forskingsspørsmål. Dei er som følgjande:

- I kor stor grad ligg vallemålet til elevane innmed det tradisjonelle vallemålet?
- Kva slags grunnar ligg bak at bruken av vallemål er på vikande front?
- Er det teikn til at det er enkelte grupper av elevar der bruken av vallemål er meir utbreitt?
- Kva er grunnane til at elevar med vallemål i nære relasjonar (foreldre og søsken) ikkje sjølv nyttar seg av vallemålet?

Informantgruppe 1 er elevar som snakkar vallemål i det daglege. Eg undersøkte denne informantgruppa kvantitativt med ti språklege variablar knytt til tre språklege nivå. Dei fonologiske variablane er diftongering, *dd-ll*, framlyd av pronomenet «*Kven*» og bortfall av *l* før konsonantar. Innanfor morfologiske variablar brukte eg omlydsvokal av sterke verb presens singular og svarabhaktivokal. Til slutt var dei leksikalske variablane personleg pronomen 1. person eintal og fleirtal, palatal uttale av *k* og *g* i innlyd og nektingsadverbet *ikkje*. Til slutt i intervjuet blei informantane spurt fire kvalitative spørsmål. Informantgruppe 2 er elevar som ikkje snakkar vallemål men som har foreldre eller søsken som gjer det. Denne informantgruppa blei intervjuet med seks kvalitative spørsmål.

I ljøs av metode og saman med teori om blant anna faghistorie, tidlegare forskning på vallemålet, talemålsendring, talemålsspreiing, talemålsvariasjon, talemålsutvikling og språkleg identitet har eg drøfta resultata. Hovudfunna viser at det enno er trekk som er til stades i dialekta til informantgruppe 1. Desse variablane er knytt til ord med *ere*-ending i diftongeringa, dei enkelte orda eg nytta i variabelen *ll-dd*, bortfall av *l* før konsonantar, personleg pronomen 1. person eintal og fleirtal og nektingsadverbet *ikkje*. Halvparten av informantane nyttar seg enno av dei tradisjonelle formene i sterke verb presens singular. Likevel ser ein korleis dialekta er i ferd med å kunne bevege seg på eit dialektkontinuum i retning mot eit regionalt «indre agdersk» eller standardaustlandsk. Dette er fordi det er ein del andre variablar med ein endringsprosent som kan tilseie at det skal ein del til for at nivelleringa skal stoppe opp. Dette gjeld framlyd av pronomenet «*kven*», palatal uttale av *k* og *g* i innlyd og svarabhaktivokal. Det gjeld au i større grad enkelte grupper av ord innanfor diftongering, då spesielt pronomena *eg* og *deg* og ordet *noko*. Omlydsvokal i sterke verb presens singular ligg omtrent midt på grensa for endringane. Saman med informantgruppe 2 ser ein korleis utviklinga kan gå då informantane er språkleg påverka av mødre som ikkje snakkar vallemål. Ein kan forklare talemålsutviklinga på Valle skule med indre og ytre faktorar som verkar saman i å forenkle målet saman med mobilitet, akkomodasjon, konvergens og eit svekka talemålsnettverk der ein ikkje lenger vil ha ein struktur som legg til rette for å halde oppe bruken av vallemålet.

Summary

Kristian Thaulé

Speech language development in Valle: How does the speech language develop for pupils from 5th to 10th grade at Valle school in 2023?

Master thesis in Norwegian didactics

Faculty of Humanities and Education

Department of Nordic and Media Studies

University of Agder, spring 2023

In this thesis, my aim has been to look at the spoken language development in Valle. The survey has recorded the spoken language of two groups of informants from 5th to 10th grade at the school in Valle. The groups of informants have given empirical evidence to the thesis by reflecting, exploring, and comparing spoken language and other spoken language variants related to the curriculum in Norwegian after 7th and 10th grade. I have used four questions that will be researched. They are:

- To what extent does the spoken language of the pupils in Valle lie within the traditional dialect in Valle?
- What reasons lie behind the fact that the use of the Valle-dialect is declining?
- Are there signs that there are certain groups of pupils where the use of the Valle-dialect is more widespread?
- What are the reasons that pupils with the Valle-dialect in near family (parents and siblings) do not themselves use the Valle-dialect?

The first group of informants are pupils who use the Valle-dialect on a daily basis. I examined this group of informants quantitatively with ten linguistic variables linked to three linguistic levels. The phonological variables are diphthongization, *dd-ll*, onset of the pronoun *kven* and loss of *l* before consonants. Within the morphological variables, I used umlaut of vowels in strong verbs in the present singular and svarabhakti. Finally, the lexical variables were personal pronouns 1st person singular and plural, palatal pronunciation of *k* and *g* and the negative adverb *ikkje*. At the end of the interview, the informants were asked four qualitative questions. The second group of informants are pupils who do not speak the Valle-dialect but

have parents of siblings who do so. This group of informants was interviewed with six qualitative questions.

I discuss the results together with method and theory about dialectology and sociolinguistics, previous research on the dialect in Valle, how spoken language is changing, spreading, varies, and develops including linguistic identity. The main findings show that the 1st set of informants still have dialect features in their speech. These dialect features are the variables linked to words that end with *-ere* in the diphthongization, words that are part of individual words I used in the variable *ll-dd*, loss of *l* before consonants and personal pronouns 1st person singular and plural and the negative adverb *ikkje*. Half of the 1st set of informants does still use the traditional forms of strong verbs in present singular. Nevertheless, one can see how the dialect is about to move on a dialect continuum in the direction of a regional spoken language from the inner parts of Agder county or a standardized spoken language from the central parts of eastern Norway. This is because there are several other variables with a percentage of change that may indicate that it will be less likely for the levelling of the language to stop. This applies to the variable's onset of the pronoun *kven*, palatal pronunciation of *k* and *g* and svarabhakti. This also applies to certain group of diphthongization, especially the pronouns *eg* and *deg* and the word *noko*. Half of the 1st set of informants does not use the traditional forms of strong verbs in present singular because it lies approximately in the middle of the percentage of change. Together with the second informant group, you can see how the informants are linguistically influenced by mothers who do not speak the Valle-dialect. One can explain the development of spoken language at the school in Valle with internal and external factors that work together with social mobility, accommodation, convergence, and a weakened spoken language network where you no longer have a structure that facilitates the maintenance of the use of the traditional dialect in Valle.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Samtykkeskjema på Visma flyt skole

* Tittel	Innkalling til intervju om dialektbruk til masteroppgåve	* Alternativ 1	Ja, barnet mitt kan bli intervjuet om si dialekt.
Kommentarfelt	<input type="checkbox"/>	* Alternativ 2	Nei, barnet mitt skal ikkje vere med på dette.
* Publiseringsdato	22.11.2022 * Kl. 10:00		
* Frist for svar	02.12.2022 Rediger		
* Publiseres via	<input checked="" type="checkbox"/> Melding/app <input checked="" type="checkbox"/> E-post		
* Publiseringstekst	Kan barnet ditt bli med i eit anonymt intervju om deira bruk av dialekt?		
* Påminnelse sendes	<input checked="" type="checkbox"/> 28.11.2022 * Kl. 15:00		
